



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2002–2003)

Kredittmeldinga 2001

Innhald

1	Innleiing	5	4	Nokre spørsmål i tilknytning til finansmarknaden	25
1.1	Oversikt over meldinga	5	4.1	Eigaravgrensingsreglar i norske finansinstitusjonar	25
1.2	Utviklinga på finansmarknaden	5	4.2	Omdanning av sparebankar	25
1.2.1	Bankane	6	4.2.1	Lovendring som opnar for omdanning av sparebankar	25
1.2.2	Forsikringsselskap	8	4.2.2	Søknad frå Gjensidige NOR om endring av konsernstruktur	27
1.2.3	Finansieringsføretak	9	4.3	Kvitvasking og terrorfinansiering .	27
1.2.4	Verdipapirhandel	10	4.3.1	Innleiing	27
2	Finansiell stabilitet	11	4.3.2	Nytt kvitvaskingsdirektiv	27
2.1	Innleiing	11	4.3.3	FN-konvensjonar og resolusjonar om terrorfinansiering	28
2.2	Litt om soliditetskrav o.a. på finansmarknadsområdet	12	4.3.4	FATF – tilrådingar om kvitvasking og tilleggstilrådingar om terrorfinansiering	28
2.2.1	Kapitaldekningsregelverket	12	4.3.5	Gjennomføring av internasjonale reglar og EØS-reglar i norsk rett .	29
2.2.2	Enkelte andre føresegner	13	4.4	Marknads plassar for varederivat ..	29
2.2.2.1	Krav til solvensmargin og solvensmarginkapital i forsikring .	13	5	Regelverksutvikling og forvaltningssaker på finansmarknadsområdet	30
2.2.2.2	Marknadsrisiko	13	5.1	Regelverksutvikling	30
2.2.2.3	Banksikringslova og garantiordningar i forsikring	13	5.1.1	Bank- og finansieringsverksemd ..	30
2.2.2.4	Store engasjement	13	5.1.2	Forsikringsverksemd og pensjonsordningar	30
2.2.2.5	Tapsforskrifta	13	5.1.3	Verdipapirhandel	31
2.3	Marknadsrisiko og utviklinga i aksje- og rentemarknader den siste tida	14	5.1.4	Rekneskap og revisjon	32
2.4	Oppgjersrisiko	14	5.1.5	Anna	32
2.4.1	Kredittrisiko	15	5.2	Oversikt over viktige forvaltningssaker	33
2.4.1.1	Kredittrisiko ved lån til hushaldningane	15	6	Verksemda i Noregs Bank i 2001	36
2.4.1.2	Kredittrisiko ved lån til ikkje-finansielle føretak	15	6.1	Årsmeldinga for 2001	36
2.4.2	Likviditetsrisiko	16	6.1.1	Leiing og administrasjon	36
2.4.3	Risiko i betalingssystema	17	6.1.1.1	Hovudstyret	36
2.5	Sårbarheit i finansiell sektor	17	6.1.1.2	Representantskapet	37
2.5.1	Bank	17	6.1.1.3	Personalet	37
2.5.2	Forsikring	17	6.1.1.4	Bruken av ressursar i Noregs Bank	38
2.6	Avsluttande merknader	18	6.1.2	Nærare om verksemda til Noregs Bank i 2001	39
3	Lærdom av finansskandalane i USA og oppfølging i Noreg	19	6.1.2.1	Pengepolitikken	39
3.1	Innleiing	19	6.1.2.2	Kapitalforvaltning	41
3.2	Rekneskapsreglane	19	6.1.2.3	Finansiell stabilitet – overvaking av finansmarknadene	42
3.3	Revisjon – sjølvstende og objektivitet	20			
3.4	Kontroll og handheving av rekneskapsreglar	22			
3.5	Finansanalysar o.a.	23			
3.6	Kontrollmekanismar knytte til føretaket sjølv	23			
3.7	Sluttmerknader	23			

6.1.2.4	Betalingssystem og betalingsmiddel	43	10.5	Resultatet til Folketrygdfondet i 2001	62
6.1.2.5	Statistikkarbeid og kontrolloppgåver	45	11	Om verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF)	63
6.1.2.6	Internasjonalt samarbeid	46	11.1	Innleiing	63
6.1.2.7	Anna verksemd – Informasjonsverksemd	46	11.2	Oppgåvene til IMF	63
6.2	Rekneskap og budsjett for 2001 ...	47	11.2.1	Økonomisk overvaking	63
6.2.1	Balansen 31. desember 2001	47	11.2.2	Førebygging og handtering av kriser	64
6.2.1.1	Noregs Banks aktiva	47	11.2.2.1	Etterleving av standardar og kodar	64
6.2.1.2	Noregs Banks passiva	48	11.2.2.2	Restrukturering av statsgjeld	64
6.2.2	Resultatrekneskapen for 2001	48	11.2.3	Utlån og kondisjonalitetskrav	65
6.2.2.1	Disponering av resultatet i 2001 ...	49	11.2.3.1	Utlån	65
7	Verksemda til Kredittilsynet i 2001	50	11.2.3.2	Kondisjonalitetskrav	65
8	Verksemda i Statens Banksikringsfond i 2001	52	11.2.4	Utviklinga i kriselanda og IMF si rolle	66
8.1	Det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond	52	11.2.4.1	Tyrkia	66
8.2	Organisasjon og leiding	52	11.2.4.2	Argentina	66
8.3	Verksemda i 2001	52	11.2.4.3	Brasil	66
8.4	Rekneskapen for 2001	52	11.2.4.4	Uruguay	67
9	Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 2001 ...	54	11.2.5	Teknisk assistanse	67
9.1	Det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond	54	11.2.6	Arbeid mot fattigdom	67
9.2	Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond	54	11.2.6.1	Gjeldsinitiativet	67
9.3	Rekneskap og balanse i 2001	54	11.2.6.2	Strategiar for reduksjon av fattigdom (PRSP-prosessen) og anna arbeid mot fattigdom	68
9.4	Verdiutvikling for aksjeporteføljen som Statens Bankinvesteringsfond forvalta i 2001	55	11.3	Ressursar og samarbeidspartnarar	68
9.5	Sal av aksjar i DnB	55	11.3.1	Tilgangen på finansielle ressursar	68
9.6	Strukturelle endringar i DnB	57	11.3.1.1	Generelt	68
9.6.1	DnB overtek Unit Linked forsikringsselskap	57	11.3.1.2	Kvotar	69
9.6.2	DnB overtek Skandia Asset Management	57	11.3.1.3	Spesielle trekkrettar	69
9.6.3	Fusjons- og oppkjøpstilbod på Storebrand	57	11.3.2	Bruken av ressursane	69
9.6.3.1	Oppkjøpstilbod frå Sampo i 2001 ..	57	11.3.2.1	Samla utlån	69
9.6.3.2	Forslag til avtale om fusjon mellom DnB og Storebrand i 2002	58	11.3.2.2	Restanseproblematikken	70
10	Verksemda til Folketrygdfondet i 2001	59	11.3.3	Samarbeid med andre organisasjonar	70
10.1	Innleiing	59	11.4	Særskilde forhold som gjeld Noreg	70
10.2	Styre og administrasjon	59	11.4.1	Deltaking i PRGF	70
10.3	Reglar for plasseringsverksemda .	60	11.4.2	Artikkel IV-konsultasjon	70
10.4	Balansen til Folketrygdfondet i 2001	61	Vedlegg		
			1	Saker behandla av Finansdepartementet i 2001 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover	71

St.meld. nr. 8

(2002–2003)

Kredittmeldinga 2001

*Tilråding frå Finansdepartementet av 18. oktober 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

1.1 Oversikt over meldinga

Finansdepartementet legg med dette fram Kredittmeldinga 2001.

I kapittel 1 blir det gitt generell informasjon om finansinstitusjonane og verdipapirhandelen i 2001, medan kapittel 2 handlar om den finansielle stabiliteten, og gir nyare informasjon om utviklinga i finansmarknaden. I kapittel 3 er det ei omtale av finansskandalane i USA. Kapittel 4 handlar om nokre spørsmål i tilknytning til finansmarknaden, og omtalar mellom anna eigaravgrensingsreglar i norske finansinstitusjonar, omdanning av sparebankar, kvitvasking og terrorfinansiering og marknads plassar for varederivat. Kapittel 5 handlar om hovudtrekka i regelverksutviklinga og dei viktigaste enkeltsakene som departementet og Kredittilsynet har behandla på finansmarknadsområdet i 2001. Kapittel 7 omtalar verksemda til Kredittilsynet i 2001. Vidare er det ein omtale av verksemda til Noregs Bank (kapittel 6), Statens Banksikringsfond (kapittel 8) og Statens Bankinvesteringsfond (kapittel 9) i 2001. Omtalen av verksemda til desse institusjonane er pålagd ved lov, jf. sentralbanklova § 28, banksikringsfondslova § 8 og bankinvesteringsfondslova § 6. Omtalen i dei nemnde kapitla byggjer i stor grad på årsmeldingane frå institu-

sjonane. Kapittel 10 tek opp verksemda til Folkestrygdfondet i 2001, og kapittel 11 omtalar verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF).

Sjølv om meldinga gjeld for år 2001, er omtalen på nokre punkt utvida til også å ta med utviklinga i 2002. Årsmeldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folkestrygdfondet for år 2001 følgjer som utrykte vedlegg til meldinga.

1.2 Utviklinga på finansmarkanden

Svakare konjunkturutvikling, fall i aksjemarknadene og konkurranse førte til noko svakare resultat både for sparebankane og forretningsbankane i 2001, samanlikna med dei gode resultatane for 2000 og 1999. Det var særskilt ein auke i tap på utlån som medverka til svekt resultat for begge grupper bankar.

Negativ utvikling i verdipapirmarknaden førte til svake resultat for forsikringsselskapa i 2001. Gjennom året blei soliditeten i livsforsikringsselskapa sterkt svekt. Det verdijusterte resultatet, som måler resultatet korrigert for gevinstar og tap i verdipapirmarknaden, blei negativt. Rekneskapsresultatet til selskapa var svakt positivt. For skade-

forsikringsselskapa synte forsikringstilknytt verksemd ei betring, men lågare finansinntekter medverka til eit svært svakt resultat av ordinær verksemd.

1.2.1 Bankane

Både forretningsbankane og sparebankane hadde ein nedgang i resultat av ordinær verksemd i 2001, samanlikna med 2000. Forretningsbankane hadde samla eit resultat av ordinær drift før skatt på 6,7 milliardar kroner, som var 1,4 millionar svakare enn året før. Resultat av ordinær verksemd i sparebankane var 7,2 milliardar kroner i 2001, ein nedgang på 2,2 milliardar kroner samanlikna med året før. Nedgangen i resultat for sparebankane hadde samanheng med at sparebankane i 2000 hadde monalege inntekter frå sal av aksjar i Fellesdata. Ser ein bort frå desse inntektene, var resultatet berre noko svakare i høve til forvalta kapital.

Press på rentemarginane har over lang tid redusert netto renteinntekter i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital både for forretningsbankane og sparebankane. Medan sparebankane framleis hadde ein nedgang i netto renteinntekter i høve til forvalta kapital i 2001, var det ei stabilisering av netto renteinntekter i forretningsbankane. Målt i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital hadde dei tre største forretningsbankane ei nettorente på 1,95 prosent, medan resten av forretningsbankane hadde ei nettorente på 1,79 prosent. Sparebankane har framleis ei høgare nettorente målt i høve til forvalta kapital enn forretningsbankane, og dei små og mellomstore bankane har eit høgare nivå på nettorenta enn dei store bankane. Den største sparebanken hadde ei nettorente på 2,16 prosent, dei nest største hadde 2,43 prosent, medan dei mellomstore og mindre sparebankane hadde ei nettorente på 2,93 prosent.

Forretningsbankane hadde ein auke i andre inntekter (utanom kursgevinstar på verdipapir) på 6 prosent samanlikna med 2000. Som følgje av den negative utviklinga på aksjemarknaden blei inntekter frå aksjar redusert monaleg i 2001. Sjølv med betring i inntektene frå valuta og derivat var inntektene frå verdipapirverksemda lågare enn året før. Som for forretningsbankane auka sparebankane andre inntekter med 5 prosent. Den negative utviklinga i verdipapirmarknaden førte til ein reduksjon i netto kursgevinstar, i hovudsak netto kurstap på aksjar.

Både forretningsbankane og sparebankane har senka dei relative kostnadene samanlikna med 2000. For forretningsbankane fall kostnadene frå 1,92 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 2000 til 1,88 prosent i 2001. Kostnadene for sparebankane gjekk ned med 0,14 prosentpoeng i same periode, og utgjorde 1,80 prosent av forvalta kapital i 2001.

Det var særleg auke i tap på utlån som medverka til svekt resultat for begge bankgrupper. Bankane har i ein lang periode bokført låge tap på utlån. Dette har medverka til gode resultat. Samla tap på utlån i forretningsbankane i 2001 utgjorde 0,28 prosent av forvalta kapital, ein auke på 0,17 prosentpoeng i høve til 2000. Nivået på tap i høve til forvalta kapital var også for sparebankane 0,28 prosent. Dette var 0,05 prosentpoeng høgare enn i 2000. Misleghaldne lån i forretningsbankane auka med 12 prosent, medan sparebankane hadde ein auke i talet på misleghaldne lån på 19 prosent samanlikna med eitt år tidlegare.

Avkastninga på gjennomsnittleg eigenkapital for dei største forretningsbankane, målt ved resultat av ordinær drift etter skatt, auka til 14,8 prosent i 2001 frå 14,7 prosent i 2000. For dei resterande forretningsbankane fall eigenkapitalavkastninga frå 13,9 prosent i 2000 til 7,5 prosent i 2001. For

Tabell 1.1 Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for forretningsbankane

	1999 ¹⁾	2000	2001
Netto renteinntekter	2,03	1,93	1,93
Andre inntekter	1,15	1,26	1,19
av dette kursgevinstar/tap verdipapir og valuta	0,34	0,32	0,27
Andre kostnader	2,02	1,92	1,88
Resultat før tap	1,15	1,27	1,24
Tap på utlån og garantiar	0,06	0,11	0,28
Resultat av ordinær drift før skatt	1,11	1,16	0,90

¹⁾ Tal for 1999 er påverka av at Sparebanken NOR tok over Gjensidige Bank, og at DnB tok over Postbanken.

Kjelde: Kredittsynet, skjema for hovudtal

Tabell 1.2 Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital for sparebankane

	1999	2000	2001
Netto renteinntekter	2,83	2,70	2,54
Andre inntekter	0,98	0,80	0,69
av dette kursgevinstar/tap verdipapir og valuta	0,24	0,08	0,04
Andre kostnader	2,09	1,94	1,80
Resultat før tap	1,73	1,55	1,44
Tap på utlån og garantiar	0,23	0,23	0,28
Resultat av ordinær drift før skatt	1,62	1,81	1,21

Kjelde: Finansdatabasen

Tabell 1.3 Balansepostar for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg) i milliardar kroner og i vekst i prosent frå året før

	1999		2000		2001	
Mrd. kroner	Mrd. kroner	Vekst i pst.	Mrd. kroner	Vekst i pst.	Mrd. kroner	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto)	479	20 (7) ¹⁾	527	10 (4) ¹⁾	540	5 (7) ¹⁾
Innskot frå kundar	340	34 (9) ¹⁾	362	6	380	5 (7) ¹⁾
Forvalta kapital	658	19 (6) ¹⁾	715	9	732	2

¹⁾ Vekst i parentes er korrigert for overføringar av utlånsporteføljær

Kjelde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal

Tabell 1.4 Balansepostar for sparebankar

	1999		2000		2001	
Mrd. kroner	Mrd. kroner	Vekst i pst.	Mrd. kroner	Vekst i pst.	Mrd. kroner	Vekst i pst.
Utlån til kundar (brutto)	404	19 (14) ¹⁾	462	14 (13) ¹⁾	517	12
Innskot frå kundar	288	16	321	12	353	10
Forvalta kapital	488	21	560	15	625	12

¹⁾ Vekst i parentes er korrigert for overføringar av utlånsporteføljær

Kjelde: Finansdatabasen

sparebankane fall eigenkapitalavkastninga frå 16,8 prosent til 10,9 prosent i same periode. Dei største sparebankane har ei høgare avkastning på eigenkapitalen enn dei mindre bankane.

Forretningsbankane hadde ein årleg vekst i utlån på 7,2 prosent (korrigert for overføring av utlånsporteføljær) ved utgangen året. Veksten var noko høgare enn ved utgangen av tredje kvartal (7,1 prosent), men lågare enn i dei to første kvartal i 2001. Sparebankane hadde ein årsvekst i utlån på 11,8 prosent (korrigert for overføring av utlånsporteføljær), ein auke frå 10,6 prosent eit kvartal tidlegare.

Lågare vekst i utlån, samstundes med at forretningsbankane har henta inn ny kapital, har ført til styrking av kjernekapitaldekninga til forretnings-

bankane. Ved utgangen av 2001 hadde forretningsbankane ei kjernekapitaldekning på 8,7 prosent, mot 7,8 prosent for eitt år sidan. Sparebankane si kjernekapitaldekning auka frå 10,9 prosent ved utgangen av 2000 til 11,0 prosent ved utgangen av 2001. Ved ei forskriftsendring i april 2001 blei grensa for lån med pantetrygging i bustad med risikovekt på 50 prosent auka frå 60 til 80 prosent av forsvarleg verdigrunnlag. Endra reglar førte til at kjernekapitaldekninga auka med om lag 0,1 prosentpoeng for forretningsbankane og 0,4 prosentpoeng for sparebankane.

Alle forretningsbankane og alle sparebankane oppfylte ved utgangen av 2001 lovkravet til kapitaldekning på 8 prosent. To forretningsbankar og to sparebankar rapporterte ei kjernekapitaldek-

ning på under 8 prosent, og var såleis avhengige av tilleggskapital for å oppfylle minstekrava til soliditet i lova. Det er i hovudsak ansvarleg lånekapital som utgjer tilleggskapitalen.

1.2.2 Forsikringsselskap

Skadeforsikringsselskapa hadde i 2001 eit underskot i resultat av ordinær verksemd på 1 430 millionar kroner, som svarar til minus 8,5 prosent av premieinntekter for eiga rekning. I 2000 hadde selskapa eit overskot på 235 millionar kroner. Årsaka til det svake resultatet er først og fremst låge finansinntekter som følgje av den svake utviklinga i verdipapirmarknadene i 2001.

Det tekniske resultatet (resultat før finansinntekter) var 324 millionar kroner i 2001 mot 456 millionar kroner i 2000. Teknisk resultat blei i 2000 påverka positivt av nedgangen i tryggingssavsetningane i eit selskap under avvikling. Om ein ser bort ifrå dette selskapet, var det tekniske resultatet betre i 2001 enn i 2000.

Skadeforsikringsmarknaden er dominert av dei fire største skadeforsikringsselskapa, If Skadeforsikring NUF, Gjensidige NOR Forsikringsgruppen, Vesta Skadekonsern og Sparebank 1 Skadeforsikring. Den norske filialen av If er under tilsyn av den svenske Finansinspektionen, og har dermed ikkje ordinær rapporteringsplikt til Kredittilsynet. Dei tre største skadeforsikringsselskapa, når ein ser bort frå If Skadeforsikring, hadde eit teknisk resultat for 2001 på minus 92 millionar kroner mot minus 405 millionar kroner for 2000. Resultatet av ordinær verksemd var derimot svakare enn for 2000, eit underskot på 1 562 millionar kroner i 2001 mot eit underskot på 480 millionar kroner året før. Tabell 1.5 syner dei viktigaste resultatpostane for dei tre skadekonserna i 2000 og 2001.

Den samla forvalta kapitalen i dei tre største skadeforsikringskonserna var ved utgangen av 2001 på 39,3 milliardar kroner. Dette er 4,4 prosent høgare enn ved utgangen av 2000. Plasseringar i kortsiktige aksjar og fondsdelar utgjorde 18,5 prosent av samla forvalta kapital. Samla forvalta kapital i skadeselskapa, inkludert dei utanlandske filialane, var 96,5 milliardar kroner. Filialar av utanlandske selskap utgjer ein stor del av den norske skademarknaden. Den samla forvalta kapitalen til dei utanlandske filialane var 26 milliardar kroner ved utgangen av 2001.

Alle skade- og kredittforsikringsselskapa fylte ved utgangen av 2001 det lovfesta minstekravet om kapitaldekning på 8 prosent. Negative resultat dei siste åra har redusert den ansvarlege kapitalen mo-

naleg. Samla ansvarleg kapital fall med 11,1 prosent samanlikna med året før. Solvensmarginkapitalen utgjorde 577 prosent av solvensmarginkravet ved utgangen av 2001, ein nedgang frå 654 prosent eitt år tidlegare.

Det verdijusterte resultatet i livselskapa for 2001 var minus 4,5 milliardar kroner, mot minus 6,7 milliardar kroner i 2000. Underskotet svarar til 1,2 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. I 2000 hadde livselskapa eit verdijustert underskot som utgjorde 1,8 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital. Som for skadeselskapa var resultatet påverka av nedgangen i verdipapirmarknaden. Kursreguleringsfondet i livselskapa, som er skilnaden mellom prisen i marknaden og kjøpspris på verdipapira, gjekk ned frå 7,9 milliardar kroner til 1,2 milliardar kroner frå utgangen av 2000 til utgangen av 2001. Det bokførte resultatet for 2001 var 2,1 milliardar kroner i overskot, som svarar til 0,6 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i selskapa, mot 12,6 milliardar kroner og 3,5 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital i 2000. Tabell 1.6 syner dei viktigaste resultatpostane i livselskapa i 2000 og 2001.

Ved utgangen av 2001 hadde livselskapa ein samla forvalta kapital på 396 milliardar kroner, mot 369 milliardar kroner ved utgangen av 2000. Aksjar som blir haldne som omløpsmiddel, har auka som del av balansen gjennom fleire år, men blei monaleg redusert ved utgangen av 2001. Samanlikna med utgangen av 2000 fall aksjedelen med 10 prosentpoeng og utgjorde 20 prosent av forvalta kapital ved utgangen av 2001. Utanlandsdelen av aksjebeholdninga til selskapa viste i same periode nedgang frå 69 prosent til 63 prosent.

Store beholdningar av aksjar og obligasjonar gjer livselskapa sårbare for fall i verdipapirmarknadene. Kjernekapital ut over kravet, tilleggsavsetnader og kursreguleringsfond er dei viktigaste bufferane mot denne marknadsrisikoen. Det er derfor svært viktig at livselskapa sjølv heile tida tilpassar beholdninga si av ulike verdipapir til storleiken på bufferkapitalen. Livselskapa sin bufferkapital var nær null då aksjemarknaden nådde botnen 21. september 2001. Positiv utvikling i aksjemarknaden i fjerde kvartal, saman med styresmaktene sine soliditetstiltak, førte til at bufferkapitalen auka til 18,0 milliardar kroner. Alle livsforsikringsselskapa oppfylte kravet til kapitaldekning ved utgangen av 2001, og gjennomsnittleg kapitaldekning var 13,2 prosent.

Selskapa som tilbyr livsforsikring med investeringsval, fekk eit underskot på 87 millionar kroner i 2001, mot eit underskot på 15 millionar kroner eitt år før. Premieinntektene var 4,1 milliardar kro-

Tabell 1.5 Resultatpostar for dei tre skadekonserna samla. Millionar kroner og i prosent av premieinntekter for eiga rekning (f.e.r.)

	2000		2001	
	Mill.kr	%	Mill.kr	%
Premieinntekter f.e.r.	12 904		14 417	
Pådregne skadar f.e.r.	11 481	89,0	12 033	83,5
Forsikringsrelaterte driftskostnader f.e.r.	3 421	26,5	3 525	24,5
Teknisk resultat	-405	-3,1	-92	-0,6
Netto finansinntekter	1 629	12,6	327	2,3
Resultat av ordinær verksemd	-480	-3,7	-1 562	-10,8

Tabell 1.6 Resultatpostar i livsforsikring. Millionar kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital

	2000		2001	
	Mill.kr	%	Mill.kr	%
Premieinntekter	29 445	8,1	37 813	9,7
Inntekter frå finansielle eigneluter	63 888	17,5	59 427	15,3
Erstatningar	26 867	7,4	27 959	7,2
Endringar i forsikringsavsetningar	20 017	5,5	19 860	5,1
Forsikringsrelaterte kostnader og adm.kostnader	3 411	0,9	3 475	0,9
Overskot før fordeling og skatt	12 570	3,5	2 132	0,6
Verdijustert resultat før fordeling og skatt	-6 685	-1,8	-4 510	-1,2

ner, medan forvalta kapital auka frå 10,7 milliardar kroner ved utgangen av 2000 til 12,4 milliardar kroner ved utgangen av 2001. Aksjar og aksjefond utgjorde 61 prosent av forvalta kapital i selskapa, ein nedgang frå 74 prosent ved utgangen av 2000. Det er i all hovudsak forsikringskundane som sit med risikoen knytt til aksjeinvesteringane i desse selskapa.

1.2.3. Finansieringsføretak

Finansieringsselskapa betra resultatet av ordinær drift før skatt med 82 millionar kroner til 1 036 millionar kroner frå 2000 til 2001. Målt i høve til forvalta kapital var resultatet svekt med 0,04 prosentpoeng til 1,82 prosent. Auken i andre inntekter og lågare kostnader har ikkje klart å kompensere nedgangen i netto renteinntekter. Nedgang i dei korte rentene i 2001 gav lågare fundingkostnader og medverka til høgare netto renteinntekter. Over lengre tid har likevel den auka konkurransen i den norske marknaden pressa marginane nedover. Totalt var netto renteinntekter, målt i høve til forvalta kapital, stabile samanlikna med året før. Tap på utlån auka samanlikna med 2000, og utgjorde 0,47 prosent av gjennomsnittleg forvalta kapital.

Finansieringsselskapa hadde ein årleg vekst i utlån på 13,1 prosent ved utgangen av 2001, mot 16,2 prosent ved utgangen av tredje kvartal.

Kredittføretaka hadde eit resultat av ordinær drift på 1 290 millionar kroner i 2001. Resultatet utgjorde 0,55 prosent av forvalta kapital, det same som året før. Netto renteinntekter auka svakt i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, medan auka tap på utlån medverka negativt i høve til resultatet. Kredittføretaka hadde i 2001 eit netto kurstap på verdipapir, mot ein netto kursgevinst i 2000.

Kredittføretaka auka utlån til kundar med 14,7 prosent i 2001. Ved utgangen av tredje kvartal var årleg vekst i utlån 14,3 prosent.

Ved utgangen av 2001 hadde finansieringsselskapa ei samla kjernekapitaldekning på 9,8 prosent. Dette var ein nedgang på 1,3 prosentpoeng samanlikna med 2000. Alle selskapa oppfylte minstekravet til kapitaldekning på 8 prosent. Seks selskap dekte ikkje inn kravet til kapitaldekning med kjernekapital.

Gjennomsnittleg kjernekapitaldekning for kredittføretaka var 11,1 prosent ved utgangen av 2001, som var ein nedgang på 1,9 prosentpoeng samanlikna med året før. Tre føretak oppfylte ikkje kravet

til kapitaldekning med kjernekapital. Alle føretaka oppfylte minstekravet til kapitaldekning ved utgangen av 2001.

1.2.4 Verdipapirhandel

Omsetninga på Oslo Børs var 566 milliardar kroner i 2001. Dette var ein nedgang på 7 prosent samanlikna med 2000. Marknadsverdien av eigenkapitalinstrumenta som var noterte ved Oslo Børs, var ved utgangen av 2001 på 677 milliardar kroner, ein auke på om lag 6 prosent frå 2000. I 2001 blei det emitert aksjar for 28,5 milliardar kroner.

Driftsinntektene til verdipapirføretaka varierer med utviklinga i verdipapirmarknadene. Dei samla driftsinntektene for alle føretaka var på 7,3 milliardar kroner i 2001. Dette er om lag 1 milliard kroner, eller om lag 12 prosent lågare enn i 2000. Inntektene frå kurtasjehandel i eigenkapitalinstrument for alle verdipapirføretaka blei totalt 1,4 milliardar kroner i 2001. Inntektene frå kurtasje i eigen-

kapitalinstrument utgjorde 19 prosent av dei samla driftsinntektene for alle verdipapirføretaka. Inntektene frå kurtasje i eigenkapitalinstrument var 234 millionar kroner i verdipapirføretak som er ein integrert del av anna bankverksemd, og 1 153 millionar i ordinære verdipapirføretak. I 2000 var dei samla inntektene frå kurtasjehandel i eigenkapitalinstrument på 2,1 milliardar kroner, og utgjorde 25 prosent av dei totale driftsinntektene. Inntektene frå kurtasje knytt til eigenkapitalinstrument blei dermed 678 millionar kroner lågare i 2001 enn året før. Dette er eit fall på 33 prosent.

Forvaltningskapitalen i norske verdipapirfond var 135 milliardar kroner ved utgangen av året. Dette er ein nedgang på 10,7 milliardar kroner samanlikna med 2000. Netto nyteikning i 2001 var 5,4 milliardar kroner. Forvaltningskapitalen i internasjonale verdipapirfond var 46,4 milliardar kroner. Ved utgangen av 2001 var det 2,4 millionar deleigarar i norske verdipapirfond, mot 2,3 millionar året før.

2 Finansiell stabilitet

2.1 Innleiing

Både nasjonale styresmakter og internasjonale organ er involverte i arbeidet med å sikre finansiell stabilitet, og internasjonalt samarbeid på området har blitt utvida. Det kan nemnast at det internasjonale valutafondet (IMF) er ein sentral aktør i det internasjonale arbeidet, og har mellom anna eit hovudansvar for å fremme stabiliteten i det internasjonale monetære systemet. Kapittel 9 omtalar verksemda til IMF. I dette kapitlet om finansiell stabilitet blir det lagt vekt på forhold som er viktige for finansiell stabilitet innanlands.

Dersom det skjer ei forstyrring i det finansielle systemet som i monaleg grad svekkjer måten det fungerer på, blir det i mange tilfelle omtala som ei finansiell krise. Ser ein nærare på innanlandske forhold, kan ei slik krise utløysast av at fleire større institusjonar blir ramma av problem samtidig, slik at normal drift er umogleg. Sjølv om institusjonane er uavhengige av kvarandre kan dei bli ramma samtidig, for eksempel ved eit fall i bustadprisar eller auke i arbeidsløyse. Ei finansiell krise kan og oppstå fordi problem forplantar seg frå ein institusjon til ein annan. Enkelte institusjonar kan òg vere så viktige at problem i denne institusjonen åleine kan vere opphav til problem for systemet som heilskap. Finansiell stabilitet inneber at slike finansielle kriser er fråverande eller lite sannsynlege, og kan ikkje sikrast berre gjennom solide enkeltinstitusjonar, men krev at ein ser både finansinstitusjonar, det finansielle systemet og regelverket i samanheng. Ei finansiell krise kan likevel gå ut over eller ha sitt utspring i delar av det finansielle systemet, og før ein går nærare inn på finansiell stabilitet, kan det derfor vere formålstenleg å sjå nærare på det finansielle systemet og dei ulike delane av det.

Det finansielle systemet kan delast i tre hovud-element: finansinstitusjonar, finansmarknader og finansiell infrastruktur. Gjennom funksjonane sine medverkar finansmarknaden til transformasjon av sparing til lån uavhengig av storleik, likviditet og omfordeling av risiko. Eit eksempel på transformasjon av storleiken er at store føretak finansierer seg med mange små aksjar. Desse aksjane er likvide eigneluter sjølv om dei investeringane dei finan-

sierer, er langsiktige. Risikoen i investeringsprosjektet er ulikt fordelt mellom eigen- og framandkapitalen i selskapet. Verdipapirmarknaden medverkar gjennom dette til å fordele risiko mellom ulike grupper. Finansiell infrastruktur er i hovudsak betalings- og oppgjerssystema. Betalingssystemet bidreg til å formidle betalningar mellom kjøparar og seljarar av varer og tenester. Finansinstitusjonar er i vid forstand institusjonar som er involverte i marknaden beståande av kapitaltilbydarar og kapitaletterspørjarar. Institusjonane spesialiserer seg i funksjonar som innskot, utlån, betalingsformidling, forsikring, valutaveksling eller andre tenester. Finansinstitusjonane spelar ei sentral rolle i gjennomføringa av dei nemnde funksjonane og er derfor viktige for korleis økonomien verkar. Blant finansinstitusjonane spelar bankane ei spesielt viktig rolle i det finansielle systemet, mellom anna fordi dei transformerer innskot til utlån og formidlar betalningar og sørgjer for at sjølv betalningssystemet fungerer. Slike aktivitetar eksponerer bankane for risiko. Også andre aktivitetar i finansmarknaden eksponerer finansinstitusjonane for ulike former for risiko.

Det er vanleg å dele risikoen i finansmarknaden inn i ulike kategoriar. Marknadsrisiko er i hovudsak risiko for tap på posisjonar i og utanfor balansen som følge av endringar i verdien på renter (mellom anna obligasjonskursar), valutakursar og eigenkapitalverdiar (mellom anna aksjekursar). Oppgjersrisiko omfattar all risiko for tap og likviditetsproblem i samband med avreknings- eller oppgjersfunksjonane. Oppgjersrisiko omfattar mellom anna kredittrisiko, likviditetsrisiko og operasjonell risiko. Desse risikoane blir omtala nærare seinare i kapitlet.

Første del av kapitlet skildrar enkelte sentrale delar av det norske regelverket som har innverknad på soliditeten i norske finansinstitusjonar og finansmarknaden. Det er i første rekkje kapitaldekningsregelverket som blir beskrive, men også andre delar av regelverket, som solvensmarginkravet, marknadsrisiko, banksikringslova og garantiordningar i forsikring, tapsforskrifta og regelverket om store engasjement blir omtala. Regelverket supplerer og set rammer for driftsavgjerdar i kvar

enkelt institusjon, men kan ikkje erstatte det ansvaret kvar institusjon har for eiga drift. Institusjonane må sjølv vurdere jamleg dei risikoane dei er eksponerte for, både enkeltvis og samla.

I den siste delen av kapitlet blir det gjort nærare greie for marknadsrisiko og utvikling i finansmarknadene, kredittrisiko i hushaldningar og føretak, og andre typar risiko som likviditetsrisiko og risiko i betalingssystema. Til slutt blir det gjort nærare greie for sårbarheita i finansiell sektor ved å sjå på sentrale storleikar for bank og forsikring. Talmaterialet og delar av bakgrunnsinformasjonen til dette er i stor grad henta frå rapportar frå Noregs Bank og Kredittilsynet, mellom anna rapportane frå Noregs Banks om finansiell stabilitet og rapportane frå Kredittilsynet om finansinstitusjonar.

2.2 Litt om soliditetskrav o.a. på finansmarknadsområdet

Å leggje til rette for velfungerande, effektive finansmarknader og eit stabilt finansielt system er eit overordna mål for styresmaktene i arbeidet med regulering av og tilsyn med finansinstitusjonar og finansmarknaden elles.

2.2.1 Kapitaldekningsregelverket

Alle norske finansinstitusjonar skal ha ein ansvarleg kapital som utgjer minst 8 prosent av den risikovegne balansen til institusjonane, jf. «lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner» (finansverksemdslova) § 2–9 og særlovene for bank og forsikring. Hovudformålet med kapitaldekningsregelverket er at finansinstitusjonane skal ha ei støytpute i form av ansvarleg kapital for å stå imot den risiko for tap som dei tek på seg ved verksemda si. I tillegg til å tene som ein buffer og vern for innskyttarar og andre kreditorar og eit vern for kundar generelt, er kapitaldekningsregelverket ein del av eit tryggleiksnett som er etablert for å sikre stabiliteten i det finansielle sy-

stemet. Regelverket byggjer på det internasjonale rammeverket gjennom den avtala standarden frå Basel-komitéen og dei korresponderande EU-direktiva. Standarden frå Basel-komitéen blir no revidert, og komitéen planlegg implementering av nytt rammeverk frå 2006. EU arbeider parallelt med arbeidet i Basel-komitéen. Målet med den nye standarden er mellom anna at kravet til den ansvarlege kapitalen skal vere meir sensitivt for den reelle risikoen i bankane.

Med kapitaldekning meiner ein ansvarleg kapital i prosent av dei ulike eignelutspostane, etter at ein har vege desse etter den risikoen dei blir rekna for å representere, jf. nærare reglar om dette i «forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak». For handelsporteføljen er det gitt egne reglar, jf. «forskrift 22. juni 2000 nr. 632 om minstekrav til kapitaldekning for markedsrisiko m.v. for kredittinstitusjoner og verdipapirforetak» (CAD-forskrifta), og rammeverket er i hovudsak det same som for resten av porteføljen. Kravet til ansvarleg kapital kan verke avgrensande på plasseringa av aktiva med høg risikovekt, ettersom slike plasseringar krev meir ansvarleg kapital enn ein eignelutspost med låg risikovekt. Nærare reglar om ansvarleg kapital er gitt i «forskrift 1. juni 1990 nr. 435 om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak». Av forskrifta § 2 går det fram at ansvarleg kapital består av kjernekapital, tilleggskapital og dessutan generelle reserveavsetningar. I forskrifta §§ 6 til 8 er det gitt reglar om avgrensingar og frådrag, og målet med føresegnene er å hindre at den same ansvarlege kapitalen blir rekna med i fleire institusjonar slik at problem i ein finansinstitusjon spreier seg til andre finansinstitusjonar. Kravet til kapitaldekning skal òg oppfyllest på konsolidert basis, jf. finansverksemdslova § 2a-9 og «forskrift 25. mars 1991 nr. 214 om bruk av kapitaldekningsregler på konsolidert basis». Finansverksemdslova § 1–3 andre ledd gir heimel for unntak frå føreseгна.

Mellom anna i forsikringsverksemdslova, forettningsbanklova og sparebanklova er det teke inn føresegnar om dispensasjon. Der går det fram at Kongen delegert til Finansdepartementet i særlege tilfelle og for ein tidsavgrensa periode kan samtykkje i at ein institusjon kan ha ei lågare kapitaldekning enn fastsett¹.

Føreseгна om unntak frå kapitaldekningskrav og offentlig administrasjon utgjer eit tryggingssystem for bankar med låg kapitaldekning. I «lov 6. desember 1996 nr. 75 om sikringsordninger for banker og offentlig administrasjon m.v. av finansin-

¹ Finansdepartementet gav med utgangspunkt i dette heimelsgrunnlaget Sparebank 1 Fondsforsikring AS 30. juli 2002 mellombels dispensasjon frå minstekravet til ansvarleg kapital og kravet om minst 8 prosent kapitaldekning. Gjensidige NOR Spareforsikring AS fekk 1. august 2002 mellombels dispensasjon frå kravet om minst 8 prosent kapitaldekning, og fekk samtidig dispensasjon frå solvensmarginkrava. Sparebank 1 Gruppen AS fekk 18. september 2002 mellombels dispensasjon frå kravet om kapitaldekning på konsolidert basis. Sparebank 1 Livsforsikring AS fekk 18. september 2002 mellombels dispensasjon frå kapitaldekningskravet og kravet til solvensmargin.

stisjoner» (banksikringslova) § 4–5 går det fram at Kongen kan gjere vedtak om at ein institusjon kan setjast under offentlig administrasjon dersom han er ute av stand til å oppfylle kapitaldekningskrava, med mindre det blir gitt samtykke til at institusjonen mellombels har lågare kapitaldekning enn fastsett.

2.2.2 Enkelte andre føresegner

2.2.2.1 *Krav til solvensmargin og solvensmarginkapital i forsikring*

Medan kapitaldekningskravet tek utgangspunkt i aktivasida til kvar enkelt institusjon, tek kravet til solvensmarginkapital utgangspunkt i passivasida, dvs. pliktene, til kvart enkelt forsikringsselskap. I forsikringsverksemdslova § 7–3 femte ledd går det fram at eit forsikringsselskap til kvar tid skal ha ein kapital som er tilstrekkeleg til å dekkje solvensmarginen for den samla verksemda til selskapet. I same føresegn går det òg fram at det er heimel til dispensasjon frå dette kravet. I forskrifter er det fastsett nærare reglar for livsforsikringsselskap og skadeforsikringsselskap om berekningsmåten for solvensmarginen, den kapitalen som kan dekkje kravet, og andre forhold om gjennomføringa av solvensmarginkravet.

2.2.2.2 *Marknadsrisiko*

Både for sparebankar og forretningsbankar gjeld det at den bokførte verdien av bankbeholdninga av aksjar og partar ikkje må gå over 4 prosent av forvaltningskapitalen til banken etter siste års rekneskap. Uavhengig av dette skal den bokførte verdien av ein banks faste eigedommar og av aksjar og partar i selskap som har til formål å eige eller utnytte fast eigedom, ikkje gå over 4 prosent av bankens forvaltningskapital etter siste års rekneskap. Til saman kan banken altså ikkje ha aksjar eller partar som går over 8 prosent av forvaltningskapitalen. Desse avgrensingane går fram av sparebanklova § 24 og forretningsbanklova § 24.

I forsikringsverksemdslova § 7–4 heiter det at eit forsikringsselskap skal sørgje for ei forsvarleg kapitalforvaltning. Nærare reglar er gitt i forskrifta som høyrer til, «forskrift 23. april 1997 nr. 377 om forsikringsselskapers kapitalforvaltning». I denne forskrifta § 7 er det gitt generelle plasseringsgrenser, og det går fram at aksjar og andre eigardelar ikkje kan utgjere meir enn 35 prosent av dei forsikringsmessige avsetningane til eit forsikringsselskap, jf. nærare omtale i St.meld. nr. 2 (1997–1998) Revidert nasjonalbudsjett kapittel 6.3.

2.2.2.3 *Banksikringslova og garantiordningar i forsikring*

Det eksisterer sikringsfond for høvesvis sparebankar og forretningsbankar. Sikringsfonda skal sikre midlane til innskytarane. Fonda kan også yte støtte til medlemmer for å føre vidare verksemda, eller eventuelt for å få overført verksemda til ein annan institusjon. På denne måten kan fonda medverke til å hindre at det oppstår situasjonar der tilliten til banken er så redusert at det oppstår panikk blant innskytarane. Det var slik panikk som oppstod i USA i 1929. Det er ei utbreidd oppfatning at slike ordningar er sentrale for finansiell stabilitet, og ikkje minst for stabiliteten i bankane.

Dei norske sikringsfonda blir regulerte gjennom banksikringslova. Ei eventuell underdekning av innbetalt kapital skal dekkjast opp med garantiar frå medlemsinstitusjonane. Forretningsbankenes sikringsfond hadde ved utgangen av første halvår 2002 ein eigenkapital i overkant av 3 milliardar kroner. Eigenkapitalen tilsva ca. 39 prosent av kravet til ansvarleg kapital. Eigenkapitalen i Sparebankenes sikringsfond utgjorde ved utgangen av første halvår 2002 i underkant av 6 milliardar kroner. Dette tilsva ca. 87 prosent av kravet til ansvarleg kapital.

Det finst i dag garantiordningar for skade- og kredittforsikring, men ikkje for livsforsikring. Hovudformålet med garantiordningane er å hindre eller redusere tap for den sikra etter forsikringskontraktane, dersom økonomien hos ein eller fleire av medlemmene sviktar.

2.2.2.4 *Store engasjement*

I «forskrift 23. april 1997 nr. 376 om tilsyn og kontroll med kredittinstitusjoners og verdipapirforetaks store engasjementer» er det gitt reglar om den høgaste grensa for institusjonane når det gjeld samla engasjement. I forskrifta § 5 første ledd går det fram at ein institusjon ikkje kan ha høgare samla engasjement med ein enkelt kunde enn det som til kvar tid er forsvarleg, og samla engasjement kan ikkje gå over eit beløp tilsvarende 25 prosent av den ansvarlege kapitalen institusjonen har. Engasjementa blir risikovekta etter reglar i forskrifta.

2.2.2.5 *Tapsforskrifta*

Nærare reglar for vurdering av mellom anna tap på utlån og garantiar er gitt i «forskrift 14. desember 1991 nr. 4236 for forretningsbanker, sparebanker, finansieringsforetak og Den norske Industribank

AS om vurdering av tap på utlån, garantier m.v.» (tapsforskrifta). I forskrifta § 3 går det fram at det skal gjennomførast ei bedriftsøkonomisk vurdering av engasjementa i samsvar med gjeldande reglar og god rekneskapsskikk, og gjerast nødvendige avsetningar til å dekkje tap på utlåns- og garantiporteføljen, jf. årsrekneskapsforskrifta § 8–1. Tapsforskrifta er for tida på høyring, og høyringsfrist er 3. oktober 2002.

2.3 Marknadsrisiko og utviklinga i aksje- og rentemarknader den siste tida

Marknadsrisiko er i hovudsak risiko for tap på posisjonar i og utanfor balansen som følgje av endringar i verdien på obligasjonar, valuta og eigenkapitaldelar. Liv- og skadeforsikringsselskapa kan vere eksponerte for monaleg marknadsrisiko ved at til dels store delar av forvaltningskapitalen blir investerte i norske og utanlandske aksjar og obligasjonar, samtidig som forsikringskrava deira er garanterte. Også bankane garanterer for innskota frå kundane. Bankane har ein mindre del av forvaltningskapitalen investert i aksjar og obligasjonar, og er dermed i avgrensa grad eksponert for marknadsrisiko.

Eigen- og framandkapitalbevis blir gjerne noterte hos nasjonale eller regionale børsar. Men investorane er i liten grad fastlåste til desse børsans, og kan, dersom marknadsforholda skulle tilseie det, raskt flytte kapital frå ein børs til ein annan. Forsikringsselskap nyttar i stor grad denne kapitalmobiliteten til å diversifisere aksjeporteføljane sine. Ved utgangen av juli 2002 utgjorde utanlandske aksjar 61 prosent av omløpsaksjane i livsselskapa. Kapitalmobiliteten inneber òg at prisinga av eigen- og framandkapital på dei ulike børsans gjensidig påverkar kvarandre. Dei amerikanske børsans, som òg er dei største, synest i denne samanhengen å utøve størst innverknad. Den gjensidige påverknaden mellom marknadene kan òg forklare at aksjekursane på børsar med stor geografisk avstand svingar med stor grad av samvariasjon.

I år 2001 var det stor nedgang i aksjekursane første kvartal, følgd av oppgang frå april. Aksjemarknadene utvikla seg negativt utover sommaren, og den negative utviklinga blei forsterka av terrorhandlingane mot USA 11. september 2001. Marknadene tok seg noko opp igjen mot slutten av 2001. I løpet av 2001 fall verdsindeksen målt ved Morgan Stanley World Index (local currency) 15,2 prosent, og Oslo Børs hovudindeks fall 14,6 prosent. Frå 1. januar 2002 til 31. juli 2002 har hovudin-

deksen på Oslo Børs falle 18,3 prosent, og verdsindeksen fall 20,2 prosent. Dei fleste aksjemarknader viste ei positiv utvikling i løpet av første kvartal 2002, medan utviklinga var negativ i andre kvartal 2002, og i løpet av sommaren var det kraftige fall i mange av aksjemarknadene. Det er truleg fleire forhold som har ført til fallet i aksjemarknadene. Ein mogleg faktor kan vere usikkerheit knytt til rekneskapstal etter dei såkalla rekneskapsskandalane i USA. Dette er nærare omtala i kapittel 3.

Den amerikanske sentralbanken senka styringsrenta si i 2001 med 4,75 prosentpoeng, frå 6,5 prosent ved inngangen av 2001 til 1,75 prosent ved utgangen av året. Per 31. juli 2002 er styringsrenta framleis 1,75 prosent. Rentenedgangen i Europa var meir moderat enn i USA i 2001. Den europeiske sentralbanken senka si styringsrente med til saman 1,5 prosentpoeng i 2001 til 3,25 prosent ved utgangen av 2001. Per 31. juli 2002 er renta framleis 3,25 prosent. Noregs Bank reduserte si styringsrente med 0,5 prosentpoeng til 6,5 pst 13. desember 2001. Dette var den einaste endringa i 2001. Den 4. juli 2002 auka Noregs Bank styringsrenta med 0,5 prosentpoeng til 7,0 prosent, og per 31. juli 2002 er styringsrenta 7,0 prosent.

2.4 Oppgjersrisiko

Oppgjersrisiko omfattar all risiko for tap og likviditetsproblem i samband med avreknings- eller oppgjersfunksjonane og omfattar mellom anna kreditt- risiko, likviditetsrisiko og operasjonell risiko.

Kredittrisiko er risiko for tap på utlån som følgje av debtors manglande evne eller vilje til å møte pliktene sine. Kredittrisiko ved lån til hushaldningar og føretak blir beskrive nærare i avsnitt 2.4.1 nedanfor. Ved at bankane transformerer kortsiktige innskot eller andre innlån til langsiktige utlån utset også bankane seg for likviditetsrisiko. Likviditetsrisiko er risikoen for at ein finansinstitusjon ikkje klarer å oppfylle pliktene sine når dei forfell, utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar i form av for eksempel prisfall på aktiva som må realiserast, og slik risiko blir omtala i avsnitt 2.4.2. Det at bankane kan låne i Noregs Bank, reduserer likviditetsrisikoen til bankane i vesentleg grad. Operasjonell risiko er risikoen for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar, menneske, system eller på grunn av eksterne hendingar. Operasjonell risiko blir ikkje omtala spesielt. Risiko i betalingssystema blir drøfta kort i avsnitt 2.4.3. Risikoen som oppstår i betalingssystema, er igjen samansett av fleire ulike former for risiko.

2.4.1 Kredittrisiko

2.4.1.1 Kredittrisiko ved lån til hushaldningane

Hushaldningane er mellom anna avhengige av utviklinga i disponible inntekter, rentebelastning og gjeldsbelastning for å kunne betale gjeld. Disponibel inntekt blir i stor grad påverka av arbeidsinntekta, som for dei fleste hushaldningar er den viktigaste inntektskjelda. Arbeidsinntekta er påverka av fleire forhold, og særleg er utviklinga i arbeidsløysa interessant. Sesongjusterte tal frå arbeidskraftundersøkinga (AKU) viser ingen vesentlege endringar i sysselsetjing og arbeidsløysa frå 1. til 2. kvartal 2002. Samanlikna med 2. kvartal 2001 har sysselsetjinga likevel auka med 14 000 og arbeidsløysa har auka med 10 000 personar. Justert for sesongvariasjonar utgjorde dei arbeidslause 3,8 prosent av arbeidsstyrken, mot 3,4 prosent eitt år tidlegare.

Inntektsveksten har frå 1999 og fram til i dag vore lågare enn gjeldsveksten i hushaldningane samla sett. Gjeldsveksten frå utgangen av 2000 til utgangen av 2001 var 10,6 prosent, medan veksten i privat disponibel inntekt var 4,1 prosent frå 2000 til 2001. Hushaldningane samla sett har framleis høg gjeldsvekst. Hushaldningane si bruttogjeld frå innenlandske kjelder hadde i juni 2002 auka med 11,1 prosent frå året før. Gjeldsbelastninga seier noko om nivået på gjeld i forhold til disponibel inntekt. Gjeldsbelastninga² for hushaldningane (gjeld i prosent av disponibel inntekt) var i mars 2002 136,3 prosent. Til samanlikning var gjeldsbelastninga i desember 2001 135,3 prosent. Rentebelastninga gir indikasjonar på om hushaldningane har evne til å betale gjelda med utgangspunkt i disponibel inntekt. Rentebelastninga³ for hushaldningane var i mars 2002 7,07 prosent, medan tilsvarende tal for desember 2001 var 7,10 prosent. Det har dermed vore ein svak nedgang i rentebelastning i denne perioden, sjølv om gjeldsbelastninga aukar. Rentebelastninga utgjer ein forholdsvis liten del av disponibel inntekt for hushaldningane samla sett, og ser dermed ikkje ut til å utgjere nokon fare for hushaldningane si evne til å betale gjeld med det første.

Gjeldsutviklinga har likevel vore svært ulik i

hushaldningsgrupper med ulikt inntektsgrunnlag, jf. SSBs inntekts- og formuesundersøking. Undersøkinga viser at gjeldsbelastninga i perioden frå 1999 til utgangen av 2001 har gått ned for hushaldningar i gruppa som omfattar dei ti prosentane med den høgaste hushaldningsinntekta, medan ho har vore aukande eller konstant for hushaldningane i dei lågare inntektsgruppene. Det er dermed ein langt større del av hushaldningane som har ei høg gjeldbelastning no enn det var på 1980-talet, trass i at nivået på den samla gjeldsbelastninga no er lågare. Dette kan bety at kredittrisikoen for delar av bankutlåna til hushaldningane er høgare enn det ein går ut frå på bakgrunn av gjennomsnittstal for heile hushaldningssektoren.

Ein stor del av bankutlåna til hushaldningane er gitt med pant i bustad. Utviklinga i bustadprisane har såleis innverknad på kredittrisikoen ved lån til hushaldningane. Det kjøparen skytt inn av eigne midlar når han kjøper bustad, aukar differansen mellom verdien av bustaden og storleiken på lånet. For bankens del er slike eigenkapitalinnskott med på å redusere risikoen ved lånet. «Bolíglånsundersøkelsen 2002»⁴ viser at det har vore ein auke i den delen av lån som er gitt med belåningsgrad over 100 prosent av bustadverdien. For ein større del av desse låna enn tidlegare blir det stilt tilleggssikkerheit utover bustaden. Tal frå Norsk Eiendomsmeglerforbund (NEF) viser at bustadprisane er om lag 9 prosent høgare i første halvår 2002 enn i første halvår 2001. Det kan sjå ut som prisane har flata ut etter andre halvår 2002, og dersom bustadprisane held seg sesongjustert uendra ut året, vil bustadprisveksten, basert på tala frå NEF, utgjere 7 prosent frå 2001 til 2002.

Utvikling i forhold som har innverknad mellom anna på kredittrisikoen i samband med lån til hushaldningane, blei òg omtala i St.meld. nr. 1 (2002–2003) Nasjonalbudsjettet 2003.

2.4.1.2 Kredittrisiko ved lån til ikkje-finansielle føretak

Også for føretaka er utvikling i inntekt, rentebelastning og gjeldsbelastning av interesse for å prøve å få eit heilskapleg bilete av kredittrisikoen ved lån til føretaka.

Føretaka si evne til å betale gjeld er avhengig av inntektsutviklinga, men inntektene til føretaka varierer i større grad enn for hushaldningane. Måltal som tek utgangspunkt i inntekta til føretaka på eit gitt tidspunkt, kan derfor variere mykje. Opptak av gjeld blir i mange tilfelle nytta til investeringar, slik at ein kan seie at det er investeringsveksten som driv gjeldsveksten i føretakssektoren. Som

² (Lånegjeld/Disponibel inntekt) * 100

³ Rentebelastning = (Renteutgifter * (1- marginal skattesats)) / (Disponibel inntekt + renteutgifter) * 100

⁴ «Bolíglånsundersøkelsen 2002», utført av Kredittilsynet, omfattar 33 bankar, som står for om lag 84 prosent av samla bankutlån med pant i bustad. Bankane har rapportert dei 100 første *utbetalte* låna etter 1. mars 2002. Ein tredel av dei innrapporterte lån galdt kjøp eller bygging av bustad, medan halvparten gjeld refinansiering.

følgje av låg investeringsvekst dei siste åra har gjeldsveksten i føretakssektoren samla sett gått ned. Netto kjøp av ikkje-finansiell kapital for ikkje-finansielle føretak blei redusert med 43 prosent frå 2000 til 2001, og tolv månadersveksten i bruttogjelda frå innenlandske kjelder blei redusert frå 14,9 prosent i desember 2000 til 7,3 prosent i desember 2001. I juni 2002 auka bruttogjelda frå innenlandske kjelder for ikkje-finansielle føretak 8,9 prosent, altså noko meir enn i desember 2001. Det er store skilnader i vekstratane i gjeldsopptaket mellom ulike næringar. Gjeldsveksten har i dei siste åra minka i konkurranseutsett sektor, medan han har halde seg oppe i skjerma sektor. Økonomien i Noreg blir påverka av svakare utsikter til vekst internasjonalt mellom anna gjennom lågare etterspurnad etter eksportvarer, fallande aksjekursar, og auka uvisse om utviklinga framover. Styrka kronekurs har medverka til ei svak utvikling i eksporten av tradisjonelle varer første halvår i år, og produksjonen til og med august innan dei tradisjonelt utekonkurrerende industrinæringane har falle med over 2 prosent samanlikna med same periode i fjor.

Trass i at gjeldsveksten gjekk ned, auka gjeldsbelastninga⁵ i fastlandsføretaka i 2001 som følgje av redusert inntening. Disponibel inntekt i dei ikkje-finansielle føretaka blei redusert med 52 prosent frå 2000 til 2001. Gjeldsbelastninga for føretakssektoren var i desember 2001 632 prosent, ein auke på 10,1 prosent frå utgangen av 2000. Med den høge gjeldsbelastninga er fastlandsføretaka avhengige av god inntening i tida framover for å kunne betale gjelda si. Ved utgangen av 2001 låg rentebelastninga⁶ på 40 prosent, medan tilsvarende tal ved utgangen av 2000 var på 38,9 prosent. Rentebelastninga var dermed aukande gjennom 2001, på same måte som gjeldsbelastninga.

Norske ikkje-finansielle føretak har tradisjonelt sett ein høg del eigenkapitalfinansiering. Eigenkapitaldelen i føretaka har falle svakt, men eigenkapitalsituasjonen i føretaka er framleis god. Ein høg eigenkapitaldel reduserer isolert sett kredittrisikoen i samband med lån til føretaka, fordi det er eigarkapitalen som først går tapt ved ein konkurs. Forhold som er viktige for føretaka, blei òg omtala nærare i St.meld. nr. 1 (2002–2003) Nasjonalbudsjettet 2003.

2.4.2 Likviditetsrisiko

Ved ei vurdering av likviditetsrisiko er det formålsstenleg å sjå nærare på dei finansieringsformene bankane nyttar seg av. Bankane finansierer i hovudsak utlåna sine ved hjelp av kundeinnskot, innlån, obligasjonar og pengemarknadsfinansiering. I tillegg til desse finansieringskjeldene er eigenkapital både i form av emisjonar og i form av tilbakehalde overskot ei kjelde til finansiering av utlån.

Dei ulike formene for finansiering har ulik tidshorisont, og likviditetsrisikoen blir redusert med større grad av langsiktig finansiering. Kundeinnskot er den viktigaste finansieringskjelda for bankane, og kan normalt reknast som ei stabil finansieringskjelde, sjølv om innskota er likvide midlar for kvar enkelt kunde. Når innskota synest å vere ei relativt stabil finansieringskjelde, heng det saman med at det sjeldan er slik at innskytarane i flokk tek ut eller set inn pengar. Innskotsdekninga (kundeinnskot i prosent av brutto utlån) steig i perioden frå 3. kvartal 2001 til utgangen av første kvartal 2002. Obligasjonsmarknaden er ei anna forholdsvis stabil finansieringskjelde for bankane. Prosentdelen av obligasjonsfinansiering har vore aukande i bankane sidan utgangen av 1999 fram til mars i år. Pengemarknadsfinansiering er ei kortsiktig kjelde til finansiering, og kan dermed vere noko meir ustabil. Pengemarknadsfinansieringa blei noko redusert frå 3. kvartal 2001 til utgangen av første kvartal 2002. Likviditetssituasjonen i bankane er blitt forbetra i denne perioden som følgje av at kundeinnskot og obligasjonsfinansiering har auka som del av finansieringa til bankane.

Kor stor del den stabile finansieringa utgjer av dei illikvide eignelutene til bankane, som for eksempel utlån og anleggsmiddel, kan vere ein indikator på likviditetsrisikoen til bankane. Målt etter denne indikatoren er risikoen i dei største bankane lågare enn i dei små og mellomstore bankane. Dette kan kome av at små og mellomstore bankar i noko mindre grad finansierer seg i obligasjonsmarknaden.

Ein monaleg del av finansieringa til bankane, særleg dei større bankane, kjem frå utlandet. Norske bankar nyttar seg i relativt stor grad av den internasjonale interbankmarknaden for å skaffe finansiering. Den kortsiktige utanlandsgjelda auka svakt første kvartal 2002. Dette aukar likviditetsrisikoen for norske bankar. Utlendingars tillit til norsk økonomi og norske finansinstitusjonar er heilt avgjerande for om norske bankar får tilgang på nye lån frå utlandet. Ved redusert tillit kan det oppstå vanskar med å rullere låna når dei forfell,

⁵ Gjeldsbelastning = Renteberande gjeld i ikkje-finansielle føretak i prosent av kontantoverskot ekskl. renteutgifter. Kontantoverskot = bruttoprodukt – lønnskostnader + formuesinntekter.

⁶ Rentebelastning = renteutgifter i ikkje-finansielle føretak ekskl. olje og sjøfart i prosent av kontantoverskot.

noko som i første rekkje påverkar den kortsiktige opplåninga.

2.4.3 Risiko i betalingssystema

Risikoen i betalingssystemet består av fleire ulike former for risiko, mellom anna kredittrisiko og likviditetsrisiko og operasjonell risiko. Risikoen som oppstår i betalingssystemet står i ei særstilling med tanke på at transaksjonane blir genererte av kundar og involverer institusjonar som ikkje blir kredittvurderte direkte av andre institusjonar. Kvar enkelt deltakar i betalingssystemet har derfor avgrensa sjanse til sjølv å vurdere og avgrense eiga eksponering i systemet.

Transaksjonane som inngår i det samntidige bruttooppgjæret, utgjer det meste av omsetninga i Noregs Banks Oppgjerssystem (NBO). I februar 2002 blei det innført kreditering av kundar etter oppgjær både i bruttooppgjæret og i NICS-SWIFT-avrekninga. Omlegginga av meldingsrutinane som inneber at bankane ikkje får melding om betaling før ho er gjord opp i oppgjærsbanken, er med på å redusere kredittrisikoen i tilknytning til innlandsk betalingsformidling. Det norske oppgjerssystemet skal vere innretta i samsvar med internasjonale tilrådingar for organiseringa av slike system.

Betalingssystema og utviklinga på dette området siste år er nærare behandla i kapittel 6 om verksemda i Noregs Bank.

2.5 Sårbarheit i finansiell sektor

2.5.1 Bank

Eigenkapitalen i bankane er relativt høg etter fleire år med gode resultat. Dei norske bankane ser ut til å kunne tole større tap, også i historisk perspektiv, før dei kjem ned på det lovbestemte minstekravet til kjernekapital. Samla kapitaldekning i forretningsbankane var 11,5 prosent ved utgangen av første halvår 2002, medan tilsvarende tal for sparebankane var 13,0 prosent. Kjernekapitaldekninga i forretningsbankane og sparebankane ved utgangen av første halvår 2002 var høvesvis 8,9 og 10,5 prosent. Appresieringa av den norske krona har effekt på kapitaldekninga via berekningsgrunnlaget og netto ansvarleg kapital.

Både forretningsbankane og sparebankane hadde ein nedgang i resultatet av ordinær drift etter skatt første halvår 2002 samanlikna med

same periode året før. Årsaka til resultatnedgangen er hovudsakleg ein sterk reduksjon i kursgevinstar og andre driftsinntekter. Rentemarginane for bankane har blitt kraftig reduserte dei siste åra, og fall endå meir i første kvartal 2002. Ved utgangen av første kvartal 2002 var rentemarginen på 2,9 prosent for bankane samla, noko som er eit historisk lågt nivå. Låge rentemargar kan indikere at konkurransen i utlånsmarknaden er sterk.

Tolvsmånadersveksten i brutto utlån til kundar for alle norske bankar var på 6,5 prosent ved utgangen av første halvår 2002. Utlånsveksten hadde gått ned både i sparebankane og i forretningsbankane ved utgangen av første halvår 2002 samanlikna med året før. Tolvsmånaders utlånsvekst⁷ var ved utgangen av første halvår 2002 5,9 prosent i forretningsbankane, medan tilsvarende tal var på 10,5 prosent i sparebankane i same periode. Misleghaldte lån hadde auka med 20,9 prosent ved utgangen av juni i forhold til året før, men misleghaldet låg framleis på eit moderat nivå i forhold til brutto utlån. Tapsavsetningane auka med 14,0 prosent i forretningsbankane frå utgangen av første halvår 2001 til utgangen av første halvår 2002, medan tilsvarende tal var 12,5 prosent for sparebankane. Det har vore sterkest vekst i dei spesifiserte tapsavsetningane, som auka med 21,4 prosent for alle bankane samla i denne perioden. Trass i vekst i tapsavsetningane siste år, ligg tapsavsetningane i banksektoren framleis på eit lågt nivå.

2.5.2 Forsikring

Forsikringsselskapa sine investeringar i aksjar og obligasjonar medfører at resultata blir påverka av utviklinga i aksjemarknadene og rentemarknadene.

Fallet i aksjemarknadene frå 2. halvår 2001 til utgangen av juli 2002 har ført til ei monaleg svekking av bufferkapitalen i livsselskapa. Som følgje av reduksjonen i bufferkapitalen etter dei sterke falla i verdipapirmarknadene i september 2001 blei det sett i verk tiltak for å styrkje bufferkapitalen. Tiltaka bestod av forskriftsendringar som opna for inntektsføring av 80 prosent av midlane i sikkerheitsfondet (kravet til sikkerheitsfondet blei redusert frå 100 prosent til 20 prosent) og bruk av tilleggssavsetningar ved kvartalsrekneskap i kapitaldekningssamanheng. Kredittilsynet tillet dessutan at ei pålagd oppbygging av uførereserven med om lag 2,5 milliardar kunne oppfyllest over ein tidsperiode på tre år fram til utgangen av 2003, med ein tredel kvart år. Tiltaka hadde samla sett ein effekt på ca. 6 milliardar kroner.

Ved utgangen av første kvartal 2002 utgjorde den samla bufferkapitalen til livsselskapa 18,0 milli-

⁷ Vekst i brutto utlån til andre enn finansinstitusjonar.

ardar kroner, som var om lag det same som ved årsskiftet. Fallet i aksjemarknadene i tida fram til utgangen av juli førte igjen til ei monaleg svekking av den samla bufferkapitalen til selskapa. Ved utgangen av juli var bufferkapitalen nede i 8,6 milliardar kroner, eller 2,1 prosent av forvaltningskapitalen. Kravet til oppbygging av uførereserven blei forskuva ytterlegare innanfor den fastsette perioden. Kredittilsynet sette som krav at halvparten av oppbygginga skulle vere fullført ved utgangen av 2002, medan reserven framleis skal vere fullfinansiert ved utgangen av 2003. Tiltaket hadde samla sett ein effekt på om lag 400 millionar kroner. Det sterke fallet i aksjemarknaden har også for skadeselskapa ført til at evna til å bere ytterlegare tap er redusert.

Låge finansinntekter som følgje av den svake utviklinga i verdipapirmarknadene i andre kvartal 2002 gav negative resultat både for skade- og livsforsikringsselskapa første halvår 2002. Livsforsikringsselskapa hadde samla sett eit negativt verdijustert resultat på 8,5 milliardar første halvår 2002. Det samla underskotet av ordinær verksemd for skadeforsikringsselskapa var på 1,7 milliardar i same periode. Resultata var ein god del svakare for begge grupper av forsikringsselskap enn året før.

Den negative utviklinga i aksjemarknadene (første halvår 2002) har ført til ein vesentleg reduksjon i aksjedelen i liv- og skadeforsikringsselskapa. Aksjedelen er redusert både som følgje av verdireduksjon og av nedsal. No er ein lågare del plassert i aksjar enn tidlegare, og det inneber at marknadsrisikoen er noko redusert. Behaldninga av omløpsaksjar som del av forvaltningskapitalen i livselskapa blei redusert frå 17,1 prosent av forvaltningskapitalen 31. mai 2002 til 12,0 prosent 31. juli 2002. Behaldninga av omløpsaksjar i skadeforsikringsselskapa var redusert til 7,7 prosent av forvaltningskapitalen ved utgangen av første halvår 2002 frå 19 prosent eitt år tidlegare.

Drifta i skadeforsikringsselskapa målt ved

«Combined Ratio», summen av erstatningar og forsikringsrelaterte driftskostnader for eiga rekning målt i prosent av premieinntekter for eiga rekning er blitt betra. Betringa kjem i hovudsak som følgje av auka premieinntekter. Det tekniske resultatet var 121 millionar kroner i første halvår 2001, mot 585 millionar kroner i første halvår 2002. Prisane har auka i reassuransemarknaden dei seinare åra. Ei slik utvikling kan svekkje resultata til norske skadeforsikringsselskap gjennom auka reassuransekostnader.

2.6 Avsluttande merknader

Livsforsikringsselskapa si evne til å ta ytterlegare tap er klart svekt etter ein sterk reduksjon av bufferkapitalen det siste året. I tråd med selskapa si evne til å tole nye tap har selskapa redusert marknadsrisikoen sin, hovudsakleg ved redusert eksponering i aksjemarknaden. I skadeforsikring er også eksponeringa mot aksjemarknadene redusert monaleg, og det tekniske resultatet har vist ei positiv utvikling.

Dei norske bankane ser ut til å kunne tole monalege tap, også i historisk perspektiv, før dei kjem ned på det lovbestemte minstekravet til kjernekapital. Kredittrisikoen i samband med lån til hushaldningane ser ut til å vere avgrensa som følgje av at rentebelastninga for hushaldningane samla sett utgjer ein relativt liten del av disponibel inntekt, og at ein stor del av låna er gitt med sikkerheit i bustad.

Den sterke gjeldsveksten til hushaldningssektoren kan derimot ikkje halde fram på lengre sikt. Fall i bustadprisane, auka arbeidsløyse, vesentleg renteauke eller ein kombinasjon av desse faktora kan gi auka kredittrisiko i samband med lån til hushaldningssektoren. I føretakssektoren er innteninga noko redusert, medan eigenkapitaldelen til føretaka framleis er forholdsvis høg.

3 Lærdom av finansskandalane i USA og oppfølging i Noreg

3.1 Innleiing

Det siste året har det blitt avdekt ei rekkje tilfelle der store føretak har manipulert rekneskapsinformasjon og på annan måte villeidd kapitalmarknaden om innteninga og den økonomiske stoda i føretaka. Dei største og mest omtala sakene kjem frå USA, der avsløringane i selskap som Enron, WorldCom, Tyco International og Global Crossing omgåande førte til store fall i kursen på aksjane i desse selskapa med ringverknader til kapitalmarknader over heile verda. Ei alvorleg følgje er at tilliten til den informasjonen som blir gitt om innteninga og den økonomiske stoda, har blitt vesentleg svekt. Det er rimeleg å tru at dette har hatt noko å seie for fallet i aksjemarknadene, også utanfor USA, i tida etter avsløringane. Tillit har mykje å seie for prisen på den kapitalen føretak hentar inn gjennom aksjemarknaden.

Det er ikkje konkrete indikasjonar på at rekneskapar til store norske selskap har vore manipulerte slik som i USA. I eit innspel i samband med denne meldinga, jf. brev 26. august 2002 til Finansdepartementet, legg Oslo Børs vekt på at finansskandalane i USA hovudsakleg har ramma føretak som driv ny type verksemd innanfor IT, telekommunikasjon, energi og finans, medan den norske kapitalmarknaden er dominert av føretak som driv tradisjonell industriverksemd og anna velkjend verksemd. Oslo Børs gir uttrykk for at slik manipulering av rekneskapar som vi har sett i USA, i mykje mindre omfang kan gjerast i tradisjonelle industriføretak. Departementet har merka seg denne vurderinga. Vi må likevel ikkje vere naive og tru at dei økonomiske motiva som låg bak finansskandalane i USA, ikkje kan gjere seg gjeldande hos oss. Oslo Børs framhevar òg det.

For å sikre god og påliteleg finansiell informasjon, særleg om dei børsnoterte føretaka, er det viktig at det finst kontrollmekanismar som fungerer godt. Det er òg viktig at føretaka er bundne av rekneskapsstandardar som er eigna til å gi eit korrekt bilete av innteninga og den økonomiske stoda

i føretaka. Utviklinga går i retning av at aksjemarknaden og andre kapitalmarknader blir ei viktigare kjelde til finansiering av næringsverksemd. Det talar for at kontrollmekanismar, rekneskapsstandardar og andre relevante krav bør innrettast slik at dei sikrar store og små investorar relevant informasjon så dei kan vurdere investeringane sine.

3.2 Rekneskapsreglane

Gode rekneskapsreglar og standardar er naudsyn-te for at rekneskapane skal gi påliteleg og relevant finansiell informasjon. Det er behov for jamleg utvikling av slike standardar i takt med utviklinga av nye næringar og avanserte former for finansiering, særleg når det gjeld føretak som vender seg mot investorar gjennom kapitalmarknaden. Samstundes er det viktig for brukarane av slike rekneskapar at rekneskapsinformasjon kan samanliknast også over landegrensene. EU har vedteke at dei internasjonale rekneskapsstandardane IAS/IFRS skal vere pliktige for konsernrekneskapane til børsnoterte føretak frå 2005. Departementet meiner at ein kan nå slike mål i Noreg ved å gjennomføre EU-reglane om dette i EØS-avtalen¹. Utviklinga av rekneskapsstandardane skjer då i første hand internasjonalt. Det er ønskjeleg at norske fagmiljø og andre interesser kan spele ei aktiv rolle i denne utviklinga.

Rekneskapsreglane i USA er detaljorienterte og i stor grad nedfelt i formelle reglar, og oppstiller faste kriterier for løysing av ein rekkje rekneskaps-spørsmål. I Noreg er rekneskapsreglane meir prinsippbaserte og orienterte mot utøving av kvalifisert skjønn. Oslo Børs skriv om dette i sitt innspel til denne meldinga:

«Frem til nå har amerikanske regnskapsregler (USGAAP) i de fleste sammenhenger blitt fremhevet som meget gode. Den perioden vi nå er inne i, med kraftig fremvekst av nye bransjer og nye finansielle løsninger, fordrer at man har et regelverk som fanger opp «nyvinninger». Og det er kanskje her de amerikanske reglene likevel ikke har vært gode nok. USGAAP er ekstremt detaljorientert, og har regler for nesten

¹ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1606/2002 om bruk av internasjonale rekneskapsstandardar.

enhver hendelse eller situasjon. Sammenlignet med norske regnskapsregler kan amerikansk regnskapsregulering i større grad sies å være forholdsvis stivbent og firkantet. Det som ikke er beskrevet som ulovlig, er ofte tillatt. I en periode hvor det skjer raske forandringer vil et slikt system fort kunne komme på etterskudd, og det oppstår situasjoner som det ikke finnes regnskapsmessige løsninger på. Ser man derimot hen til norsk regnskapslovgivning og god regnskapsskikk, er regnskapsreglene i større grad basert på et sett generelle prinsipper (inntektsføring, sammenstilling osv.), noe som gjør det enklere å finne løsninger på nye situasjoner som oppstår.»

Departementet deler Oslo Børs si vurdering av at dei norske rekneskapsreglane gjer det enklare å finne løysingar på nye situasjonar som oppstår. Etter departementet si oppfatning står også prinsippet om realitet over form sterkare etter dei norske rekneskapsreglane, og såleis blir det vanskelegare å skjule kostnader i rekneskapane slik det blei gjort i USA. På same vis som dei norske er dei internasjonale rekneskapsstandardane IAS/IFRS prinsippbaserte standardar. I Enron-saka blei reelle kostnader for konsernet haldne utanfor konsolideringa ved at ein etablerte føretak i tilknytning til konsernet på ein slik måte at ein kom unna dei nokså formelle konsolideringskrava i USGAAP (såkalla «special purpose entities»). Under IAS/IFRS og norsk god rekneskapsskikk blir det stilt krav om konsolidering når det ligg føre reell kontroll over drifta og finansielle forhold, som ville gjere illojal tilpassing som i Enron-saka vanskelegare.

Verken i USA eller i Noreg og resten av Europa er det plikt til å kostnadsføre verdien av opsjonar og liknande rettar som føretaket nyttar som betaling til tilsette, tillitsvalde eller andre. Både etter reglane i USA og Noreg skal føretaka gi informasjon om opsjonar og liknande i notar til rekneskapen. Slike notekrav er til dels meir utvikla for børsnoterte føretak i USA enn det som gjeld etter reglane i rekneskapslova. Etter departementet sitt syn vil kostnadsføring av opsjonar vere med på å høgne informasjonsverdien av resultatrekneskapen. Departementet legg vekt på at dei norske reglane for dette følgjer det som blir gjort gjeldande internasjonalt, særleg gjennom utviklinga av internasjonale rekneskapsstandardar (IAS/IFRS). IASB, organisasjonen som fastset IAS/IFRS, arbeider for tida med ein standard om aksjebasert betaling, og har vedteke at opsjonar o.a. skal rekneskapsførast til verkeleg verdi og kostnadsførast i resultatrekneskapen.

Regjeringa sette i juni 2002 ned eit utval som

skal evaluere rekneskapslova. Under evalueringa skal utvalet vurdere erfaringane med rekneskapslova og den internasjonale utviklinga på rekneskapsområdet sidan lova tok til å gjelde 1. januar 1999. Utvalet skal mellom anna vurdere behovet for endringar i rekneskapslova som følgje av utviklinga i EØS-rammeverket. Her blir det sentralt korleis rekneskapsreglane for andre enn børsnoterte føretak bør vere tilpassa dei internasjonale rekneskapsstandardane.

Finansministeren varsla i brev 16. august 2002 til Sosialistisk Venstreparti si stortingsgruppe (svar på spørsmål om tiltak for å gjenreise tiltrua til børsnoterte selskap) at Finansdepartementet tek sikte på å fremje lovforslag om gjennomføring av EU forordninga om bruk av internasjonale rekneskapsstandardar i løpet av hausten. Det har teke lengre tid enn venta å ta forordninga inn i EØS-avtala. Lovforslaget kan difor ikkje fremjast før årsskiftet.

3.3 Revisjon – sjølvstende og objektivitet

Årsrekneskapane er den viktigaste informasjonen føretaka gir til eigarar, finansmarknaden, kreditorar og offentlege styresmakter. Oppgåva til revisoren er å vurdere om årsrekneskapen er avlagd i samsvar med lover og forskrifter. Tilliten til revisors rolle er dermed av stor verdi for tiltrua til avlagde årsrekneskapar. Sjølvstende og objektivitet bør vere blant grunnpilarane til revisorinstituttet. I tillegg til at revisor faktisk er uavhengig og objektiv slik at han/ho er i stand til å fylle rolla si, er det viktig at revisor står fram som uavhengig og objektiv overfor brukarar av årsrekneskapen. Hovudsynet bak habilitetsreglane er å sikre at revisor har ein høg grad av sjølvstende, objektivitet og integritet i forhold til revisjonsklienten. Dette er avgjerande for å oppnå den nødvendige tilliten hos brukarane av rekneskapsinformasjon. Reglane i revisorlova om sjølvstende og objektivitet er relativt sett strenge, samanlikna med mange andre land.

Krav til sjølvstende og objektivitet hos revisor er regulerte i revisorlova av 1999 kapittel 4. Brot på føresegnene kan føre til tilbakekalling av godkjenninga som revisor og er straffesanksjonerte. Krava er på enkelte område skjerpa samanlikna med tidlegare revisorlov av 1964, og dei inneber til dels omfattande avgrensingar av revisors disposisjonar.

Etter hovudregelen i revisorlova kan ein revisor ikkje ta på seg revisjon av årsrekneskapen til ein revisjonspliktig, dersom revisor sjølv eller nokre av hans/hennar nærstående er knytte til revi-

sjonsklienten eller klienten sine tilsette/tillitsvalde, slik at sjølvstendet eller objektiviteten til revisor blir svekt. I tillegg er det gitt føresegner om objektive forhold på revisors eller hans/hennar nærstående si side, som etter lova alltid avgrensar høvet til å revidere årsrekneskapen til ein revisjonspliktig. Habilitetskrava som er omtala, gjeld også for revisjonsmedarbeidarar. Nærstående inneber særleg ektefelle, mindreårige barn, slektningar i rett oppstigande eller nedstigande linje, sysken ofl.

Konkrete forhold som stengjer for å revidere årsrekneskap for ein revisjonspliktig, er mellom anna tilsetjing hos den revisjonspliktige, deltaking i dei styrande organa til den revisjonspliktige, eigardel i eller økonomisk mellomvære med den revisjonspliktige eller deltaking i rekneskapsføringa til den revisjonspliktige. Revisor kan heller ikkje utføre rådgivingstenester eller andre tenester for den revisjonspliktige dersom dette kan påverke eller reise tvil om sjølvstendet eller objektiviteten til revisoren.

Også eit revisjonsselskap kan veljast som revisor. Revisjonsselskapet må då peike ut ein godkjend revisor som skal stå ansvarleg for kvart oppdrag. Habilitetsreglane omfattar i så fall også andre revisorar i selskapet eller personar som står desse nær. Der revisjonsselskapet har samarbeidsavtale med nokon som utfører rådgivingstenester eller andre tenester, gjeld habilitetsreglane for revisjonsselskapet også tilsvarande for slike samarbeidande føretak. Departementet har sendt på høyring eit forskriftsutkast med utfyllande reglar når det gjeld sjølvstende for dei samarbeidande selskapa til revisoren. I praksis presiserer forslaget at dei samarbeidande selskapa til revisoren, til dømes advokat- og konsulentfirma, ikkje kan utføre andre tenester for revisjonsklienten enn dei habilitetsreglane i revisorlova tillet at revisor sjølv kan utføre.

Det norske regelverket er i all hovudsak i samsvar med EU-kommisjonen si tilråding om sjølvstendet til revisorar, som blei fastsett den 16. mai 2002. Tilrådinga inneheld mellom anna ei lengre drøfting av revisors rådgivingstenester med omsyn til kva som er akseptabelt utan at objektiviteten til revisor blir påverka. Tilrådinga er såleis sentral som ledd i fortolkinga og praktiseringa av generelle føresegner i revisorlova i forhold til sjølvstendet og objektiviteten til revisoren. Departementet vurderer tilrådinga i høve til norske reglar.

Det er særleg revisors rådgivingstenester til revisjonsklientar som er omdiskutert når det gjeld omsynet til revisors sjølvstende. Revisor har med visse avgrensingar høve til å yte rådgivingstenes-

ter til revisjonsklientane sine. I samband med forarbeida til revisorlova blei det lagt vekt på at særleg mindre føretak har god nytte av revisor som rådgivar. Revisjonsselskapa har satsa målretta på å utvikle rådgivingsmiljø som yter ulike typar tenester til revisjonsklientar. Revisorane sine inntekter frå denne typen tenester har hatt ein kraftig auke. Dette reiser spørsmål om revisoren blir så involvert i verksemda til revisjonsklienten at han/ho blir påverka i si kritiske vurdering, og om den forretningsmessige bindinga blir sterkare enn omsynet til revisoransvaret. Eit anna moment er omsynet til det tilsynelatande sjølvstendet, det vil seie korleis tilleggstenestene til revisoren verkar for brukarane av rekneskapsinformasjonen.

Revisorlova § 4 – 5 set rammene for kva for rådgiving som ikkje er akseptabel, utan at det blir trekt absolutte grenser. Revisor må sjølv vise skjønn i forhold til kva for rådgivingsoppdrag han/ho vil ta på seg, og det må leggjast til grunn at revisoren utviser varsemd. Det følgjer av lovverket at det skal relativt lite til før terskelen for kva som er akseptabelt, blir overskriden. Både art og omfang av rådgivinga betyr noko her. Kredittilsynet kontrollerer revisorane sin praksis på dette området, og har sidan lova tok til å gjelde, kritisert revisorar som har trådd over rammene i lova. Det kan nemnast at Kredittilsynet har vurdert to større saker om revisors rådgiving i relasjon til revisorlova § 4 – 5, der Kredittilsynet i begge tilfelle fann det nødvendig å kritisere revisor. I det eine tilfellet fekk revisor pålegg om å gå av som revisor fordi det blei ytt omfattande internrevisjonstenester til revisjonsklienten, og i det andre tilfellet kritiserte Kredittilsynet revisor på grunn av omfattande rådgivingstenester på økonomiområdet.

Den norske Revisorforening (DnR) har i tilknytning til dette gitt ut reglar for god revisorskikk som er ei viktig referanseramme for revisorane, og som har som siktemål å sikre objektiviteten til revisoren. DnR har gjort reglane for god revisorskikk obligatoriske for alle medlemmene i foreininga. Om lag to tredelar av alle godkjende revisorar er medlemmer av Den norske Revisorforening. DnR vil gjennomføre dei etiske reglane frå den internasjonale revisororganisasjon IFAC frå 2003. Innhaldet i disse reglane er på linje med EU-kommisjonen si tilråding. I samband med gjennomføringa i Noreg blir det gjort ei tilpassing til reglane i revisorlova. Dei nye etiske reglane er omfattande og meir detaljerte enn det som hittil har vore gjeldande.

EU-kommisjonen har intensivert arbeidet med å harmonisere og regulere revisoryrket i Europa som eit ledd i utviklinga av ein felles europeisk

kapitalmarknad, og har varsla at det i løpet av september vil bli fremma ein strategi for nærare regulering av og offentleg tilsyn med revisorar og revisjonsselskap. Departementet meiner det er naturleg at Noreg følgjer denne utviklinga nøye, og har eit regelverk tilpassa dei internasjonale forpliktingane.

Fleirtalet av dei vestlege landa har ikkje lovkrav om løyve for og offentleg tilsyn med revisorar. USA har til no hatt eit sjølvreguleringsregime for revisjonsbransjen ved at den amerikanske revisororganisasjonen (AICPA) har godkjent revisorar og ført tilsyn («peer review») med dei. Godkjende revisorar kunne deretter søkje om godkjenning til å drive revisjon i kvar enkelt stat. USA har med andre ord ikkje hatt noka offentleg tilsynsordning med revisorane, verken på føderalt eller statleg nivå.

Dette blir no endra. I juli 2002 blei ei føderal lov, den såkalla Sarbanes-Oxley-lova, vedteken. Lova innfører større personleg ansvar, meir kontroll og strengare straffereglar ved regelbrot for dei mest framstående aktørane som har ansvar i samband med økonomisk rapportering i børsnoterte selskap, for eksempel administrerande direktørar, styremedlemmer og revisorar. Lova etablerer eit nytt føderalt organ, Public Company Accounting Oversight Board (PCAOB), som skal vere under tilsyn av Securities and Exchange Commission (SEC). PCAOB skal registrere revisorar, har tiltale- og disiplinærmyndigheit og skal setje standardar for eksempelvis revisjon, kvalitetskontroll, etikk og sjølvstende. Oppgåvene til PCAOB omfattar òg utanlandske revisorar som skriv revisjonsmelding for selskap noterte på amerikansk børs. Organet skal finansierast av dei børsnoterte selskapa. Lova inneheld fleire spesifikke pålegg til revisor (mellom anna plikt til å uttale seg om internkontrollsystemet til klienten og plikt til intern partnerrotering kvart femte år for oppdragsansvarleg revisor), og spesifiserer dessutan åtte typar rådgivingstenester som revisor ikkje kan utføre overfor revisjonsklientar, blant anna utforming og igangsetjing av IT-system og juridiske tenester.

I Noreg har det lenge vore lovfesta krav om autorisasjon av revisorar, og Kredittilsynet fører tilsyn med revisorar og revisjonsselskap. Det blir gjennomført om lag 100 stadlege inspeksjonar kvart år. Inspeksjonar blir bestemte ut frå risikovurderingar, innrapporteringar og andre signal. I tillegg blir det gjennomført jamlege dokumentbaserte tilsyn og anna oppfølging. På grunnlag av tilsynsverksemda blir det tilbakekalla om lag ti godkjenningar årleg. Noreg er, saman med resten av Norden, blant dei landa som har gått lengst i eit

direkte offentleg tilsyn med revisorar. Kredittilsynet har prioritert, og vil framleis prioritere sjølvstendet til revisoren ved tilsyna sine.

Dei største revisjonsselskapa blir gitt spesiell merksemd gjennom såkalla temabaserte tilsyn. Årsaka til dette er primært at desse revisjonsselskapa har revisjonsansvaret for praktisk tala alle børsnoterte føretak og andre større føretak. Dette inneber at Kredittilsynet vel avgrensa tematiske område for kontroll, i motsetning til ein full gjennomgang av heile verksemda. Tema blir valde ut frå ei nærare risiko- og vesentlegheitsvurdering. Kredittilsynet er i gang med ei større undersøking av rådgivingstenester dei største revisjonsselskapa yter til revisjonsklientar. Formålet med undersøkinga er å vurdere om selskapa følgjer gjeldande føresegner og god revisorskikk når det gjeld rådgiving og andre tenester til revisjonsklientane sine. Undersøkinga omfattar også samarbeidande selskap, som advokat- og konsultentselskap, og det er venta at ho er fullført før årsskiftet.

Avhengig av resultatet av denne undersøkinga vil Kredittilsynet vurdere om gjeldande lovverk er tilstrekkeleg, og eventuelt foreslå innstrammingar i revisors rett til å utføre slike tenester. Det kan for eksempel vere aktuelt å vurdere behovet for meir konkrete reglar og innstrammingar i tilgjenget for revisor til å yte rådgivingstenester m.v. til børsnoterte revisjonsklientar.

Departementet legg vekt på at Kredittilsynet prioriterer tilsyn med revisors sjølvstende. Departementet syner til at Kredittilsynet er i gang med ei større undersøking av rådgivingstenestene dei største revisjonsselskapa gir til revisjonsklientane sine, og at Kredittilsynet ut frå resultata av undersøkinga vil vurdere behovet for lovendringar. Ut frå Kredittilsynet sitt arbeid og tilrådingar vil departementet vurdere om det bør gjennomførast tiltak.

3.4 Kontroll og handheving av rekneskapsreglar

I dag fører Oslo Børs ein viss kontroll med at rekneskapane til føretak som er notert på børsen, blir førte i samsvar med rekneskapslova, god rekneskapskikk og retningslinjene børsen har. Børsen kan òg gi konkret rettleiing om rekneskapsføring. Denne kontrollen kjem i tillegg til revisjon av rekneskapane. Det kan vere behov for å etablere eit meir utvikla apparat i Noreg for å sjå til at børsnoterte føretak følgjer rekneskapsstandardane. Denne kontrollen kan organiserast gjennom eit offentleg organ eller på anna tenleg vis. Det kan òg

vere behov for å vurdere sanksjonane ved uriktig, misvisande eller mangelfull rekneskapsinformasjon.

Forsvarleg og streng handheving av at børsnoterte føretak fører konsernrekneskapane sine i samsvar med IAS/IFRS, er eitt av punkta i EUs rekneskapsstrategi som blei utgitt i 2000. Etter strategiplanen omfattar effektiv handheving mellom anna at rekneskapar blir kontrollerte av tilsynsmyndigheiter og effektive sanksjonar. Utvalet for evaluering av rekneskapslova skal vurdere korleis desse føresetnadene i strategiplanen bør gjennomførast i Noreg.

3.5 Finansanalysar o.a.

EU behandlar for tida eit direktivforslag om marknadmisbruk. Etter forslaget skal personar og føretak med ansvar for å leggje fram finansanalysar og liknande opplysningar for offentlegheita vise rimeleg omtanke for å sikre at opplysningane blir framsette korrekt, og for å opplyse om interesser eller interessekonfliktar i samband med dei finansielle instrumenta som analysen gjeld. Det er òg føreslått forbod mot kursmanipulering gjennom å spreie uriktig eller villeiande informasjon. EU-kommisjonen har òg varsla at han i samband med ein gjennomgang av investeringstenestedirektivet (ISD) vil vurdere om det er behov for ytterlegare krav til finansanalytikarar.

På same vis som for revisorane meiner departementet at det er naturleg at Noreg følgjer denne utviklinga, og har eit regelverk tilpassa dei internasjonale forpliktingane.

3.6 Kontrollmekanismar knytte til føretaket sjølv

Det er viktig at dei bedriftsinterne rammene for styre og leiing av selskap legg til rette for god forvaltning og organisering av verksemda, og for at informasjonen til investorar og andre er korrekt og tilstrekkeleg. Rammene bør innehalde klare ansvarsforhold og mekanismar for å unngå interessekonfliktar mellom leiinga og eigarane eller at interessekonfliktar blir misbrukte.

Utgangspunktet for dette ser på viktige punkt ut til å vere betre i Noreg enn i USA. Løns- og kompensasjonsvilkår knytte til utviklinga på aksjekursane synest meir utbreidde og har eit mykje større omfang i føretak i USA enn i norske føretak. I USA er det vidare tradisjon for at styret blir sett saman av personar frå føretaket sjølv. I USA, men

også i Noreg, er ein stor og aukande del av aksje-eigarane institusjonar som pensjonsfond, livsforsikringsselskap og forvaltningsselskap. Oslo Børs skriv om dette:

«Ovenstående tendenser styrkes også av at flere og flere store selskaper er uten dominerende eiere. Institusjoner i ulike former opptremer og mer som eiere. I USA er det dessuten tradisjon at styret i stor grad besettes av personer fra selskapet. Dette gjør amerikanske selskaper svært ofte administrasjonsstyrte som ytterligere gir administrasjonen muligheter til å påvirke aksjonærer, kontrollorganer og markedet.

Det er ingen grunn til å tro at lignende eksempler [finansskandalane i USA] ikke vil kunne oppstå i Norge, men mange av de drivkreftene man ser i USA er fraværende i Norge. Vi har et moderat lønns- og kompensasjonssystem. Ledelsens eierinteresser i selskapet er svært begrenset og ofte ikke mer enn at det finansieres av oppsparte midler. Regelutøvelse i Norge er i tillegg mye mer basert på generelle prinsipper og sunn fornuft. I tillegg sitter det stort sett utelukkende eksterne personer i selskapenes styrever.

EU-kommisjonen arbeider med prinsipp for styre og leiing («corporate governance») i samband med ein større gjennomgang av selskapslovgivinga. Justisdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Finansdepartementet vil følge dette arbeidet.

Alle børsnoterte selskap i USA skal etter ei føderal lov frå juli 2002 (sjå nærare i pkt. 3.3) påleggjast å ha revisjonskomitear der styremedlemmer, leiing og revisor går grundig gjennom alle vesentlege rekneskapsspørsmål. Dette er eitt av tiltaka i lova som har til siktemål å betre styrings- og kontrollsystema («corporate governance») i dei børsnoterte selskapa. Eit slikt tiltak kan vere aktuelt også hos oss. Dette vil bli vurdert i lys av EU-kommisjonens arbeid med prinsipp for styre og leiing.

3.7 Sluttmerknader

Departementet meiner at finansskandalane i USA har ført til at det no er ei klar felles forståing av at det er naudsynt å ha rammer som i størst mogleg grad kan sikre god og etterretteleg rekneskapsinformasjon. Det trengst klare standardar, gode kontrollmekanismar og strenge reaksjonar i tilfelle der rekneskapar blir manipulerte. Regjeringa er fast bestemt på å medverke til dette, særleg gjennom å

leggje best mogleg til rette for at uetisk praksis ikkje får utvikle seg slik vi har sett det i USA.

I dei nemnde EU-prosessane som går føre seg, skal Noreg, mellom anna gjennom deltaking i komitear under EU-kommisjonen og nordisk samar-

beid, prøve å medverke til EU-reglar som kan fylle dei behov som har synt seg gjennom erfaringane frå finansskandalane i USA.

4 Nokre spørsmål i tilknytning til finansmarknaden

4.1 Eigaravgrensingsreglar i norske finansinstitusjonar

Finansdepartementet oppretta 23. november 2001 ei arbeidsgruppe under leiing av Erling Selvig for å greie ut om eigaravgrensing og eigarkontroll i finansinstitusjonar. Arbeidsgruppa foreslår i si utgreiing å endre føresegnene i finansieringsverkslova § 2–2 om eigaravgrensingar i finansinstitusjonar, der det heiter at ingen som hovudregel kan eige meir enn 10 prosent av ein finansinstitusjon. Utgreiinga er publisert som NOU 2002: 3 «Eierbegrensning og eierkontroll i finansinstitusjoner». Arbeidsgruppa foreslår nye lovreglar for eigarkontroll i finansinstitusjonar som i større grad enn gjeldande reglar tek utgangspunkt i ein meir skjønnsbasert modell, som også EØS-direktiva legg opp til.

Finansdepartementet sende utgreiinga på høyring 19. februar 2002 med høyringsfrist 21. mai 2002. Saka er for tida til behandling i Finansdepartementet.

4.2 Omdanning av sparebankar

4.2.1 Lovendring som opnar for omdanning av sparebankar

Finansdepartementet fremma i Ot.prp. nr. 59 (2001–2002) lovforslag som opnar for omdanning av sparebankar til aksje- eller allmennaksjeselskap. Fleirtalet i Finanskomiteen slutta seg med ei mindre endring til forslaget, jf. Innst. O. nr. 57 (2001–2002). Lovforslaget blei vedteke 11. juni 2002. Lovendringa blei sanksjonert 21. juni 2002 og sett i kraft same dag.

Bakgrunnen for forslaget var mellom anna eit forslag i NOU 1998: 14, der Banklovkommisjonen gjekk inn for ei lovendring som gir sparebankar høve til å omdanne seg til aksjeselskap. I april 2001 gjekk også eit fleirtal av medlemmene i Sparebankforeningen inn for at det skal vere høve til omdanning til «aksjesparebank» under visse føresetnader. Sparebankforeningen ønskte ein modell for omdanning av sparebankar som gav vern mot så-

kalla «uønsket oppkjøp», jf. St.meld. nr. 6 (2001–2002) Kredittmeldinga 2000 pkt. 2.2.5. Sparebankforeningen foreslo fleire reglar for å motverke eit slikt uønskt oppkjøp. For det første foreslo Sparebankforeningen at stiftelsen måtte eige meir enn 10 prosent av aksjane i den omdanna institusjonen for at banken skal kunne bruke omgrepet «spare» i firmaet sitt og vere tilknytt sikringsfondet til Sparebankane. Eit anna element i forslaget frå Sparebankforeningen med omsyn til «oppkjøpsvern» var at stiftelsen berre skulle kunne selje aksjar i sparebanken etter samtykke frå Kredittilsynet. Meir om bakgrunnen for lovforslaget står i Kredittmeldinga 2000 kap. 2.2.

I Kredittmeldinga 2000 varsla Finansdepartementet at det ville bli fremma eit lovforslag om omdanning av Sparebankar. I Innst. St. nr. 87 (2001–2002) slutta fleirtalet i finanskomiteen seg til Finansdepartementet sin konklusjon om at det burde gjerast ei generell lovendring som gjer det mogleg for sparebankar å omdanne seg til aksjeselskap.

Lova endrar «lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansinstitusjoner og finansieringsvirksomhet», «lov 24. mai 1961 nr. 1 om sparebanker» og «lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker», og dessutan visse andre lover. Lovendringa inneber at sparebankar får høve til å omdanne seg til aksje- eller allmennaksjeselskap. Høve til omdanning er regulert etter mønster av reglane i «lov om finansieringsvirksomhet» kapittel 2 avsnitt III (§§ 2–18 til 2–24) om omdanning av gjensidige forsikringsselskap og kredittforeiningar til aksjeselskap eller allmennaksjeselskap. Omdanning av sparebankar må skje etter den såkalla «stiftelsesmodellen», jf. «lov om finansieringsvirksomhet» § 2–19 tredje ledd b). Det blir foreslått nærare reglar om organa i stiftelsen, under dette reglar om at stiftelsen skal ha generalforsamling og styre. Det blir lagt stor vekt på at stiftelsen skal vere heilt uavhengig av den omdanna sparebanken. Ingen av medlemmene i generalforsamlinga for stiftelsen skal derfor kunne ha tilknytning til den omdanna sparebanken som stiftelsen har eigardelar i. Vidare skal medlemmene i størst mogleg grad spegle kundestrukturen og andre interessegrupper kring den omdanna insti-

tusjonen. Tilsett eller tillitsvald i stiftelsen kan ikkje vere tilsett eller tillitsvald i den omdanna sparebanken eller anna selskap i finanskonsern som stiftelsen har eigarinteresser i. Eventuelle andre organisatoriske krav må vedtektsfestast i den omdanna sparebanken eller stiftelsen, under dette reglar om kompetansefordeling mellom generalforsamlinga og styret i stiftelsen.

Lovendringa inneber at stiftelsen si verksemd skal avgrensast til å forvalte eigarskapen i den omdanna sparebanken i tråd med gjeldande reglar for omdanna gjensidige forsikringsselskap og kredittforeiningar. Etter desse reglane har stiftelsen høve til å kjøpe og selje aksjar i den omdanna sparebanken og til å forvalte ledig likviditet. Sal av aksjar i den omdanna sparebanken og det eventuelle morselskap skal vedtakast av generalforsamlinga med to tredels fleirtal. Stiftelsen skal ha høve til å skrive ut grunnfondsbevis og ta opp lån for å kjøpe aksjar i den omdanna sparebanken, og høve til å kjøpe aksjar og grunnfondsbevis i andre institusjonar, og dessutan forvalte likviditeten sin mellom anna ved bankinnskot og kjøp av statspapir.

Stiftelsen blir regulert av reglane om finansstiftelsar i «lov om finansieringsvirksomhet», kapittel 2 del III så lenge han eig 10 prosent eller meir av aksjane i den omdanna sparebanken. Reglar om avvikling og fusjon av stiftelsen som er oppstått ved omdanning av gjensidige forsikringsselskap og kredittforeiningar, gjeld for sparebankstiftelsar.

Den omdanna sparebanken skal framleis vere medlem av sikringsfondet til sparebankane, men dersom stiftelsen eig under 10 prosent, må banken bli medlem av sikringsfondet til forretningsbankane. 10 prosent-grensa skal vidare ha innverknad på høvet til å nytte ordet «sparebank» eller «spare» i firmaet. Den omdanna sparebanken har rett og plikt til å nytte slike ord i firmaet sitt så lenge stiftelsen eig 10 prosent eller meir av aksjane i banken.

Dei generelle eigar- og stemmerettsavgrensingane gjeld ikkje for stiftelsar som er oppretta ved omdanning av sparebankar, med omsyn til dei aksjane som stiftelsen eig i den omdanna sparebanken eller i morselskapet til sparebanken.

Lovendringa følgjer ikkje forslaget til Sparebankforeningen om at stiftelsen berre skal kunne selje aksjar i Sparebanken eller morselskapet til sparebanken etter samtykke frå Kredittilsynet. Ein viser til nærare omtale i Ot.prp. nr. 59 (2001–2002) punkt 3.3.

Vedtaket til Sparebankforeningen om ikkje å gå imot høvet til omdanning av sparebankar sette som vilkår at det blei sett i verk visse tiltak for å «styrke grunnfondsbevisets stilling», jf. også Kre-

dittmeldinga 2000 punkt 2.2.5 og Ot.prp. nr. 59 (2001–2002) kap. 5. Sparebankforeningen foreslo fire konkrete tiltak for å «styrke grunnfondsbevisets stilling»:

- Sparebankforeningen foreslo å fjerne utbytteskatten.
- Det blei òg foreslått å likestille grunnfondsbevisbankane med små og mellomstore bedrifter på Oslo børs, og grunnfondsbevisa bør kunne likestillast med aksjar i indeksstrukturen på Oslo Børs. På dette grunnlaget bør grunnfondsbevisa ved formuesskattelikninga bli verdsette til 65 prosent av marknadsverdi, det same som for små og mellomstore bedrifter.
- I dag følgjer det av sparebanklova § 8 at grunnfondsbevisegarane vel inn 25 prosent av forstandarskapet. Sparebankforeningen foreslår å opne for at mellom 20 og 40 prosent av forstandarskapet i ein sparebank skal veljast av grunnfondsbevisegarane. Forslaget er i tråd med Banklovkommisjonens forslag i NOU 1998:14 «Finansforetak mv.».
- Endeleg blei det foreslått ei endring av grunnfondsbevisforskrifta slik at det blir tillate å avsetje til utjamningsfond og utdele utbytte av årsresultatet utover det som følgjer av grunnfondsbevisbrøken.

I Innst. S. Nr. 87 (2001–2002) uttalar finanskomiteen m.a.:

«Under høyringane om saka den 18. januar 2002 kom det, særleg frå Sparebankforeningen, fleire konkrete forslag om tiltak for å styrkje grunnfondsbevisa si stilling. Fleirtalet ser det som svært viktig at grunnfondsbevisa si stilling får ei reell styrking. Fleirtalet vil vidare understreka at det er viktig at arbeidet med dette går parallelt med omdanningssaka, slik at desse sakene kan sjåast i samanheng.

På denne bakgrunn er fleirtalet samd i departementet sin konklusjon om å leggja fram for Stortinget eit lovforslag om endring av finanslovgivinga som opnar for omdanning av sparebankar til aksjeselskap.»

Lovendringa gjennomfører fleire av desse forslaga. Det er vedteke at utbytteskatten skal fjernast frå og med inntektsåret 2002. Formuesskattelegane i skattelova § 4–12 sjetten ledd blei endra slik at grunnfondsbevis blir verdsette til 65 prosent av kursverdien 1. januar i likningsåret, eller 65 prosent av pårekna salsverdi 1. januar i likningsåret dersom kursen ikkje er notert eller kjend. Dette gir skattemessig likestilling med aksjar i norske selskap som ikkje er noterte på hovudlista ved Oslo Børs. Vidare blir det opna for at grunn-

fondsbeveigarane kan velje inntil 40 prosent av medlemmene i forstandarskapet til sparebanken. Spørsmålet om endring av grunnfondsbevisforskrifta er til vurdering i departementet.

4.2.2 Søknaad frå Gjensidige NOR om endring av konsernstruktur

Gjensidige NOR søkte i brev 3. juni 2002 om å få endre konsernstruktur. Kredittilsynet gav si tilråding i saka ved brev 20. juni 2002. Ved vedtak 16. juli 2002 gav Finansdepartementet konsesjon til omstruktureringa på nærare vilkår.

Gjensidige NOR var før omdanninga organisert som konserngruppe etter «lov om finansieringsvirksomhet» § 2a-17 (tidlegare § 2a-16), sett saman av Gjensidige NOR Forsikring, Gjensidige NOR Spareforsikring og Gjensidige NOR Sparebank. Gjensidige NOR opplyser i søknaden:

«For å styrke konsernets konkurransekraft ønsker vi å videreutvikle konsernet som aksjekonsern. Bakgrunnen for dette er de erfaringer som er gjort med gjeldende konsernmodell ut fra muligheten til å skaffe nødvendig egenkapital.»

Gjensidige NOR søker mellom anna om grunnlegging av Gjensidige NOR ASA som morselskap i finanskonsern, jf. «lov om finansieringsvirksomhet» § 2a-3 første ledd. Vidare søker Gjensidige NOR om omdanning av Gjensidige NOR Spareforsikring til allmennaksjeselskap etter kundemodellen, jf. «lov om finansieringsvirksomhet» § 2–19 tredje ledd a) og omdanning av Gjensidige NOR Sparebank etter stiftelsesmodellen, jf. «lov om finansieringsvirksomhet» § 2–19 tredje ledd b). Det blir søkt om at Gjensidige NOR ASA skal eige 100 prosent av aksjane i Gjensidige NOR Spareforsikring ASA og Gjensidige NOR Sparebank ASA. Aksjane i Gjensidige NOR ASA blir fordelte mellom livselskapet sine kundar og det gjensidige skadeforsikringsselskapet Gjensidige NOR Forsikring (som grunnfondsbeveigarar i livselskapet), grunnfondsbeveigarar i sparebanken og ein nyoppretta sparebankstiftelse, Stiftelsen Gjensidige NOR Sparebank, og dessutan visse andre som kjøper aksjar som blir selde ved kontantutløsning av visse mindre grupper. Fordelinga vil skje på bakgrunn av verdiforholdet mellom kundane og grunnfondsbeveigarane i livselskapet, grunnfondsbeveigarane og grunnfondskapitalen i sparebanken, og vidare på bakgrunn av verdiforholdet mellom livselskapet og sparebanken. Det blir søkt om å opprette ein strategisk samarbeidsavtale mellom morselskapet Gjensidige NOR ASA og det

gjensidige skadeforsikringsselskapet Gjensidige NOR Forsikring, jf. «lov om finansieringsvirksomhet» § 2–2 andre ledd nr. 10.

I brev 16. juli 2002 gav Finansdepartementet nødvendige løyve til omstruktureringa som er nemnd ovanfor. Det blei sett visse vilkår for konseksjonen. Løyvet krev mellom anna at Kredittilsynet godkjenner vedtektene til banken og organiseringa i finanskonsernet.

4.3 Kvitvasking og terrorfinansiering

4.3.1 Innleiing

Det norske kvitvaskingsregelverket som gjeld for finansinstitusjonar o.a., følger av «lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner» § 2–17 med tilhøyrande forskrifter. Regelverket er ei implementering av EØS-reglane som svarar til rådsdirektiv 91/308/EØF («det første hvitvaskingsdirektivet»). Finansieringsverkslova § 2–17 fastset plikter for finansinstitusjonane og deira tenestemenn som skal førebyggje at finansinstitusjonane blir misbrukte til kvitvasking av pengar og til finansiering av terrorisme.

I løpet av 2001 er det vedteke fleire endringar i dei internasjonale reglane for tiltak mot kvitvasking av pengar og terrorfinansiering. Nedanfor følgjer ein omtale av dei viktigaste endringane som er relevante for finansmarknaden.

4.3.2 Nytt kvitvaskingsdirektiv

Europaparlamentet og Rådet vedtok 4. desember 2001 europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/97/EC om endring av rådsdirektiv 91/308/EØF om tiltak for å hindre at det finansielle systemet blir brukt til kvitvasking av pengar («det andre hvitvaskingsdirektiv»). Den vesentlegaste endringa i direktivet er at krinsen av juridiske og fysiske personar som er omfatta av pliktene etter kvitvaskingsdirektivet, blir utvida. Mellom anna får advokatar, eigedomsmeklarar, revisorar, skatterådgivarar og kasino plikt på seg til å undersøkje og rapportere mistenkjelege transaksjonar. Medlemsstatane i EU har etter direktivet frist til 15. juni 2003 til å gjennomføre endringsdirektivet i nasjonal rett. Noreg tek sikte på å gjennomføre det andre kvitvaskingsdirektivet i norsk rett innan same frist, jf. nedanfor.

4.3.3 FN-konvensjonar og resolusjonar om terrorfinansiering

FN vedtok 9. desember 1999 ein ny konvensjon om tiltak mot finansiering av terrorisme (terrorfinansieringskonvensjonen). Noreg underteikna 1. oktober 2001, jf. kgl. res. 28. september 2001. Terrorfinansieringskonvensjonen tek sikte på å førebyggje finansiering av terrorhandlingar. Konvensjonen pålegg partane mellom anna å gjere det straffbart å finansiere ei handling som blir ramma av nokon av dei ni globale avtalane om tiltak mot terrorisme som er tekne inn i vedlegget til konvensjonen. I tillegg forpliktar partane seg til å gjere det straffbart forsettleg å finansiere alle andre handlingar som har til formål å skulde død eller alvorleg lekamskrenking på sivile, når målet er å tvinge, tru-ge eller presse ei regjering eller ein internasjonal organisasjon til å utføre eller avstå frå ei handling. Partane skal gjere tiltak for å identifisere og beslaglegge, eventuelt bandlegge, midlar som blir rekna for å vere avsette til å finansiere slike terrorhandlingar.

Åtaket mot USA 11. september 2001 var det alvorlegaste angrepet på ein stat og ei befolkning som nokon gong er gjennomført av terroristar. FNs tryggingråd kom saman dagen etter åtaket og vedtok 12. september 2001 resolusjon 1368, som konstaterer at åtaket er ein trugsel mot internasjonal fred og tryggleik. Vidare vedtok Tryggingrådet 28. september 2001 resolusjon 1373. Tiltaka i denne resolusjonen dreier seg særleg om å forhindre finansiering av terrorhandlingar. Tiltaka må sjåast i samanheng med terrorfinansieringskonvensjonen. Resolusjonane er folkerettsleg bindande.

Norske personar og føretak blir ikkje utan vidare bundne av vedtak i FNs organ. Føresegnene i resolusjonen må vere gjennomførte i norsk rett for å oppfylle krava etter FN-pakta. Dei nemnde internasjonale forpliktingane blei først gjennomførte i norsk rett ved mellombels «lov 5. oktober 2001 om forbod mot finansiering av terrorisme o.a.». Den mellombels lova blei deretter følgd opp med permanent lovgiving etter forslag i Ot. prp. nr. 61 (2001–2002) om «lov om endringer i straffeloven og straffeprosessloven o.a. (lovtiltak mot terrorisme – gjennomføring av FN-konvensjon 9. desember 1999 om tiltak mot finansiering av terrorisme og FNs tryggingråds resolusjon 1373 28. september 2001)». Justiskomiteen behandla forslaget, jf. Innst. O. nr. 70 (2001–2002). Forslaget blei vedteke som endringslov 28. juni 2002 nr. 54, og sett i kraft frå same tid.

Lovendringa gjennomfører FN-konvensjonen

9. desember 1999 om tiltak mot finansiering av terrorisme (terrorfinansieringskonvensjonen) og FNs tryggingråds resolusjon 1373 i norsk rett. Det er mellom anna vedteke eit nytt straffebod i straffelova § 147 a, som uttrykkeleg rettar seg mot terrorhandlingar. Etter endringa blir enkelte grove straffbare handlingar rekna som terrorhandlingar, dersom dei blir utførte med eit særleg forsett. Det er gjort straffbart å inngå forbund (avtale) om å utøve slike handlingar. Vidare er det vedteke eit nytt straffebod i straffelova § 147 b retta mot finansiering av terrorisme.

Meldeplikta som finansinstitusjonane o.a. har etter finansieringsverksemdslova § 2–17, blei samstundes utvida til å omfatte mistanke om straffbare handlingar som nemnde i straffelova § 147 a og § 147 b, dvs. terrorhandlingar og finansiering av slike handlingar. Det blir vist til nærare omtale av dette i Ot. prp. nr. 61 (2001–2002).

4.3.4 FATF – tilrådingar om kvitvasking og tilleggstilrådingar om terrorfinansiering

Financial Action Task Force on Money Laundering and Terrorist Financing (FATF) er eit internasjonalt forum som arbeider for å førebyggje og forhindre kvitvasking av pengar og terrorfinansiering. FATF blei oppretta av G7-landa i 1989, og Noreg slutta seg til FATF i 1991. Delegasjonen består av deltakarar frå Justisdepartementet, Finansdepartementet, ØKOKRIM og Kredittilsynet. FATF har utarbeidd 40 tilrådingar med tiltak mot kvitvasking av pengar. Tilrådingane er til dels i samsvar med direktiv 91/308/EØF om tiltak for å hindre at det finansielle systemet blir brukt til kvitvasking av pengar. For å følgje opp tilrådingane har FATF gjennomført evalueringar av regelverka til medlemsland, og tilrådingane er gjennomførte i norsk rett. Dei 40 FATF-tilrådingane er for tida under revisjon. FATF har utarbeidd eit konsultasjonsdokument som omtalar endringsbehovet og foreslår alternative endringar. Dei endringane som er foreslått, går i hovudtrekk ut på å forsterke krava til identifikasjon av kundar, å innføre tiltak for å gjere den internasjonale verdipapirmarknaden meir gjennomsiiktig, og dessutan å utvide krinsen av juridiske og fysiske personar som blir omfatta av tilrådingane. Endringane vil truleg bli vedtekne av FATF våren 2003.

Etter terroråtaka i USA 11. september 2001 har FATF utvida arbeidet sitt til å omfatte tiltak mot finansiering av terrorisme. FATF vedtok på eit ekstraordinært plenarmøte i Washington 29.–30. oktober 2001 «FATF Special Recommendations on Ter-

rorist Financing» (tilleggstilrådingar). Formålet med tilleggstilrådingane er å forhindre at terroristane og deira støttespelarar får tilgang til det internasjonale finansielle systemet. Dei spesielle tilrådingane er delvis gjennomførte i norsk rett. Dette gjeld mellom anna krav om gjennomføring av FN's terrorfinansieringskonvensjon og resolusjonane frå Tryggingrådet.

4.3.5 Gjennomføring av internasjonale reglar og EØS-reglar i norsk rett

Finansdepartementet har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal utarbeide eit utkast til reglar som skal gjennomføre EØS-reglane som svarar til direktiv 2001/97/EF om førebyggjande tiltak mot kvitvasking av pengar (det andre kvitvaskingsdirektivet). Vidare skal gruppa vurdere forholdet mellom norsk rett og andre internasjonale reglar og tilrådingar på området, under dette dei spesielle FATF-tilrådingane. Det blir teke sikte på å sende eit forslag på høyring i løpet av hausten 2002.

4.4 Marknads plassar for varederivat

Med børs meiner vi føretak som organiserer eller driv ein marknad for finansielle instrument der det blir lagt til rette for handel ved regelmessig og offentleg kursnotering og opptak av finansielle instrument til børsnotering. Med autorisert marknadsplass meiner vi føretak som organiserer eller driv ein marknad for finansielle instrument der det blir lagt til rette for handel ved regelmessig og offentleg kursnotering av finansielle instrument. «Lov 17. november 2000 nr. 80 om børsvirksomhet m.m.» regulerer verksemd som børs eller autorisert marknadsplass. Formålet med børslova er å leggje til rette for effektive, velordna og tillitsvekkjande marknader for finansielle instrument. Lova opnar mellom anna for større konkurranse mellom marknadsplassane. Verksemd som børs eller autorisert marknadsplass kan berre drivast av føretak som har løyve til dette frå departementet, jf. børslova § 2–1. For nærare omtale av reglar for børser og andre marknadsplassar viser ein til NOU

1999: 3, Ot.prp. nr. 73 (1999–2000) «Om lov om børsvirksomhet m.m.» (børslova) og Innst. O. nr. 3 (1999–2000). Ein viser òg til omtale i Kredittmeldingane for 1998, 1999 og 2000.

På grunnlag av utviklinga i enkelte av vare- og tenestemarknadene har det oppstått eit aukande behov for tiltak som kan gi prisstabiliserande effekt for aktørane i desse marknadene. I fleire ulike varemarknader har behovet for prissikring og risikostyring drive fram ein finansiell marknad basert på den underliggjande varemarknaden. På denne bakgrunnen oppnemnde Regjeringa 25. september 1998 eit utval som skulle greie ut regulering av handel i varederivat. Utvalet gav si innstilling 28. september 1999, jf. NOU 1999: 29. Regjeringa følgde opp innstillinga i Ot.prp. nr. 53 (2000–2001). Forslaget blei behandla av Finanskomiteen i Innst. O. nr. 104 (2000–2001) og vedteke av Stortinget 7. juni 2001. Lovendringa innebar mellom anna at varederivat blei definerte som finansielle instrument, jf. verdipapirhandelova § 1–2 andre ledd nr. 8 og § 1–2 fjerde ledd. Dette medfører mellom anna at konsesjonsplikt for drift av børs eller autorisert marknadsplass gjeld for føretak som organiserer eller driv marknad for varederivat.

Departementet har i løpet av 2001 behandla tre søknader om etablering av marknadsplassar for omsetjing av varederivat. 5. mars 2002 gav Finansdepartementet Nord Pool ASA løyve til å drive børsverksemd, jf. børslova § 2–2 første ledd og § 1–3 andre ledd. Løyvet blei avgrensa til børsverksemd for varederivat med elektrisk kraft som underliggjande vare. Same dato gav Finansdepartementet International Maritime Exchange ASA løyve til å drive autorisert marknadsplass, jf. børslova § 2–2 første ledd og § 1–3 første ledd. Dette løyvet blei avgrensa til verksemd som autorisert marknadsplass for varederivat med maritime fraktkontraktar som underliggjande vare. Vidare gav Finansdepartementet 31. mai 2002 M-Tre Kraft AS løyve til å drive verksemd som autorisert marknadsplass, jf. børslova § 2–2 første ledd og § 1–3 første ledd. Løyvet gjeld verksemd som autorisert marknadsplass for varederivat med elektrisk kraft som underliggjande vare. Det blei sett særlege vilkår for alle løyva.

5 Regelverksutvikling og forvaltningssaker på finansmarknadsområdet

5.1 Regelverksutvikling

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste endringane i regelverket på finansmarknadsområdet for 2001, og dessutan ei oversikt over sentrale forvaltningssaker for same år. Omtalen er i hovudsak avgrensa til 2001, men enkelte stader har ein ført framstillinga fram utover årsskiftet. Kredittmeldinga 2000 inneheld òg ei framstilling som på enkelte punkt omfattar endringar i 2001. Enkelte av desse sakene blir kort omtala på ny her. Ein viser elles til Kredittmeldinga 2000 kapittel 3.

5.1.1 Bank- og finansieringsverksemd

Finansdepartementet fremma 22. mars 2002 forslag til endring av «lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansinstitusjoner og finansieringsvirksomhet». Lovforslaget inneber at sparebankar får høve til å omdanne seg til aksje- eller allmennaksjeselskap. Lovforslaget er nærare omtala i kapittel 4.2.1. Forslaget blei sanksjonert 21. juni 2002 og sett i kraft same dag.

5.1.2 Forsikringsverksemd og pensjonsordningar

Finansdepartementet fremma 27. april 2001 forslag til «lov om endringer i innskuddspensjonsloven, lov om foretakspensjon og enkelte andre lover (parallelle ordninger mv.)». Forslaget inneheldt mellom anna reglar knytte til utforminga av årlege innskot i ei innskotspensjonsordning, høve til å ha parallelle pensjonsordningar og høve til å lukke ytingsbasert føretakspensjon ved overgang til innskotspensjonsordning. Reglar om parallelle ordningar i forskrift av 22. desember 2000 nr. 1413 til «lov om innskuddspensjon i arbeidsforhold», og om parallelle ordningar og lukking i forskrift av 1. desember 2000 nr. 1212 til «lov om foretakspensjon», blei med dette erstatta av lovreglar. Sjå omtale i Ot.prp. nr. 78 (2000–2001) «Om lov om endringer i innskuddspensjonsloven, lov om foretakspensjon og enkelte andre lover (parallelle ordninger mv.)» og Kredittmeldinga 2000. I Innst. O. nr.

110 (2000–2001) slutta fleirtalet i Finanskomiteen seg til dei foreslåtte lovendringane. Lovforslaget blei sanksjonert 15. juni 2001 og sett i kraft 1. juli 2001.

Ved lovendring 15. juni 2001 nr. 41 er det gjort endringar i «lov 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet» § 7–2. Endringa gir forsikrings-selskap høve til å plassere fri eigenkapital utover 15 prosent-grensa i selskap som driv forsikrings-framand verksemd. Vidare blei det i § 13–1 fastsett at lova kan gjerast heilt eller delvis gjeldande for Noregs Bank si pensjonskasse. Samstundes blei det i «lov 7. desember 1956 nr. 1 om Kredittilsynet» § 1 fastsett at Kredittilsynet skal ha tilsyn med Noregs Banks pensjonskasse. Endringslova blei sett i kraft 1. januar 2002.

Finansdepartementet fastsette 20. juli 2001 forskrift om endring av «forskrift av 23. april 1997 om forsikrings-selskapers kapitalforvaltning». Endringa blei sett i kraft 1. oktober 2001. Forskrifta gjeld tilsvarende for pensjonskasser. For pensjonskasser er òg «forskrift av 20. juni 1997 nr. 1057 om klargjøring av kontrollansvar, dokumentasjon og bekreftelse av den interne kontroll» gjort gjeldande så langt ho passar.

«Lov av 14. desember 2001 nr. 95 om beskyttelse av supplerende pensjonsrettigheter for arbeidstakere og selvstendig næringsdrivende som flytter innenfor EØS-området» blei sett i kraft 1. mars 2002. Formålet med lova er å sikre at norsk lovgiving er i samsvar med EØS-reglane som svarer til Rådskdirektiv 98/49/EF av 29. juni 1998 om trygging av rettane til supplerande pensjon for arbeidstakarar og sjølvstendig næringsdrivande som flyttar innanfor Fellesskapet. Ein viser til omtale i Ot.prp. nr. 106 (2000–2001) «Om lov om beskyttelse av supplerende pensjonsrettigheter for arbeidstakere og selvstendig næringsdrivende som flytter innenfor EØS-området» fremma 15. juni 2001, jf. også Ot.prp. nr. 5 (2001–2002) fremma 5. oktober 2001.

Finansdepartementet fremma i statsråd 21. desember 2001 Ot.prp. nr. 33 (2001–2002) «Om lov om endringer i lov om foretakspensjon, innskuddspensjonsloven og enkelte andre lover (kombinerte pensjonsordninger mv.)». Som ei oppfølging av merknader frå Stortinget, jf. Innst. O. nr. 110

(2000–2001) inneheldt proposisjonen mellom anna forslag til lovreglar som opnar for kombinerte pensjonsordningar. Sjå også omtale i Kredittmeldinga 2000. Ot.prp. nr. 33 (2001–2002) har mellom anna også ein omtale av korleis livsforsikringsselskapa kan forvalte innskotspensjon utan avkastningsgaranti i oppsparingsperioden. «Lov om endringer i lov om foretakspensjon, innskuddspensjonsloven og enkelte andre lover (kombinerte pensjonsordningar mv.)» blei sanksjonert 7. juni 2002. Lovreglane som opnar for kombinerte pensjonsordningar, er per 1. oktober 2002 ikkje sette i kraft.

Finansdepartementet fastsette 28. september 2001 endringar i «forskrift 29. november 1990 nr. 941 om sikkerhetsfond i forsikring». Endringa gjeld nedre grense for storleiken på tryggingfond i livsforsikringsselskap. Den nedre grensa blei redusert frå 100 til 20 prosent av det gjeldande utrekningsgrunnlaget. 80 prosent av tryggingfondet kunne såleis førast som ei eingongsinntekt i selskapa.

Finansdepartementet fastsette 28. september 2001 endringar i «forskrift 1. juni 1990 nr. 435 om beregning av ansvarlig kapital for finansinstitusjoner, oppgjørssentraler og verdipapirforetak». Endringa gjeld tilgang til å rekne med tilleggsavsetnader ved utrekning av ansvarleg kapital, og opnar for at ein kan rekne med eit beløp inntil rentegarantien for heile året. Det var tidlegare, etter endring i forskrift 14. mai 2001, berre tilgang til å rekne med ein proratarisk del av rentegarantien.

5.1.3 Verdipapirhandel

Finansdepartementet fremma 1. juni 2001 forslag til «lov om endringer i lov 12. juni 1981 nr. 52 om verdipapirfond», jf. Ot. prp. nr. 98 (2000–2001). Forslaget tek sikte på å modernisere og oppdatere det rettslege rammeverket for verdipapirfond. Mellom anna blir det lagt vekt på at det bør vere like rammevilkår på område som kan samanliknast, både i høve til dei som tilbyr konkurrerende internasjonale verdipapirfondprodukt, og i høve til relaterte nasjonale marknader. Investeringsområdet for verdipapirfond blir til ein viss grad utvida, og det blir opna for særskilde fondsprodukt. I forlenginga av dette gjeld auka krav til informasjon til investorane. Endringslova (lov 15. juni 2001 nr. 48) blei sanksjonert 15. juni 2001, og delar av lova blei sett i kraft 1. august 2001.

I samband med endringane i «lov 12. juni 1981 nr. 52 om verdipapirfond» fastsette Finansdepartementet «forskrift 31. juli 2001 nr. 863 om delvis ikrafttredelse av og overgangsbestemmelser til lov av 15. juni 2001 nr. 48 om endringer i lov 12. juni

1981 nr. 52 om verdipapirfond m.v.». Det blei same dag gjort ei rekkje mindre tekniske endringar i forskrifter som er gitt med heimel i verdipapirfondlova, jf. endringar i forskrifter 17. august 1993 nr. 808, 28. juli 1994 nr. 750, 30. juni 1994 nr. 622 og 19. desember 1996 nr. 1319. Finansdepartementet fastsette i forskrift 26. september 2001 nr. 1106 reglar om «midlertidig markedsføring av utenlandsk verdipapirfond», dvs. såkalla non UCITS-fond. Ved forskrift 25. februar 2002 nr. 199 om endring i forskrift 31. juli 2001 nr. 863 blei visse av overgangsfråsegnene utvida til 1. august 2002.

Finansdepartementet fastsette 26. september 2001 «forskrift om midlertidig markedsføring av utenlandsk verdipapirfond som ikke omfattes av EØS-regler som svarer til rådsdirektiv 85/611/EØF».

Finansdepartementet fastsette 24. januar 2002 endringar i «forskrift 14. oktober 1996 nr. 983 om sikkerhetsstillelse for verdipapirforetak». Endringane blei gitt for å gjennomføre enkelte EØS-skyldnader etter direktiv 97/9/EF om investorkompensasjonsordningar (ICS-direktivet).

Finansdepartementet fremma 8. mars 2002 forslag til «lov om registrering av finansielle instrumenter» (verdipapirregisterlova), jf. Ot.prp. nr. 39 (2001–2002). Lovforslaget byggjer på NOU 2000: 10. Formålet med verdipapirregisterlova er å leggje til rette for sikker, ordna og effektiv registrering av finansielle instrument og rett til slike. Lovforslaget er utforma med omsyn til at den norske infrastrukturen i verdipapirmarknaden skal vere fornuftig organisert for å møte den teknologiske utviklinga og auka integrasjon av dei internasjonale kapitalmarknadene. Forslaget inneber at eine retten Verdipapirsentralen (VPS) har hatt, blir erstatta med ei konsesjonsordning. Det blei foreslått at verdipapirregister som hovudregel skal vere organiserte som allmennaksjeselskap. Verdipapirsentralen er i dag organisert som ein sjølvvegande stiftelse. Lovforslaget vil medføre at Verdipapirsentralen må omdannast. Det er foreslått at omdanning skjer ved at eignelutene og forpliktingane Verdipapirsentralen har, blir overførte til eit nystifta allmennaksjeselskap. Aksjane blir lagde ut for ope sal. Den delen av vederlaget som oppstår ved salet som svarar til bokført eigenkapital i Verdipapirsentralen, skal overførast til eit finansmarknadsfond. Resten av vederlaget skal overførast til staten. Det blei òg foreslått endringar i andre lover. Mellom anna blei det foreslått å endre verdipapirhandelloya slik at den nedre grensa for «flaggeplikt» ved kjøp av aksjar i eit børsnotert selskap blir senka til 5 prosent. Endringa vil medverke til å auke transparensen i marknaden og leggje til rette

for at allmugen får informasjon om mellom anna oppkjøp. Fleirtalet i finanskomiteen slutta seg i hovudsak til forslaget, jf. Innst.O. nr. 47 (2001–2002). «Lov om registrering av finansielle instrumenter» blei sanksjonert 5. juli 2002. Lova tek til å gjelde frå den tid departementet bestemmer.

5.1.4 Rekneskap og revisjon

Finansdepartementet fastsette 21. juni 2001 endring av § 2 i «forskrift av 25. juni 1999 nr. 712 om revisjon og revisorer».

Finansdepartementet opphevde 8. august 2001 § 1–1 andre ledd i «forskrift av 25. juni 1999 nr. 712 om revisjon og revisorer».

Finansdepartementet fremma 21. desember 2001 forslag om endring i «lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v.», jf. Ot.prp. nr. 33 (2001–2002) kap. 7. Departementet foreslo ei ny føresegn som gir Kongen heimel til å fastsetje nærare føresegn i forskrift for å medverke til kontroll med at føresegna i EØS-avtalen art. 59 blir etterlevd. Med heimel i ei slik lovføresegn kan ein fastsetje ei forskrift som sikrar full gjennomføring av EØS-reglar som svarar til kommisjonsdirektiv 2000/52/EF (endringsdirektiv til det såkalla «Innsynsdirektivet»). Lovforslaget blei sanksjonert 7. juni 2002. Lova blei sett i kraft straks.

Finansdepartementet fastsette 15. januar 2002 «forskrift om endring av forskrift 16. desember 1998 nr. 1241 for årsregnskap m.m. for forsikringselskaper». Endringa gjeld oppretting av klare feil og manglar i oppstillingsplanen for resultatrekneskapen for livsforsikring i «Årsregnskapsforskriften» for forsikringsselskap.

5.1.5 Anna

Ved kongeleg resolusjon av 5. oktober 2001 blei i alt 16 forskrifter etter penge- og kredittlova og to forskrifter etter sentralbanklova oppheva fordi dei ikkje lenger var aktuelle.

Ved lov 7. juni 2002 nr. 17 blei det vedteke endringar i «lov 7. desember 1956 nr. 1 om tilsynet for kredittinstitusjoner, forsikringsselskaper og verdipapirhandel m.v.» (kredittilsynslova). Endringane galdt § 9 i lova om utlikning av utgiftene til Kredittilsynet, og inneber mellom anna at utgiftene til Kredittilsynet for eitt år skal utliknast også på dei institusjonane som kjem under tilsyn i løpet av dette året.

Ein syner til Dok. 8:52 (2001–2002) frå stortingsrepresentant Siv Jensen om å gje Noregs Bank fullt sjølvstende, samt Innst. S. nr. 117 (2001–2002) frå finanskomiteen si handsaming av forsla-

get. I dokument 8-forslaget heiter det mellom anna:

«Stortinget ber Regjeringen fremme forslag om endringer i lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet slik at loven gir banken et mål om prisstabilitet, banken får full frihet i bruk av pengepolitiske virkemidler, referansen til «de økonomisk-politiske retningslinjer fastlagt av statsmyndighetene» tas bort, banken pålegges en årlig eller halvårlig rapporteringsplikt til Stortinget, Regjeringen fratas retten til å treffe vedtak om bankens virksomhet, referanser til kronens internasjonale verdi, kursordning og kursleie tas bort og foreleggesplikten tas bort. Det tas inn i loven at medlemmer av hovedstyret må ha bred og god innsikt i samfunnsøkonomiske spørsmål og være uavhengige i forhold til partipolitiske og næringsøkonomiske særinteresser.»

I Innst. S. nr. 117 (2001–2002) går det fram at fleirtalet i komiteen, alle bortsett frå medlemmene frå Frp, ikkje samtykkjer i dei endringsforslaga som er framsette i Dok. 8:52 (2001–2002). Fleirtalet i komiteen, alle bortsett frå medlemmene frå Frp, SV og Kystpartiet, syner i innstillinga til at finansministeren «vil vurdere enkeltheter i det aktuelle regelverket nærmere, og at han tar sikte på å komme tilbake til Stortinget med en slik vurdering i løpet av 2002», jf. brev av 25. februar frå finansministeren til finanskomiteen som følgjer som vedlegg til innstillinga. Det same fleirtalet uttaler vidare at det konstaterer at det i Innst. S. nr. 229 (2000–2001) om retningslinjer for den økonomiske politikken ikkje var fleirtal for å be Regjeringa ta initiativ til å gå gjennom loven om Noregs Bank, mellom anna for å vurdere om det er naudsynt med endring i sentralbanken si stilling.

Av Innst. S. nr. 117 (2001–2002) følgjer det at departementet her mellom anna vil vurdere nærare enkelte sider ved regelverket om Noregs Banks stilling, oppnemningspraksis av bankens hovudstyre, samt gi ei meir generell utgreiing av relevant regelverk og praksis i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Departementet ser det som ein fordel at forslag og vurderingar blir oversendt Stortinget samla i ein lovproposisjon om endringar i sentralbanklova m.v. Eit slikt samla lovforslag må sendast på høyring før endeleg handsaming i departementet. Lovproposisjonen vil difor ikkje kunne fremjast før årsskiftet. Departementet tar sikte på å leggje fram ei samla drøfting av forslag som blir tatt opp i Dok. 8:52 (2001–2002) og Innst. S. nr. 117 (2001–2002) til våren, slik at Stortinget kan handsame saka i vårsesjonen.

5.2 Oversikt over viktige forvaltningssaker

Det finske bank/forsikringskonsernet Sampo, ved morselskapet Sampo OYJ, søkte 11. juli 2001 om løyve til å kjøpe meir enn 50 prosent av aksjane i Storebrand ASA. Sampo OYJ såg ikkje ut til å få aksept frå aksjonærane som representerte 90 prosent av aksjekapitalen, og kunne derfor ikkje nytte føresegnene i aksjelova for å tvangsinnløyse dei resterande aksjonærane, og såleis kjøpe 100 prosent av aksjane i Storebrand. Av di søkjar ikkje hadde sannsynleggjort at Sampo i nær framtid kunne overta meir enn 90 prosent av aksjane, fann ikkje Kredittilsynet å kunne tilrå at det blei gitt mellombels dispensasjon til å eige mindre enn 90 prosent av aksjane i Storebrand ASA. Tilrådinga blei send til Finansdepartementet 24. august 2001. Sampo trekte seinare søknaden før han var ferdigbehandla av departementet.

I brev 16. juli 2002 gav Finansdepartementet løyve til omstrukturering av finanskonsernet Gjensidige NOR, mellom anna omdanning av Gjensidige NOR Spareforsikring og Gjensidige NOR sparebank til allmennaksjeselskap, jf. nærare omtale i kapittel 4.2.2.

Ved kongeleg resolusjon 18. mai 2001 blei det gjort vedtak om å gi Bankia Bank ASA løyve til å drive bankverksemd, jf. forretningsbanklova.

Finansdepartementet gav 6. juli 2001 løyve til avvikling av bankverksemda i Bergensbanken ASA. Finansdepartementet samtykte vidare til at monalege delar av verksemda i Bergensbanken ASA blei overførte til filialen av Svenska Handelsbanken AB (publ.) i Noreg. Det blei fastsett nærare vilkår for samtykket, medrekna vilkår om at filialen av Svenska Handelsbanken AB (publ.) i Noreg ikkje kunne nytte namnet «Bergensbanken» som sekundært kjenneteikn i marknadsføringa. Finansdepartementet gav også løyve til avvikling/tilbaketrekking av løyvet til Handelsbanken Norge Holding AS. I brev 27. juli klagde Svenska Handelsbanken på dette vilkåret, men trekte seinare klagen, jf. brev 1. november 2001.

Finansdepartementet gav 21. august 2001 Vectra AS løyve til å drive finansieringsverksemd som består i å ta imot midlar frå andre for å plassere dei vidare i finansinstitusjonar i samband med teneste for småbetalningar. Med heimel i finansieringsverksemdslova § 1–3 andre ledd fekk Vectra AS unntak frå fråsegna i lova, bortsett frå § 3–7 om tilbakekalling av løyvet og § 3–14 om teieplikt. Løyvet blei gitt for tre år på visse vilkår. Seinare har også E-Trade Technology i brev 11. oktober

2001, Contopronto AS i brev 8. november 2001, subClearing i brev 20. desember 2001 og NetCom GSM i brev 22. mars 2002 fått tilsvarende løyve med fritak. Finansdepartementet forlengde i brev 11. oktober 2001 fritaket på tre år som Telenor Mobil AS har hatt sidan 17. november 1998. Fritaket blei forlengt i to år til 17. november 2003, og utvida til å gjelde også andre varer og tenester enn brus, men då avgrensa til tilsvarende småkjøp.

Finansdepartementet gav 30. august 2001 Prosjekt Fondsforsikring løyve til å drive forsikringsverksemd i klasse III, jf. «forskrift 18. september 1995 nr. 797 om inndeling i forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling» § 1. Det blei sett nærare vilkår for løyvet.

I brev 18. oktober 2001 av slo Finansdepartementet søknad om løyve frå Kredittforeininga Landkreditt om å opprette og eige forretningsbank gjennom det heilåtte dotterselskapet Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt AS. Det blei mellom anna søkt om unntak frå hovudregelen i finansieringsverksemdslova § 2–2 første ledd om at ingen kan eige meir enn 10 prosent av aksjekapitalen i ein finansinstitusjon, jf. finansieringsverksemdslova § 2–2 andre ledd nr. 11. Departementet grunna avslaget med at det ikkje kunne sjåast som eit «særleg tilfelle» etter § 2–2 andre ledd nr. 11 i lova. Kredittforeininga Landkreditt påklaga vedtaket i brev 7. november 2001. I brev 7. desember 2001 omgjorde Finansdepartementet vedtaket og gav løyve til oppretting av Landkreditt Bank AS. Det blei gitt eit mellombels unntak frå finansieringsverksemdslova § 2–2 første ledd til og med 31. desember 2003. Finansdepartementet la mellom anna vekt på at reglane om eigarskap i norske finansinstitusjonar i nær framtid skal vurderast. I konsesjonsbrevet blei det sagt at Landkreditt måtte sende ny søknad innan 31. august 2003, basert på dei eigarreglar som gjeld på det tidspunktet. Samstundes blei ei rekkje andre nødvendige løyve/samtykke gitt.

Finansdepartementet gav 13. desember 2001 løyve til etablering av skadeforsikringsselskapet Landbruksforsikring AS.

Finansdepartementet gav 13. august 2001 samtykke til at InnovasjonsMarkedet ASA kan ha lågare kapitaldekning enn fastsett i «forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner og verdipapirforetak» § 2. Det blei sett vilkår for samtykket.

Finansdepartementet omgjorde 7. desember 2001 det tidlegare vedtaket sitt, og gav Skiforeningen løyve til å nytte eit anna år enn kalenderåret som rekneskapsår, jf. rekneskapslova § 1–7.

Finansdepartementet gav 8. august 2001 Blue-

water Insurance ASA løyve til å drive sjø- og transportforsikring. Det blei sett vilkår for løyva.

Finansdepartementet gav 15. august 2001 Carnegie Fondsforsikring ASA løyve til å drive livsforsikringsverksemd med investeringsval. Departementet gav samstundes Carnegie Asset Management Holding Norge AS konsesjon som morselskap i finanskonsern og løyve til å etablere dotterselskapet Carnegie Fondsforsikring ASA. Carnegie Asset Management Holding Norge AS fekk òg løyve til å eige Carnegie Fondsförvaltning AS og Carnegie Förvaltning ASA. Finansdepartementet godkjende organiseringa av konsernet. Det blei sett vilkår for løyva.

Finansdepartementet gav 5. mars 2002 International Maritime Exchange ASA (IMAREX) løyve til å drive autorisert marknadsplass, jf. børslova § 2–2 første ledd. Løyvet blei avgrensa til å gjelde verksemd som autorisert marknadsplass for varederivat med maritime fraktkontraktar som underliggjande. Det blei sett vilkår for løyva.

Finansdepartementet gav 22. mars 2002 DnB Holding ASA løyve til å tileigne seg alle aksjane i Skandia Financial Holdings Aktiebolag. DnB Holding ASA fekk samstundes løyve til å etablere eit heilått dotterselskap i Sverige. Det blei sett vilkår for løyva.

Finansdepartementet fatta 12. desember 2001 vedtak i fem klagesaker frå ulike kommunale revisjonar/distriktsrevisjonar (Borre Revisjonsdistrikt, Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal, Nedre Telemark Kommunerevisjon, Tønsberg Revisjonsdistrikt og Østfold Kommune-revisjon) over Kredittilsynet sine avslag på søknader om godkjenning som revisor/revisjonsselskap etter «lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer» (revisorlova). Vedtaka som Kredittilsynet hadde gjort, var grunngitt med at føretaka ikkje oppfyller krava i revisorlova § 3–5. Kredittilsynet la til grunn at det ikkje er heimel i revisorlova til å fråvike krava til organisering av revisjonsselskap. Finansdepartementet slutta seg til Kredittilsynet si vurdering og avslo klagane.

Finansdepartementet avslo 19. februar 2002 Arthur Andersen & Co sin klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å påleggje Arthur Andersen & Co å trekkje seg som ansvarleg revisor i Sparebanken 1 SR-Bank. Departementet la til grunn at dei tenestene som Arthur Andersen & Co leverte til banken, var i strid med § 4–1 første ledd andre punktum og § 4–5 første og andre ledd i «lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer».

Finansdepartementet gav 5. mars, med heimel i «lov 17. november 2000 nr. 80 om børsvirksomhet m.m.» (børslova) § 2–2, Nord Pool ASA løyve til å

drive børsverksemd for varederivat med elektrisk kraft som underliggjande. Det blei sett vilkår for løyvet. Nord Pool ASA fekk vidare unntak frå eigaravgrensingsreglane i børslova § 4–1 slik at Statnett SF og Affärsverket Svenska Kraftnät kvar kan eige 50 prosent av aksjane i Nord Pool ASA. Unntaket blei avgrensa til ein periode på tre år frå løyvet blei gitt, og det blei sett som vilkår at det ikkje skjer vesentlege endringar i føresetnadene for unntaket.

Finansdepartementet gav 5. mars 2002, med heimel i «lov 19. juni 1997 nr. 79 om verdipapirhandel» § 6–1 første ledd, jf. § 1–7 første ledd, Nordic Electricity Clearing House ASA løyve til å drive oppgjersverksemd i samsvar med kapittel 6 i verdipapirhandelloyva. Løyvet var avgrensa til å gjelde oppgjersverksemd for varederivat med elektrisk kraft som underliggjande. Det blei sett vilkår for løyvet. Det blei vidare gitt unntak ifrå eigaravgrensingsreglane i § 6–1 sjuande ledd i verdipapirhandelloyva slik at Nord Pool ASA kan eige alle aksjane i Nordic Electricity Clearing House ASA. Dette unntaket blei avgrensa til ein periode på tre år frå løyvet blei gitt, og er avhengig av at det ikkje skjer vesentlege endringar i føresetnadene for unntaket. Mellom anna må ikkje den aktuelle eigarstrukturen endre seg.

Finansdepartementet gav 30. august 2001 NSB Forsikring AS løyve til å drive skadeforsikringsverksemd og gjenforsikring innanfor all skadeforsikring med unntak frå klasse 14 kredittforsikring og klasse 15 kausjonsforsikring. Løyvet blei avgrensa til å gjelde teikning av forsikring og gjenforsikring for selskap der NSB BA direkte eller indirekte har ein eigardel på minst 50 prosent eller kontrollerer ein tilsvarende del av stemmene på generalforsamlinga eller har rett til å peike ut eit fleirtal av styremedlemmene. Vidare gav Finansdepartementet løyve til at NSB BA kan eige 100 prosent av aksjane i NSB Forsikring AS.

Finansdepartementet avslo i vedtak 28. august 2001 klage frå StepStone på Skattedirektoratet sitt vedtak om å nekte løyve til å føre årsrekneskapen på engelsk.

Finansdepartementet sitt ansvar for Statens Bankinvesteringsfond blei frå 1. januar 2002 overført til Nærings- og handelsdepartementet. Dette føresette mellom anna at den myndigheita Finansdepartementet var tillagt ved kgl. res. etter «lov 29. november 1991 nr. 78 om Statens Bankinvesteringsfond», blei overført til Nærings- og handelsdepartementet. Vedtektene til Statens Bankinvesteringsfond måtte endrast i samband med at forvaltaransvaret blei overført.

Finansdepartementet avslo 19. april 2002 søk-

nad frå Møller BilFinans AS om utvida løyve slik at selskapet også kan finansiere produkt som ikkje blir selde av Møllerkonsernet.

Departementet slutta seg til tilrådinga frå Kredittilsynet og Skattedirektoratet i brev av høvesvis 20. desember 2001 og 14. januar 2002 om at unntak frå konsernrekneskapsplikta som nemnt i rekneskapslova § 3–7 fjerde ledd normalt bør givast dersom morselskapet utarbeider konsernrekneskap etter dei internasjonale rekneskapsstandardane (IAS) eller dei amerikanske rekneskapsstandardane (US GAAP) under føresetnad av at krava i rekneskapslova § 3–7 elles blir følgde. På denne bakgrunnen gav departementet den 26. februar 2002, med heimel i rekneskapslova § 3–7 fjerde ledd, Olsten Norway AS og dotterselskapa til Olsten unntak frå plikta til å utarbeide konsernrekneskap.

Gjensidige NOR Sparebank klaga på vedtak som Kredittilsynet hadde gjort i samband med refinansiering av evigvarande ansvarleg lån. Kredittilsynet har i brev 20. juni 2001 foreslått nye retningslinjer for førtidig innfriing av ansvarlege lån, og tilrår som følgje av dette at vedtaket Kredittilsynet gjorde 6. april 2001 om at Gjensidige NOR Sparebank ikkje kan gjennomføre den refinansieringa banken har søkt om, blir omgjort. Departementet

gjorde ikkje vedtak i saka. Departementet hadde ikkje merknader til at Kredittilsynet heretter vurderer førtidig nedbetaling av ansvarlege lån, og vedtak av 6. april 2001, etter dei retningslinjene Kredittilsynet har gjort greie for i sitt brev 20. juni 2001.

Finansdepartementet gjorde 12. desember 2001 vedtak i sju saker som galdt klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle løyve som registrert og statsautorisert revisor, høvesvis tre løyve som statsautorisert revisor og fire løyve som registrert revisor, med heimel i revisorlova § 9–1 tredje ledd nr. 2. Samstundes blei ei godkjenning som revisjonsselskap tilbaketrekt. Klagar over slike saker blei tidlegare behandla av Revisorrådet som var oppnemnt i medhald av § 13 i den no oppheva «lov 14. mars 1964 nr. 2 om revisjon og revisorer». Ved «lov 15. januar 1999 nr. 2 om revisjon og revisorer» gjekk ein bort ifrå ordninga med revisorråd. Klage over vedtak i Kredittilsynet om tilbakekalling av løyve som registrert eller statsautorisert revisor blir etter dette behandla av departementet etter «lov av 10. februar 1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker» (forvaltningslova) § 28.

6 Verksemda i Noregs Bank i 2001

6.1 Årsmeldinga for 2001

Årsmeldinga 2001 for Noregs Bank blei handsama og godkjend i hovudstyremøte 20. mars 2001. Etter § 28 i «lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet (sentralbankloven)» skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet, som så skal leggje det fram for Kongen og gjere det kjent for Stortinget. Etter § 5 i instruks skal Riksrevisjonen sende «et eksemplar av de i § 2 nevnte dokumenter til Stortinget sammen med sine mulige bemerkninger om resultatet av kontrollen». Årsmeldinga følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Det følgjer av sentralbanklova § 2 siste ledd at «Riksrevisjonen fører kontroll med statsrådens myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortinget». Stortinget har fastsett ein slik instruks 10. april 1987 «for Riksrevisjonens kontroll vedrørende Norges Bank». Etter § 2 i denne instruksen «skal statsråden, snarest mulig etter at Norges Banks årsregnskap og årsberetning er mottatt i departementet, oversende til Riksrevisjonen:

1. Bankens årsregnskap, fastsatt av representantskapet, med revisjonens beretning
2. Hovedstyrets årsberetning
3. Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og eventuelt om andre forhold vedrørende banken
4. Statsrådens beretning vedrørende departementets og regjeringens myndighetsutøvelse i saker som gjelder Norges Bank.»

Departementet sender dokumenta som er nemnde i instruksen § 2 nr. 1–3, til Riksrevisjonen når departementet har motteke dei frå Noregs Bank. Tidlegare har departementet lagt til grunn at instruksen § 2 nr. 4 blir oppfylt ved at dei forholde som § 2 nr. 4 tek opp, blir omtala i samband med at den årlege Kredittmeldinga blir lagd fram om hausten. I brev til Finansdepartementet 15. mars 2001 bad Riksrevisjonen om at statsråden sin omtale som er nemnd i instruksen § 2 nr. 4, skulle bli send til Riksrevisjonen ein månad etter at årsrekneskapen frå Noregs Bank er motteken i departementet. Brevet frå Riksrevisjonen gjorde det nødvendig å gå

nærare inn i kva som skal reknast som «statsrådens myndighetsutøvelse». Dette inneber kompliserte juridiske spørsmål, sidan statsråden i utgangspunktet har avgrensa tilgang til å utøve myndigheit overfor Noregs Bank. I brev til Riksrevisjonen 7. september 2001 går Finansdepartementet gjennom dei ulike måtar «myndighetsutøvelse» kan tolkast på. Etter departementet sitt syn skal «myndighetsutøvelse» omfatte dei instruksar som Kongen i statsråd fastset med heimel i sentralbanklova § 2 fjerde ledd. Departementet gav uttrykk for meir tvil om ei avgjerd om ikkje å instruere Noregs Bank skal reknast som «myndighetsutøvelse». Etter departementet sitt syn var det likevel nyttig at Riksrevisjonen mottek informasjon også i slike saker. Det blei lagt til grunn at statsråden sin omtale om myndighetsutøving mest praktisk kunne oppfyllast ved at Riksrevisjonen får gjenpart av den korrespondansen som skjer mellom departementet og Noregs Bank i slike saker som er nemnde ovanfor (saker om instruksjon og saker der ein let vere å instruere).

I Finansdepartementet sitt brev til Riksrevisjonen 21. juni 2002 heiter det:

«Norges Bank ble ikke instruert med hjemmel i sentralbankloven § 2 tredje ledd i år 2001. I år 2001 forela Norges Bank en sak for departementet etter bestemmelsen i sentralbankloven § 2 annet ledd.»

Kopi av departementet sitt svarbrev 18. juni 2001 til Noregs Bank i saka som blei lagd fram for departementet, blei lagd ved brev av 21. juni 2002 frå Finansdepartementet til Riksrevisjonen.

6.1.1 Leiing og administrasjon

6.1.1.1 Hovudstyret

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen, jf. § 6 i sentralbanklova. Sentralbanksjefen er leiar og visesentralbanksjefen nestleiar i hovudstyret. Hovudstyret blir supplert med to medlemmer som representerer dei tilsette i banken når styret har oppe administrative saker. Hovudstyret hadde 17 møte i 2001. Boks 6.1 viser samansetjinga av hovudstyret i 2001.

Boks 6.1 Hovudstyret i Noregs Bank

Hovudstyret var i 2001 samansett slik (vararepresentantar i parentes):

Sentralbanksjef Svein Gjedrem, leiar

Visesentralbanksjef Jarle Berge, nestleiar

Konsulent Esther Kostøl, 1998–2001 (nestleiar Eystein Gjelsvik)

Administrerande direktør Torgeir Høien, 1998–2001 (advokat Ingfrid O. Tveit)

Dagleg leiar Sylvi Røssland Sørfonn, 2000–2003 (revisor Tore Johansen)

Fylkesmann Sigbjørn Johnsen, 1998–2001 (fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik)

Konsernsjef Trond R. Reinertsen, 2000–2003 (konsulent Kari Olrud Moen¹)

Representantar for dei tilsette:

Sonja Blichfeldt Myhre (Einar Alnes)

Jan Erik Martinsen (Sven Odd Rotbæk)

¹ Kari Olrud Moen gjekk ut av hovudstyret då ho blei statssekretær i Finansdepartementet.

6.1.1.2 Representantskapet

Stortinget oppnemner eit representantskap med 15 medlemmer og vel leiar og nestleiar for to år, jf. sentralbanklova § 7. Boks 6.2 viser samansetjinga av representantskapet i 2001.

6.1.1.3 Personalet

Tabell 6.1 viser fordelinga av dei fast tilsette i banken på hovudkontoret og andre einingar. Noregs Bank hadde ved utgangen av 2001 til saman 662

heil- og deltidstilsette, noko som innebar ein samla nedgang på 424 i høve til 2000. Same året auka talet på tilsette i Noregs Bank Kapitalforvaltning med fjorten, slik at denne verksemda, som forvaltar Statens petroleumsfond på vegner av Finansdepartementet, ved utgangen av 2001 hadde 105 tilsette. Då Den Kongelige Mynt 1. januar 2001 blei skild frå Noregs Bank og etablert som eige aksjeselskap (DKM AS) og selskapet Norsk Kontantservice AS (NOKAS) blei skipa 1. juli. 2001, gjekk talet på tilsette i Noregs Bank ned med 384 stillingar.

Boks 6.2 Representantskapet i Noregs Bank

Representantskapet var i 2001 samansett slik (vararepresentantar i parentes):

Skolesjef Mary Kvidal, leiar, 1998–2001 (informasjonssjef Bjørnar Olsen)

Skipsreiar Jens Marcussen, nestleiar, 1998–2001 (avdelingsleiar Nils-Olav Skilbred)

Dagleg leiar Solveig Nordkvist Haugerud, 2000–2003 (kommunalaråd Monica Mæland)

Varaordførar Terje Ohnstad, 2000–2003 (lærer Ragnhild Weiseth)

Sekretær Berit I. Hultmann, 1998–2001 (fagopplæringssjef Frode R. Svendsen)

Fylkeskultursjef Hanne Varhaug Søberg, 2000–2003 (avdelingsleiar Bjørn Arild Gram)

Ass. fylkeshelsesjef Veslemøy Rabe, 2000–2003 (student Camilla Bakken Øvald)

Husmor Reidun Romflo¹, 2000–2003 (ordførar Rigmor Aasrud Jahren)

Fylkesutdanningssjef Johan Solheim, 2000–2003 (salssjef Armand Bjørnholt²)

Advokat Morten Steenstrup, 2000–2003 (direktør Søren Fredrik Voie³)

Kontorleiar Aslaug Mildrid Sofie Eriksen, 1998–2001 (prosjektdirektør Odd Erik Hansgaard)

Cand.oecon Hans Hammond Rossbach, 1998–2001 (sikkerheitskonsulent Olav Pedersen)

Grosserar Hakon Lunde, 1998–2001 (distriktsbanksjef Dag Sandstå)

Rektor Per Aas, 1998–2001 (ordførar Trude Brosvik)

Konsulent Kåre Harila, 2000–2003 (fylkespolitikar Unni Hennum Lie)

¹ Romflo: Melding om dødsfall i juni 2001. Vararepresentant Aasrud Jahren fungerte som medlem til 17. desember 2001 då Tom Thoresen blei vald som nytt medlem.

² Bjørnholt: Melding om dødsfall i februar 2001. Jan Elvheim vald som ny vararepresentant for Solheim 3. mai 2001.

³ Voie: Vald som stortingsrepresentant frå 1. oktober 2001, og funksjonen som vararepresentant til representantskapet opphøyrde frå same dato. Liv Stave blei vald som ny vararepresentant for Steenstrup 17. desember 2001.

Tabell 6.1: Fordeling av dei fast tilsette i Noregs Bank på hovudkontoret og i andre einingar¹⁾

	1997	1998	1999	2000	2001
Hovudkontoret	594	629	657	643	608
Avdelingane utanfor Oslo	397	375	366	337	0
Seteltrykkeriet og Den Kongelege Mynt	151	149	131	106	
Seteltrykkeriet					54
Sum	1 142	1 153	1 154	1 086	662

¹⁾ Tala i tabell 6.1 viser kor mange personar som var tilsette i Noregs Bank per 31. desember 2001. Tala er mellom anna påverka av talet på deltidstilsette, og av at det ofte går litt tid frå ein sluttar i ei stilling og til den neste tek til. Tala let seg derfor ikkje samanlikne direkte med den faktiske bruken av årsverksressursar gjennom året. Den Kongelege Mynt blei frå 1. januar 2001 skipa som aksjeselskap slik at talet på tilsette for 2001 berre gjeld seteltrykkeriet.

Kjelde: Noregs Bank

6.1.1.4 Bruken av ressursar i Noregs Bank

Noregs Bank har i brev 19. juni 2002 til Finansdepartementet gjort greie for utviklinga i ressursbruken. Der står det mellom anna:

«Store delar av banken blei omorganisert i 2001 med sikte på ein meir effektiv ressursbruk og ein auka konsentrasjon om kjerneoppgåvene pengepolitikk, finansiell stabilitet og kapitalforvaltning.

Den Kongelige Mynt AS (DKM AS) blei skipa 1. januar 2001 med ein aksjekapital på 25 millionar kroner. Noregs Bank eig 100 prosent av aksjane. Ved etableringa blei 48 medarbeidarar overførte frå Noregs Bank til det nye selskapet. Produksjonsverksemda held elles fram i dei same bygningane på Kongsberg, og bygningane blei i juni 2001 selde til selskapet. Hovudmotivet for å skipe selskapet var å skape ei så effektiv verksemd som mogleg. I tillegg gav utskiljinga DKM AS framleis høve til å produsere eit breiare produktspekter, slik at investeringar, kompetanse og kapasitet kan nyttast betre og meir effektivt. Myntproduksjonen rundt om i Europa blir no omstrukturert mellom anna som ei følgje av innføringa av euro frå nyttår 2002. Ein forventar at marknaden for sirkulasjonsmynt vil bli meir ustabil og konkurransen vil bli hard. Dette talar for at Noregs Bank som eigar bør vurdere DKM AS si strategiske stilling. Som det er gjort nærare greie for i brev til Finansdepartementet 8. april 2002, har hovudstyret kome til at banken bør opne for å finne andre eigarar til selskapet.

Selskapet Norsk Kontantservice AS (NOKAS) blei skipa 1. juli 2001 med ein aksjekapital på 50 millionar kroner. Noregs Bank eig 33,5 prosent. Dei andre eigarane er Den norske Bank, Gjensidige NOR, Fokus Bank, Nordlandsbanken, Sparebank1-gruppen og Terra-gruppen. Selskapet står for ein stor del av kontanthandteringa i Noreg og utfører på oppdrag

for Noregs Bank delar av banken sine lovpålagde oppgåver på kontantområdet.

I samband med etableringa av NOKAS blei dei attverande avdelingane lagde ned som distriktseiningar under Noregs Bank, og representantskapet gav i 2001 si tilslutning til at eigedomane kunne seljast. I ein overgangsperiode har dei fleste lokala til dei tidlegare avdelingane vore leigde ut til NOKAS si verksemd, men per juni 2002 er dei fleste av eigedomane selde: Hausten 2001 og vinteren 2002 blei eigedomane i Haugesund, Fredrikstad og Ålesund selde, og i juni 2002 blei eigedomane i Bodø, Kristiansand, Larvik, Lillehammer, Tromsø, Trondheim og Vardø selde. I alt summerer salsinntektene seg til om lag 132 millionar kroner. Bankens eigedomar i Bergen, Hammerfest og Stavanger er enno ikkje selde.

For Noregs Banks Seteltrykkeri (NBS), har det vore ein stadig nedgang i verksemda. Talet på tilsette blei redusert frå 59 til 54 i 2001. Produksjonen av norske pass for Politidirektoratet blir fasa ut i løpet av 2003, noko som vil føre til ein ytterlegare reduksjon i talet på tilsette. På same måte som for DKM AS må òg NBS sin framtidige situasjon vurderast i tida framover.

Ved utgangen av 2001 var det 662 fast tilsette og engasjerte i Noregs Bank, mot 1086 ved utgangen av 2000. Utskiljinga av kontanthandteringa og myntproduksjonen står aleine for ein reduksjon på 384 stillingar. Samstundes har det vore ein ytterlegare vekst i talet på tilsette i kapitalforvaltninga. Ved inngangen til 2002 hadde Noregs Bank Kapitalforvaltning 105 tilsette, ein auke på 14 frå året før. Den resterande brutto nedgangen i talet på tilsette har funne stad ved seteltrykkeriet og i andre funksjonar ved hovudkontoret.

Omstillingstiltak og avvikling av verksemda ved distriktsavdelingane får konsekvensar for dei tilsette som blir råka. For å dempe verknadene har banken tatt i bruk ulike personalpo-

litiske tiltak, så som utdaningspermisjon, førtidspensjon og venteløn. I 2000 fekk om lag hundre tilsette innvilga søknad om avgang ved bruk av personalpolitiske verkemiddel i omstillingshøve, og i 2001 fekk ytterlegare åtti medarbeidarar godkjent slike søknader.

For ein vidare omtale av ressursbruken i Noregs Bank viser ein elles til banken si årsmelding for 2001.»

Departementet viser til dei omleggingane Noregs Bank har gjort for å sikre ei effektiv ressursutnytting. Ein er innforstått med at det kan vere naudsynt med ein auke i ressursbruken innanfor kapitalforvaltninga i Noregs Bank i samband med oppbygginga av Statens petroleumsfond.

6.1.2 Nærare om verksemda til Noregs Bank i 2001

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank mellom anna vere utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut setlar og mynt og fremme eit effektivt betalings-system. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.

Det følgjande er ei framstilling av verksemda i 2001 som byggjer på årsmeldinga frå Noregs Bank. For ein meir utfyllande gjennomgang viser ein til årsmeldinga. Ein viser òg til omtalen av penge-, kreditt- og renteutviklinga i nasjonalbudsjettpublikasjonane.

6.1.2.1 Pengepolitikken

Retningslinjene for pengepolitikken blei endra ved forskrift av 29. mars 2001, jamfør St.meld. nr. 29 (2000–2001) «Retningslinjer for den økonomiske politikken». Stortinget slutta seg til desse. I § 1 i forskrifta heiter det mellom anna:

«Pengepolitikken skal sikte mot stabilitet i den norske kronens nasjonale og internasjonale verdi, herunder også bidra til stabile forventninger om valutakursutvikling. Pengepolitikken skal samtidig understøtte finanspolitikken ved å bidra til å stabilisere utviklingen i produksjon og sysselsetting. [...] Norges Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med første ledd rettes inn mot lav og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken skal være en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 pst.»

Vidare heiter det i St.meld. nr. 29 (2000–2001):

«Norges Banks rentesetting skal være framoverskuende og ta tilbørlig hensyn til usikkerhet knyttet til makroøkonomiske anslag og vur-

deringer. Den skal ta hensyn til at det kan ta tid før politikkenringer får effekt, og den bør se bort fra forstyrrelser av midlertidig karakter som ikke vurderes å påvirke den underliggende pris- og kostnadsveksten.»

Retningslinjene for pengepolitikken av 29. mars 2001 inneber at pengepolitikken har fått ei klar rolle i å stabilisere den økonomiske utviklinga. Låg og stabil inflasjon er viktig for å sikre stabilitet i produksjon og sysselsetting og vil også medverke til stabilitet i valutakursen over tid.

Hovudstyret i Noregs Bank drøftar pengepolitikken kvar sjette veke. Eventuelle vedtak om endringar i renta eller andre viktige omleggingar i bruken av verkemidla blir normalt fatta i desse møta.

Hovudstyret i Noregs Bank fastset rentesatsane på dagsinnskota og dagslåna som bankane har i Noregs Bank. I tillegg kan banken intervenere i valutamarknaden. Renta på dagsinnskot (foliorenta) er Noregs Bank si styringsrente. I normale høve ligg dei kortsiktige rentene i pengemarknaden nær foliorenta. Rentene i penge- og kapitalmarknadene verkar inn på kronekursen, prisane på verdipapira, bustadprisane og på etterspurnaden etter lån og investeringar. Endringar i Noregs Bank si rente kan òg verke inn på forventningane om framtidig inflasjon og økonomisk utvikling. Gjennom alle desse kanalane verkar renta på dei samla etterspørsels- og produksjonsforholda og på prisar og løner. Lågare rente vil auke etterspørselen og inflasjonen. Høgare rente verkar motsett.

Noregs Bank skriv i årsmeldinga for 2001:

«Norges Banks styringsrenter blir satt ut fra en samlet vurdering av utsiktene for inflasjonen. Siden en renteendring ikke virker umiddelbart på inflasjonen, må Norges Bank se framover i rentesettingen. Bankens analyser tyder på at en vesentlig del av virkningene av en renteendring vil komme innen to år. To år er derfor et rimelig tidsperspektiv for å nå målet om 2½ prosent inflasjon. Det vil si at rentene fastsettes med sikte på at inflasjonen skal være 2½ prosent om to år.»

Vidare heiter det:

«I enkelte situasjoner, dersom uventede hendelser har ført til høy inflasjon, kan det være riktig å legge til grunn et lengre tidsperspektiv enn to år for å unngå unødige realøkonomiske kostnader. En forutsetning for å kunne velge et lengre tidsperspektiv, er at Norges Bank kan bygge på at det er stor tillit hos aktørene i det økonomiske livet til at inflasjonen over tid vil være lav og stabil. Etter hvert som det blir vunnet erfaring med at renten settes etter et infla-

sjonsmål, vil det trolig bli større mulighet for å legge vekt på hensynet til stabilitet i realøkonomien.

Når Norges Bank kommer til at renten bør endres, vil banken oftest gå gradvis fram. Det skyldes at det normalt er usikkerhet om hva situasjonen er i økonomien, hvilke andre forstyrrelser økonomien kan bli utsatt for, og hvor raskt en renteendring påvirker prisstigningen. Men Norges Bank vil ikke alltid gå gradvis fram. Det vil være riktig å endre renten raskt og markert hvis for eksempel sterk uro i finansmarkedene eller et forhandlingsdrevet kostnadssjokk tyder på at tilliten til pengepolitikken står i fare.»

Hovudstyret i Noregs Bank hadde ni rentemøte i 2001. Styringsrenta blei halden uendra på 7 prosent fram til 12. desember, då hovudstyret sette ned foliorenta med ½ prosentpoeng. Samtidig uttala banken at det med ei rente på 6,5 prosent framleis var meir sannsynleg at inflasjonen på to års sikt ville bli lågare enn 2½ prosent enn at han ville bli høgare. Sjå årsmeldinga frå Noregs Bank for 2001 for ei skildring av korleis banken vurderer marknadsutsiktene o.a. som låg til grunn for rentevedtaka. Kursen på norske kroner målt mot euro blei styrkt frå 8,31 til 7,97 gjennom året.

Noregs Bank har drøfta utøvinga av pengepolitikken og resultata som er nådde, nærare i årsmeldinga for 2001. Her skriv banken mellom anna:

«Norges Bank legger til grunn at pengepolitikken virker med et tidsetterslep. Inflasjonen som kan observeres på et bestemt tidspunkt, er blant annet et resultat av den styringsrenten som ble satt ett til to år tidligere. Siden det tar tid før pengepolitikken virker på inflasjonen, ser Norges Bank fremover i rentesettingen. Innretningen av pengepolitikken i 2001 kan derfor best vurderes i forhold til den faktiske utviklingen i inflasjonen i årene fremover. Inntil videre må pengepolitikken som ble ført i 2001 ses i lys av utsiktene for inflasjonen i årene fremover.

Vidare heiter det:

«Statistisk sentralbyrå har siden 10. oktober 2001 publisert tall for konsumprisveksten justert for avgiftsendringer og uten energivarer (KPIJAE). Dette målet for inflasjonen er etter Norges Banks syn et utgangspunkt for å vurdere pengepolitikken i ettertid. Tolvmåneder-sveksten i KPIJAE viste en nokså stabil utvikling gjennom 2001 etter en klar økning i 2000 [...]. I gjennomsnitt økte konsumprisene justert for avgiftsendringer og uten energivarer med 2,6 prosent fra 2000 til 2001.»

Fram til dei nye retningslinjene for pengepolitikken blei vedtekne 29. mars 2001, var pengepolitikken retta inn mot stabilitet i kroneverdien overfor europeiske valutaer. I årsmeldinga for 2001 skriv banken:

«For å oppnå kursstabilitet mot euro ble virkemidlene rettet inn slik at pris- og kostnadsstigningen skulle komme ned mot det Den europeiske sentralbanken (ESB) sikter mot. [...] De nye retningslinjene for pengepolitikken, som ble innført 29. mars, kunne gjøres gjeldende uten at det i seg selv førte til vesentlige endringer i hvordan pengepolitikken utøves.»

Ulike institusjonars prognosar for inflasjonen (Consensus Forecasts) tyder på at det er tillit til pengepolitikken. Prisauken på lang sikt blir der venta å vere lik inflasjonsmålet på 2,5 prosent.

Utviklinga i langsiktige renter kan òg gi informasjon om aktørane sine inflasjonsforventningar. Ut frå observerte renter med ulik løpetid kan ein rekne ut implisitte terminrenter, som kan uttrykke forventningane i marknaden om framtidige kortsiktige renter. Dette kan brukast til å utleie eit mål for prisforventningane i Noreg samanlikna med andre land. I Noregs Bank si årsmelding heiter det:

«Differansen mellom terminrentene i Norge og Tyskland på lang sikt bør for eksempel gjenspeile den forventede forskjellen i inflasjonen mellom Norge og Tyskland på lang sikt. Hvis de norske terminrentene ligger langt over de tyske, kan det tyde på at aktørene venter at forskjellen i inflasjonen vil være større over tid enn det som følger av målene for pengepolitikken i Norge og euroområdet. Imidlertid må en i slike sammenlikninger ta høyde for en viss usikkerhet knyttet til beregningsmetoden for terminrenter og tolke resultatene med forsiktighet. I løpet av våren og sommeren 2001 økte den norske langsiktige terminrenten markert. Dette slo ut i en tilsvarende økning i differansen mot Tyskland. Økningen bør ses i lys av innføringen av inflasjonsmålet på 2½ prosent 29. mars. Inflasjonsmålet er noe høyere enn eurolandenes definisjon av prisstabilitet. De nye retningslinjene for pengepolitikken bidro trolig til å øke inflasjonsforventningene i Norge, både absolutt og relativt til i Tyskland. [...] Differansen mellom norske og tyske langsiktige terminrenter har ligget i området 1–1¼ prosentpoeng etter økningen gjennom våren og sommeren 2001. Etter Norges Banks vurdering kan differansen forklares med at inflasjonsmålet i Norge er høyere enn eurolandenes definisjon av prisstabilitet, samt likviditets- og risikopremier på plasseringer i Norge. Terminrentene synes dermed å være i samsvar

med informasjonen fra Consensus Forecasts om forventningene om den fremtidige prisstigningen.»

Likviditetspolitikken skal ifølgje Noregs Bank syte for at rentevedtaka i hovudstyret får breitt gjennomslag i dei kortsiktige pengemarknadsrentene. Dette oppnår banken ved å bruke dei likviditetspolitiske verkemidla til Noregs Bank slik at den marginale dagsrenta i banksystemet blir lik renta på dagsinnskot i Noregs Bank (foliorenta).

Dei viktigaste likviditetspolitiske instrumenta er fastrentelån (F-lån) som er pantesikra, og fastrenteinnskot (F-innskot). F-lån blir nytta for å tilføre likviditet til bankane, medan F-innskot blir nytta til å binde midlar i sentralbanken. F-lån og F-innskot har normalt ei løpetid på mellom ein og fem dagar, og renta blir fastsett ved ordinær aukasjon.

I årsmeldinga for 2001 skriv banken:

«Norges Bank vil normalt ikke kjøpe og selge valuta med sikte på å påvirke kronekursen. Slike intervensjoner kan imidlertid være aktuelt dersom kronekursen kommer vesentlig utenfor det banken vurderer som rimelig ut fra fundamentale forhold, og kursutviklingen samtidig svekker utsiktene til å nå inflasjonsmålet. Det kan også være aktuelt med intervensjoner ved store kortsiktige svingninger i kronekursen når likviditeten i valutamarkedet er sterkt redusert. Norges Bank ønsker ikke å opptre på en måte som kan fremkalle spillsituasjoner med aktører i valutamarkedet, der et kurspress forsterkes. Valutaintervensjoner, enten det er kjøp eller salg av valuta, er ikke egnet som virkemiddel til å påvirke kronekursen over lengre tid. Banken vil gjøre rede for eventuelle intervensjoner og bakgrunnen.»

Noregs Bank har beredskap for å kunne intervenere i valutamarknaden på kort varsel. Til dette formålet har banken likviditetsporteføljen (sjå punkt 6.1.2.2 Kapitalforvaltning), som ved utgangen av 2001 var på 36,7 milliardar kroner. Dei andre valutareservane kan òg nyttast til intervensjonar om tilhøva i valutamarknaden skulle tilseie det. Noregs Bank intervenerte ikkje i valutamarknaden i 2001.

Ordninga med at Noregs Bank kjøper valuta på dagleg basis til oppbygging av Statens petroleumsfond og Statens petroleumsforsikringsfond, blei ført vidare. I 2001 kjøpte Noregs Bank brutto utanlandsk valuta tilsvarande 120,3 milliardar kroner. Ordninga med direkte overføringar til Noregs Bank av valutainntekter som staten tek imot gjennom statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), er òg ført vidare. I

2001 motsvarte desse overføringane frå SDØE 121,7 milliardar kroner.

6.1.2.2 Kapitalforvaltning

Ved utløpet av 2001 forvalta Noregs Bank nær 800 milliardar kroner i dei internasjonale kapitalmarknadene. Hovuddelen av dette var Statens petroleumsfond, som blir forvalta på vegner av Finansdepartementet, og banken sine internasjonale reservar. I tillegg forvaltar banken Statens petroleumsforsikringsfond på vegner av Olje- og energidepartementet.

Noregs Bank forvaltar Statens petroleumsfond med grunnlag i lov av 22. juni 1990 nr. 36. Marknadsverdien av fondet sin portefølje av utanlandske verdipapir var ved starten av 2001 på 386,1 milliardar kroner. Til saman 251 milliardar kroner blei overførte frå Finansdepartementet i løpet av året. Avkastninga i norske kroner var negativ med minus 5,3 prosent, og 31. desember 2001 var fondet sin marknadsverdi på 613,3 milliardar kroner.

Forvaltninga i 2001 var i tråd med forskrifta som blei fastsett av Finansdepartementet 3. oktober 1997, med heimel i § 7 i «lov 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond», og seinast endra 16. januar 2002. Finansdepartementet sin referanseportefølje for fondet inneheld 40 prosent eigenkapitalinstrument og 60 prosent renteberande instrument. Frå 31. januar 2001 blei seks nye land tekne med i referanseporteføljen for eigenkapitalinstrument. Av desse var fem land såkalla framveksande marknader. Frå same dagen blei Hellas teke med i referanseporteføljen for renteberande instrument.

Til og med 2001 har rentereferansen berre innehalde statsobligasjonar. Med verknad frå 28. februar 2002 blir også andre obligasjonar tekne med i referanseporteføljen.

Frå 31. januar 2001 blei det oppretta eit eige miljøfond av aksjar. Marknadsverdien av fondet var ved starten på ein milliard kroner. Ein ny milliard blei overført til Miljøfondet 31. januar 2002. Miljøfondet blir investert i bedrifter som oppfyller bestemte krav til miljørapportering og miljøsertifisering, og i andre selskap med liten negativ innverknad på miljøet.

Avkastninga på Statens petroleumsfond, medrekna Miljøfondet, var i 2001 0,13 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Over dei fire siste åra, fram til utgangen av år 2001, har Petroleumsfondet hatt ei nominell avkastning på 38 prosent rekna i norske kroner. Det er 1,8 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Forvaltninga av Statens petroleums-

fond er omtala i statsrekneskapen og i ei eiga års-melding for fondet.

Noregs Banks internasjonale reservar er sette saman av valutareservane, gull og fordringar på det internasjonale valutafondet (IMF). Valutare-servane består av fire delporteføljor. Desse er likviditetsporteføljen, den langsiktige porteføljen, immuniseringsporteføljen og petrobufferporteføljen. Ved utgangen av året utgjorde likviditetsporteføljen 36,7 milliardar kroner, den langsiktige porteføljen 106,4 milliardar kroner, immuniseringsporteføljen 6,7 milliardar kroner og petrobufferporteføljen 7,9 milliardar kroner. Både den langsiktige porteføljen og likviditetsporteføljen blir forvalta med sikte på høgast mogleg avkastning innanfor dei rammer for risiko som er spesifiserte i hovudstyret sine retningslinjer. Hovudstyret bestemte i 2000 at delar av den langsiktige porteføljen skal plasserast i aksjar. Overgangen frå 0 til 20 prosent aksjedel skjedde i første halvår 2001. Det er sett ei grense for høgaste eigardel i eitt einskilt selskap på 0,5 prosent, og det skal ikkje utøvast eigarrettar som er knytte til aksjane, med mindre det er nødvendig for å tryggje dei finansielle interessene ved valuta-reservane. I 2001 var avkastninga på den langsiktige porteføljen negativ med – 0,3 prosent, som var 0,15 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen. Avkastninga på likviditetsporteføljen var 2,9 prosent, som var 0,18 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen.

Marknadsverdien av Statens petroleumsforsikringsfond var ved utgangen av 2001 på 11,2 milliardar kroner. Fondet hadde i 2001 ei avkastning på 2,2 prosent, som var 0,19 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen.

Likviditetsporteføljen blir forvalta av Noregs Bank Pengepolitikk (PPO) ved Marknadsoperasjonsavdelinga. Dei andre porteføljane/fonda blir forvalta av Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP), som på linje med PPO er eit eige område i Noregs Bank.

Eksterne forvaltarar hadde ved utgangen av året ansvaret for om lag 20 prosent av Petroleumsfondet. To eksterne aksjeforvaltarar hadde indeksmandat, medan 16 aksjeforvaltarar hadde til saman 20 aktive mandat, med større høve til å avvike frå referanseporteføljen for å oppnå høgare avkastning. Fire renteforvaltarar hadde aktive mandat for Petroleumsfondet. Tre av dei hadde òg mandat for den langsiktige porteføljen i valutareservane. To forvaltarar hadde mandat for taktisk aktiva-allokering i Petroleumsfondet.

Det er bygd opp kontrollapparat for verksemda både innanfor KAP og PPO, og i andre delar av sentralbanken. Rekneskapen for alle fonda blir re-

vidert av Noregs Banks Revisjon, for dei to eksterne fonda på vegner av Riksrevisjonen.

6.1.2.3 *Finansiell stabilitet – overvaking av finansmarknadene*

Noregs Bank har eit ansvar for å medverke til robuste og effektive finansmarknader og betalings-system, dvs. medverke til finansiell stabilitet. Skulle det oppstå ein situasjon der sjølv det finansielle systemet er truga, vil Noregs Bank, i samråd med andre styringsorgan det vedkjem, vurdere om det er naudsynt å setje i verk tiltak for å sikre tilliten til det finansielle systemet.

Dei førebyggjande oppgåvene Noregs Bank har på dette feltet, er å:

- verke til å avgrense risikoen i avreknings- og oppgjerssystema for å hindre at likviditets- og soliditetssvikt forplantar seg mellom del-takarane
- overvake finansnæringa for å avdekkje utviklingstrekk som kan føre til svekt inntening og auka tap i finansnæringa, og dermed truge stabiliteten i finansiell sektor
- vurdere korleis pengepolitikken og den økonomiske politikken elles påverkar stabiliteten i finansiell sektor og vice versa.

Rapporten Finansiell stabilitet blir utgitt av Noregs Bank to gonger pr. år. Formålet med rapporten er å gi ei samanfattande vurdering av situasjonen i og utsiktene for finansiell sektor, med spesiell vekt på bankane og deira evne til å møte moglege større vanskar i økonomien. Rapporten blir drøfta med Finansdepartementet og Kredittilsynet. Rapporten skal òg verke til dialog med finansnæringa om forhold som kan skape ubalansar i det finansielle systemet.

Rapporten inneheld dels analysar av samanhen-gen mellom makroøkonomiske utviklingstrekk og utviklinga i finansiell sektor, dels Noregs Bank si vurdering av utsiktene for finansiell stabilitet.

Dei nasjonale finansmarknadene er blitt meir integrerte i kvarandre, og ein får stadig nye døme på kor raskt uro spreier seg mellom land. Terrorangrepet mot USA 11. september 2001 ramma sentrale aktørar i finansiell sektor i mange land. Fleire marknadsplassar blei stengde i kortare periodar. Ei rekkje sentralbankar tilførte ekstraordinær likviditet for å verke til at marknadene skulle fungere best mogleg. Dei norske marknadene fungerte tilfredsstillande i den aktuelle situasjonen, og det var ikkje behov for slik tilførsel frå Noregs Bank.

Gjennom 2001 har Noregs Bank heller ikkje funne grunnlag for å gjere framlegg om at andre

styresmakter må setje i verk spesielle tiltak med sikte på å redusere faren for systemproblem.

Noregs Bank gir tilrådingar til Finansdepartementet og Kredittilsynet i samband med høyringar om lover, føresegnar og anna regelverk for finansinstitusjonane og finansmarknadene. Som hovudregel ber dessutan Kredittilsynet Noregs Bank om å gi tilråding i saker som gjeld søknader frå dei enkelte finansinstitusjonane om nyetablering, oppkjøp, fusjon, o.a. I dei seinare åra har Noregs Bank i aukande grad konsentrert ressursinnsatsen om saker som har noko å seie for den finansielle stabiliteten. Dette inneber at sentralbanken i første rekke uttalar seg om saker som er knytte til dei sentrale delane av regelverket, og enkeltsaker som har tilknytning til dei største finansinstitusjonane. Ved vurdering av søknadene legg Noregs Bank særleg vekt på omsynet til konkurranse, soliditet og organisering. Dei viktigaste sakene som blei handsama i 2001, er nemnde i årsmeldinga frå sentralbanken, som følgjer denne meldinga som utrykt vedlegg.

Samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank har følgd den ordninga som er etablert gjennom tidlegare år. Noregs Bank er representert med ein observatør i styret i Kredittilsynet. Det er nær og regelbunden kontakt mellom leiingane i dei to institusjonane, der mellom anna gjennomgang av den økonomiske situasjonen og utviklinga i finansinstitusjonane er faste tema. Det er orientert nærare om samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank i Kredittmeldinga 2000 (punkt 4.1.2.6).

6.1.2.4 *Betalingssystem og betalingsmiddel*

Noregs Bank har eit overordna ansvar for risikoen og effektiviteten i betalingssystema. Noregs Bank syter for oppgjør av krav og skyldnader mellom bankane og for pengeoppgjør i verdipapirhandelen, og har oppgåver knytte til statens økonomiforvaltning. Som setelbank har Noregs Bank ansvar for produksjon og distribusjon av setlar og mynt.

«Lov om betalingssystem m.v.» av 17. desember 1999 nr. 95 blei sett i kraft 14. april 2000. Lova krev at det må søkjast om konsesjon for etablering eller drift av interbanksystem (system for avrekning, oppgjør eller overføring mellom kredittinstitusjonar), og gir Noregs Bank konsesjons- og tilsynsansvar med slike system. I første halvår av 2001 gav Noregs Bank fire mindre system fritak frå kravet om konsesjon, medan tre større system fekk konsesjon for drift eller etablering av interbanksystem. Dette gjeld systema til Norwegian

Interbank Clearing (NICS), Den Norske Bank (DnB) og Gjensidige Nor Sparebank (GNS).

Etter at betalingssystemlova tredde i kraft og det blei gjort endringar i dei eksisterande systema for at dei skulle tilfredsstillast krava til konsesjon, er den legale risikoen i det norske betalingssystemet svært avgrensa. Analysar Noregs Bank har gjort, viser òg at kreditt- og likviditetsrisikoen samla sett er relativt avgrensa etter at Noregs Bank og bankane gjennom fleire år har samarbeidd om risikoreducerande tiltak i det norske betalingssystemet. I tida framover blir det hovudsakleg lagt vekt på risikoen knytt til det at norske bankar tek del i internasjonal valutahandel (valutaoppgjersrisiko) og operasjonell risiko. Etableringa av ein internasjonal fleirvaluta oppgjersbank, CLS Bank, som dei største bankane eig, vil redusere oppgjersrisikoen i samband med slike handlar kraftig. Fleire drifts-avbrot i driftssentralane til bankane har vist at det kan vere ei vesentleg operasjonell sårbarheit. Driftsstansen i EDB Fellesdata i august 2001 råka òg avrekningssystemet i Gjensidige NOR Sparebank og dermed ei rekkje små og mellomstore bankar. Systema er sjølv ansvarlege for at rutinar, reserveløysingar, kompetanse og beredskap er utforma slik at dei på ein god måte kan handtere den operasjonelle risikoen. Noregs Bank vurderer heile tida behovet for tiltak for system som ikkje har naudsynt vektlegging av den operasjonelle risikoen, så som klargjering av avtalar, opplegg for beredskap og hyppigare rapportering. Noregs Bank har òg eit nært samarbeid med Kredittilsynet i oppfølginga av operasjonell risiko.

Kredittrisiko ved innanlandsk betalingsformidling oppstår dersom bankane godskriv kundane sine før dei sjølv har motteke oppgjør frå banken som sende betalinga. Noregs Bank har dei siste åra vore oppteken av å redusere slik risiko, og banknæringa har følgd opp dette med å gjennomføre fleire tiltak for å redusere risikoen. Eit viktig ledd i dette arbeidet var at banknæringa i februar i år la om meldingsrutinane for meldingar som blir sende på SWIFT-format. Dette inneber at bankane ikkje vil få melding om ei betaling før ho er gjort opp i oppgjersbanken. Ettersom dei fleste store betalingar blir sende på SWIFT-formatet, innebar denne omlegginga ein sterk reduksjon i risikoen knytt til innanlandsk betalingsformidling.

Noregs Bank samarbeider med dei andre sentralbankane for å redusere risikoen i betalingssystema. I 2001 var dette arbeidet i hovudsak knytt til utviklinga av eit nytt internasjonalt system for valutahandlar, Continuous Linked Settlement (CLS), som sikrar at overlevering av kjøpt og seld valuta skjer samstundes. Noregs Bank har arbeidd for at

den norske krona skal bli omfatta av dette systemet, og i oktober 2001 kunngjorde CLS at dei skandinaviske valutaene var eigna for inkludering i CLS. CLS vil innebere ei tettare kopling mellom oppgjerssystema i landa som deltek. Dette fører til at problem knytte til likviditet eller operativ stabilitet lettare kan spreie seg frå land til land. Saman med banknæringa og dei andre skandinaviske sentralbankane har Noregs Bank arbeidd for å finne løysingar som sikrar tilstrekkeleg likviditet til oppgjera.

For å fremje ein meir effektiv bruk av oppgjers-tenester innførte Noregs Bank prisar for bruk av slike tenester frå 1. juli 2001. Prisstrukturen er tredelt og består av ei tilknytingsavgift for nye deltakarar, årsavgift for kontohald og deltaking i nettooppgjera (infrastrukturavgift) og transaksjonsprisar. Frå 1. januar 2002 blei det innført rabattar for høge transaksjonsvolum. Med dette opplegget for prising er Noregs Bank på linje med andre sentralbankar når det gjeld prisstruktur og prisnivå.

I 2001 sette Noregs Bank i verk eit større arbeid for å modernisere Noregs Banks Oppgjerssystem (NBO). Moderniseringa skjer på bakgrunn av eit oversyn over kva som er Noregs Bank sine sentrale oppgåver i betalingsystemet. Desse er knytte til i) rolla som konsesjons- og tilsynsstyresmakt for interbanksystem, ii) dei pengepolitiske koplingane til oppgjerssystemet, iii) å tilby bankane oppgjær i eit risikofritt betalingsmiddel, dvs. krav på Noregs Bank, og iv) å sikre at det er nok likviditet i interbankmarknaden, slik at avrekning og oppgjær ikkje stansar opp. Desse oppgåvene kan løysast utan at Noregs Bank i utstrekt grad deltek i drifta og utviklinga av oppgjerssystemet. Noregs Bank og banknæringa vurderer derfor grunnlaget for andre løysingar for oppgåvefordelinga enn den vi har i dag. Ein slik gjennomgang kan avdekkje samordningsgevinstar og dermed gjere det mogleg å redusere dei samla kostnadene knytte til avrekning og oppgjær.

Noregs Bank etablerte i 2000 eit nytt beredskapsutval for finansiell infrastruktur (BFI). Beredskapsutvalet, som erstattar fleire andre beredskapsorgan i finansiell sektor, har to hovudoppgåver: (i) Kome fram til og samordne tiltak for å førebyggje og løyse krisesituasjonar og andre situasjonar som kan føre til stor uro i den finansielle infrastrukturen, og (ii) samordne naudsynte beredskapssaker innanfor finansiell sektor, mellom anna samordne utarbeiding og iverksetjing av varslingsplanar og beredskapstiltak ved tryggingsspolitiske kriser og krig på grunnlag av sivilt beredskapssystem. Beredskapsutvalet har leiing og sekretariat i Noregs Bank og deltakarar frå mellom

anna Kredittilsynet og sentrale aktørar i finansiell sektor.

I 2001 har BFI blant anna etablert ein arbeidsrutine for å varsle og informere medlemmene om faktiske og moglege problemsituasjonar i finansiell infrastruktur. BFI har hatt ein koordinerande funksjon i handsaminga av enkelte problem som har oppstått i finansiell sektor, og utvalet har vore med i fleire beredskapsøvingar i finansiell sektor. BFI har òg hatt ei koordinerande rolle overfor finansiell sektor etter terrorangrepa i USA i september 2001.

I Norden har fleire finansinstitusjonar dei seinare åra bygd ut tenesteytinga over grensene, etablert filialar i andre nordiske land og gjennomført oppkjøp og danna finanskonsern som har avdelingar i fleire land. For at sentralbankane i denne situasjonen skal kunne ta vare på oppgåva med å medverke til finansiell stabilitet på ein formålstenleg måte, er det utvikla eit nærare samarbeid mellom sentralbankane og tilsynsorgana i dei nordiske landa, mellom anna for å ta vare på beredskapsmessige behov.

Noregs Bank har gjennom ei årrekke gitt ut «Årsrapporten om betalingsformidling». Rapporten gir ei oversikt over bruken av dei ulike betalingsinstrumenta og prisane for bruken av betalingsstenester. Han har blitt ein sentral referanse for andre styresmakter, for aktørane i marknaden og for forbrukarane, og rapporten er hovudgrunnlaget for overvakinga av effektiviteten i betalingsystemet. Ein kan til dømes merke seg at ein sterk auke i bruken av betalingskort og betaling av giro over Internett har ført til at meir enn 80 prosent av alle ikkje-kontante betalningar no blir gjorde elektronisk.

Etter sentralbanklova har Noregs Bank ansvar for å gi ut og destruere setlar og mynt. Noregs Bank arbeider for å effektivisere sentralbanken si rolle i forsyningssystemet for kontantar. Eit ledd i dette arbeidet er å skilje klarare mellom dei tenestene Noregs Bank må få utført i samband med det lovpålagde utgivaransvaret, og tenester som blir utførte for bankane. I 2001 etablerte Noregs Bank saman med fleire bankar eit aksjeselskap som skal utføre sentralbankoppgåver på oppdrag frå Noregs Bank, og andre handteringstenester på oppdrag frå private bankar. I samband med dette blei Noregs Banks distriktsavdelingar avvikla, og handteringsverksemda ved åtte avdelingar gjekk inn i det nye selskapet, NOKAS (Norsk Kontantservice AS). Noregs Bank kjøper sentralbanktenester frå NOKAS, mellom anna depottenester i Bodø, og har i tillegg etablert depot i Vardø og Hammerfest i samarbeid med Sparebanken Nord-Norge.

Sett i høve til verdien av hushaldskonsumet har det dei siste 20 åra vore ein nedgang i setlar og mynt i omløp. Den nominelle verdien av setlar og mynt i omløp har likevel meir enn dobla seg desse åra. I 2001 var det i gjennomsnitt setlar og mynt for om lag 42,9 milliardar kroner i omløp, noko som utgjer ein nedgang på om lag 0,6 milliardar kroner frå året før. Forholdet mellom dei ulike valørane i setelomløpet har endra seg mykje. Det mest tydelege er nedgang for valøren 100 kroner og auke for valør av 200 kroner og 500 kroner. 1000-kronesetelen står framleis for den høgaste delen av setelomløpet rekna i verdi, endå om det har vore ein markert nedgang dei seinare åra. 20-kronemynten aukar framleis sin del av myntomløpet, og utgjorde 32,8 prosent av myntomløpet rekna i verdi ved utgangen av 2001.

6.1.2.5 Statistikkarbeid og kontrolloppgåver

Noregs Bank sin statistikkproduksjon for penge-, kreditt- og valutamarknadene blei i 2001 ført vidare stort sett etter same mønster som året før. Noregs Bank har i 2001 arbeidd med å forbetre og automatisere innhenting av data. Frå og med 2001 publiserer Noregs Bank statistikk berre på banken sine internettsider.

Noregs Bank samarbeider med Kredittilsynet, Statistisk sentralbyrå og Verdipapirsentralen (VPS) om datainnhenting og utarbeiding av statistikk for kreditt- og verdipapirmarknaden. Data-materialet blir brukt til offisiell statistikk, til analysar av utviklinga på kreditt- og verdipapirmarknadene og til arbeidet med finansiell stabilitet.

Primærstatistikken for bankar og andre finansføretak er det viktigaste grunnlaget for å utarbeide månadlege indikatorar over kredittutviklinga (kredittindikatorane) og utviklinga i pengemengda, og dessutan kvartalsvise finansielle sektorbalansar. I løpet av 2001 blei kredittindikatoren K3 lagd om til månadleg publisering.

I 2001 la Noregs Bank om rutiane for korleis bankane rapporterer inn rentesatsane sine, og endra artsinndelinga av innskotsrentene. Samtidig blei rapportane lagde om slik at dei viser rentesatsar på utlån til og innskot frå dei enkelte sektorane innanfor publikumssektoren. Sektorfordelte data vil bli publiserte i 2002.

Noregs Bank sin databank for kvartalsvise finansielle sektorbalansar (Findatr) blir nytta i modellarbeid, i pengepolitiske analysar og i arbeidet med finansiell stabilitet. Statistikkproduktet «Husholdningenes finansregnskap», som er basert på Findatr, viser m.a. utviklinga i fordringar og gjeld for hushaldningane.

Statistikken over betalingar mellom Noreg og utlandet gir hovudgrunnlaget for utanriksrekneskapen som Statistisk sentralbyrå publiserer kvar månad. Det meste av informasjonsgrunnlaget er faste rapportar om betalingar mellom Noreg og utlandet, og dessutan behaldningar, dels frå norske bankar og dels frå føretak som har konto i utanlandske bankar eller oppgjersordning med utanlandske selskap.

I 2000 hadde banken eit utgreiingsarbeid der alternative rapportssystem blei vurderte. I første kvartal 2001 blei banken og Statistisk sentralbyrå (SSB) samde om å endre den framtidige arbeidsdelinga for innsamling av data til utanriksrekneskapen. I det framtidige systemet skal Noregs Bank ha ansvaret for å henta inn opplysningar frå finansiell sektor (og verdipapirmarknaden, men ikkje forsikring). SSB skal ha ansvaret for dei andre sektorane. Det blir lagt opp til overgang til nytt system for innsamling av data til utanriksrekneskapen i januar 2005. Noregs Bank arbeider med beredskapsplanar i fall overgangen må skje før 2005.

Endringane i dette statistikkssystemet kjem til å endre grunnlaget for Noregs Bank sitt samarbeid med skatteetaten, tolletaten og ØKOKRIM. Det detaljerte datagrunnlaget som desse etatane ønskjer tilgang til, fell bort. Noregs Bank tek del i arbeidet med å finne andre løysingar som dekkjer informasjonsbehova til kontrollinstitusjonane.

Rapportering av statistikk til internasjonale organisasjonar har auka dei siste åra, og det kjem stadig nye krav og ønske om meir data frå slike organisasjonar. Banken rapporterer til BIS, ESB, Eurostat, IMF og OECD. Noregs Bank tek del i forum der utviklinga av internasjonale statistikkstandardar og internasjonal rapportering blir drøfta. Dette skjer mellom anna i Committee on Monetary, Financial and Balance of Payments Statistics og i arbeidsgrupper under denne, der deltaking frå Noreg har bakgrunn i EØS-avtalen. Noreg slutta seg til IMF sin dataspreiingsstandard, SDDS, i 1996. Standarden stiller omfattande krav til deltakarlanda sin statistikkproduksjon når det gjeld dekning, metodar, kvalitet, hyppigheit, aktualitet og brukartilgang. Ved utgangen av 2001 oppfylte Noreg desse krava.

I 2001 blei det ikkje gjort endringar i Noregs Banks forskrift om valutaregulering av 27. juni 1990. Noregs Bank sine faste oppgåver på valutaregulerings- og kontrollområdet gjeld, i tillegg til samarbeidet med kontrollinstitusjonane, arbeid i samband med oppfølging og kontroll knytt til EU-tiltak og sanksjonar som Dei sameinte nasjonane (FN) har vedteke mot andre land. Talet på føre-

spurnader frå kontrollinstitusjonane var 728 i 2001, mot 966 i 2000. Med dette som utgangspunkt er det søkt på 1082 namngitte føretak eller privatpersonar.

Norske styresmakter har vedteke forskrifter som set i verk FN-sanksjonar om økonomisk boikott av land og/eller landområde. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensorgan for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. I 2001 har Irak vore omfatta av FN-sanksjonar. Det er i 2001 ikkje handsama søknader om overføring til Irak, og det er heller ikkje avdekt brot på sanksjonane.

Stortinget vedtok 25. juni 1999 lov om særlege tiltak mot Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ). Med heimel i denne lova vedtok regjeringa 6. august 1999 forskrift om gjennomføring av tiltaka. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensorgan for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. Alle transaksjonar nokon måtte ønskje å gjennomføre i tråd med unntaksreglane i forskrifta, må på førehand godkjennast av Noregs Bank. Det er i 2001 behandla 821 søknader om overføring av midlar til FRJ. Ein søknad er avslått i samsvar med regelverket, resten er godkjende. Forskrifta om desse såkalla EU-tiltaka har ikkje vore endra i 2001.

Tryggingrådet i FN vedtok 28. september 2001 resolusjon nr. 1373 med ei rekkje tiltak retta mot finansiering av terrorhandlingar. Regjeringa vedtok 5. oktober 2001 ei provisorisk lovføresegn som innfører pålegga i resolusjonen i norsk rett. Resolusjonen krev mellom anna at medlemsstatane skal forby finansiering av terrorhandlingar, og dei blir pålagde å fryse midlar som ein mistenkjer er knytte til slike formål. Noregs Bank er ikkje pålagd nokon konkrete oppgåver i denne samanhengen, men kontrollorgana bruker det høvet dei har, til å be om søk i banken sitt statistikkssystem også til dette formålet.

6.1.2.6 Internasjonalt samarbeid

Noregs Bank forvaltar dei finansielle rettane landet har, og oppfyller dei plikter som følgjer av at Noreg er med i Det internasjonale valutafondet (IMF). Banken er også sekretariat for IMF-arbeidet i Noreg. Dette er ei oppgåve banken utfører på vegner av Finansdepartementet. Verksemda til IMF er nærare omtala i kapittel 11 i meldinga.

Bank for International Settlements, BIS, har til oppgåve å fremme samarbeidet mellom sentralbankar. Sentralbanksjefen deltek regelmessig på møte i BIS.

Noregs Bank har regelmessig kontakt med

Den europeiske sentralbanken og med andre sentralbankar i EU. Det går føre seg eit omfattande samarbeid med dei nordiske sentralbankane på ei rekkje felt.

6.1.2.7 Anna verksemd – Informasjonsverksemd

Etter avtale mellom Finansdepartementet og Noregs Bank yter banken tenester som rådgivar, tilretteleggjar og betalingsagent i samband med opptak og forvaltning av dei statslåna som blir omsette i den innanlandske marknaden. Statens emisjonsplanar for korte og lange papir i 2001 blei publisert i ein årleg auksjonskalender. Emisjonsfrekvensen for statskassevekslar blei auka i 2001, sjå Kredittmeldinga 2000. Marknadspleia i andrehandsmarknaden blei ikkje endra i 2001.

Noregs Bank har ei plikt etter sentralbanklova § 3 til å informere allmenta om penge-, kreditt- og valutatilhøva. I tillegg søker banken å oppnå breiast mogleg forståing for den pengepolitikken som blir ført, og for dei mekanismane som verkar til finansiell stabilitet, gjennom ei aktiv informasjonsverksemd. Noregs Bank legg stor vekt på å møte ei aukande interesse frå media og andre gjennom å vere open og pårekneleg.

Noregs Bank gir ut ei rekkje faste publikasjonar: årsmeldinga, inflasjonsrapportane, rapportane om finansiell stabilitet, ein årleg rapport om betalingsformidling, års- og kvartalsrapportane til Statens petroleumsfond og kvartalsskriftet Penger og Kreditt med den engelske versjonen Economic Bulletin. Av andre publikasjonar blei det gitt ut ti arbeidsnotat («Working Papers») om forskings- og utgreiingsprosjekt, fire gjenoptrykk av artiklar som medarbeidarar i banken har fått trykt i internasjonale forskningstidsskrift, og ti rundskriv.

Det blir halde pressekonferansar etter alle rentemøta i hovudstyret og ved offentleggjing av dei faste rapportane. Alle pressekonferansane som er haldne, er direkte lydoverførte over Internett, der dei òg kan spelast av etterpå. Det var 18 pressekonferansar i 2001. Det blei sendt ut 46 pressemeldingar.

Foredrag og avisinnlegg av leiinga i Noregs Bank blir òg offentleggjorde på internettsidene til banken. Det var 22 slike offentleggjingar i 2001.

Bruken av Internett utgjer ein stadig viktigare del av bankens informasjonsstrategi. Statistikk over bruken viser at 195 000 ulike bedrifter eller privatpersonar frå inn- og utland i 2001 var inne på sidene ein eller fleire gonger, og at det i snitt var 58 000 «treff» per månad.

6.2 Rekneskap og budsjett for 2001

6.2.1 Balansen 31. desember 2001

Tabell 6.2 og 6.3 viser balanserekneskapen til Noregs Bank ved utgangen av 2001, samanlikna med tilsvarende tal for 1998, 1999 og 2000.

6.2.1.1 Noregs Banks aktiva

Internasjonale reservar utgjer 211,5 milliardar kroner og inneheld frå og med 2000 mellom anna obligasjonar med gjenkjøpsavtalar. Gjenkjøpsavtalanane må sjåast i samanheng med innlån frå utlandet, som medrekna pådregne renter utgjer 42,9 milliardar kroner.

Tabell 6.2 Eignelutene til Noregs Bank 31. desember 2001. Millionar kroner

Eigneluter:	1998	1999	2000	2001
Internasjonale reservar	142 045,2	167 218,8	245 862,6	211 537,3
Av dette:				
Gull	284,8	2 206,9	2 275,1	2 346,1
Spesielle trekkrettar i IMF	3 147,0	3 279,3	2 713,3	3 191,7
Reserveposisjon i IMF	9 243,7	6 836,8	5 166,0	6 532,8
Lån til IMF	1 522,7	1 337,9	1 268,5	1 164,9
Plasseringar for Statens petroleumsfond	167 643,8	222 277,7	386 126,1	613 317,5
Andre fordringar på utlandet	12 192,7	37 955,6	14 131,4	12 407,6
Norske statssertifikat	1 716,7	1 591,7	2 776,3	2 450,6
Norske statsobligasjonar	7 709,5	9 180,2	10 742,8	9 072,7
Innanlandske utlån	19 774,2	26 141,0	21 733,5	15 743,0
Av dette:				
Forretningsbankar	7 435,2	19 573,0	18 721,0	10 010,0
Sparebankar	4 712,7	6 001,5	2 437,1	5 130,0
Andre innanlandske fordringar	736,9	847,9	2 182,4	1 142,2
Varige driftsmiddel	2 064,3	2 010,1	1 938,9	1 832,1
Sum eigneluter	353 883,6	467 223,0	685 494,1	867 503,0

Tabell 6.3 Noregs Banks gjeld og eigenkapital 31. desember 2000. Millionar kroner

Gjeld og eigenkapital:	1998	1999	2000	2001
Diverse gjeld til utlandet	13 325,5	38 925,0	74 998,1	56 211,3
Motverdien av spes.trekkrettar	1 795,3	1 846,4	1 934,2	1 898,4
Setlar og mynt i omløp	46 070,2	48 020,1	46 951,6	46 633,2
Innanlandske innskot på foliok.	232 552,7	326 109,2	505 838,9	719 980,3
Av dette:				
Statskassa	51 193,2	67 685,8	96 082,5	83 502,6
Statens petroleumsfond	167 643,8	222 277,7	386 126,1	613 317,5
Innskot som gjeld skattefrie fondsavsetjingar	9,9	6,2	0,0	0,0
Anna innanlandsk gjeld	771,2	21 219,9	10 953,5	2 696,1
Eigenkapital	59 358,7	31 096,2	44 817,8	40 083,7
Av dette:				
Kursreguleringsfond	27 215,1	27 339,2	41 072,9	36 347,2
Overføringsfond	30 227,6	0	0	0
Annan eigenkapital	1 916,0	3 756,9	3 744,9	3 736,6
Sum gjeld og eigenkapital	353 883,6	467 223,0	685 494,1	867 503,0

Gullreservane til Noregs Bank er førte opp under internasjonale reservar med 2,3 milliardar kroner. Verkeleg verdi er vurdert til 20 prosent under marknadsprisen pr. 31. desember 2001, som følgje av at gull blir handla i ein mindre likvid marknad. Marknadsprisen pr. 31. desember 2001 tilsvarar ein kilopris på 79734 kroner, og verkeleg verdi er derfor verdisett til 63787 kroner pr. kilo gull.

Amerikanske dollar utgjorde 24,4 prosent og euro 44,6 prosent av valutareservane ved utgangen av 2001, mot respektive 21,9 prosent og 45,5 prosent året før.

Posten andre fordringar på utlandet består mellom anna av den delen av Noregs kvote i IMF som er i norske kroner. Tilsvarande gjeldsbeløp er bokført under gjeld til utlandet.

Noregs Bank si beholdning av norske verdipapir er sett saman av omsetjelege sertifikat og norske statsobligasjonar. I 2001 kjøpte sentralbanken statssertifikat i første- og andrehandsmarknaden for om lag 4,2 milliardar kroner. Då Noregs Bank si beholdning av einskilte statssertifikat blei lita, etterteikna Noregs Bank statssertifikat for 4,5 milliardar kroner. Noregs Bank sin eigedomsmasse, maskinar og inventar utgjer 1,8 milliardar kroner pr. 31. desember 2001.

6.2.1.2 Noregs Banks passiva

Setlar og mynt i omløp minka i 2001 med 0,3 milliardar kroner til 46,6 milliardar kroner, mot 46,9 milliardar kroner året før. Innskot frå statskassa minka i 2001 med 12,6 milliardar kroner til 83,5 milliardar kroner, mot 96,1 milliardar kroner året før. Eigenkapitalen minka med 4,7 milliardar kroner til 40,1 milliardar kroner, mot 44,8 milliardar kroner ved utgangen av 2000.

Statens petroleumsfond er plassert som koinnnskot på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i bankens eige namn i aktiva som er denominerte i utlandsk valuta. Forvaltninga blir behandla i samsvar med forskrift for forvaltning av Statens petroleumsfond av 3. oktober 1997. Fondet utgjorde 613,3 milliardar kroner pr. 31. desember 2001.

6.2.2 Resultatrekneskapen for 2001

Tabell 6.4 viser Noregs Banks resultatrekneskap for 2001.

Tabell 6.4 Noregs Banks resultatrekneskap for 2000 og 2001¹

Tal i heile tusen kroner	2000	2001
Renteinntekter utland	11 663 079	11 403 952
Avkastning, plass. for Statens petro.fond	14 178 454	(23 955 688)
Rentekostnader utland	1 796 644	2 467 220
Renteinntekter innland	1 202 149	1 694 705
Rentekostnader innland	18 769 642	(17 924 182)
<i>Netto renteinntekter utland og innland</i>	6 477 396	4 599 931
Netto kursreguleringar	8 095 019	(8 562 882)
<i>Netto renteinnt., dividende og kursreg.</i>	14 572 415	(3 826 572)
Driftsinntekter	585 111	554 281
Driftskostnader	1 435 948	1 461 710
<i>Driftsresultat før tap på utlån</i>	13 721 578	(4 734 001)
Inngått/(tap) på utlån/fordringar	(37)	70
<i>Overskot/(Underskot)</i>	13 721 615	(4 734 071)
Overføringar:		
Overført frå kursreguleringsfondet	0	4 725 769
Overført frå overføringsfondet	0	0
Overført frå annan eigenkapital	80 197	79 417
<i>Til disposisjon</i>	13 801 812	71 115
Til statskassa frå overføringsfondet		
Avsett til annan eigenkapital	68 118	71 115
Avsett til kursreguleringsfondet	13 733 694	0
Avsett til overføringsfondet	0	0
Disponert i alt	13 801 812	71 115

¹ Tal i parentes er negative tal.

Noregs Bank hadde i 2001 eit underskot etter kursreguleringar på 4,7 milliardar kroner, mot eit overskot på 13,7 milliardar kroner året før. Dette har samanheng med endringar i prisar på norske og utanlandske verdipapir som medførte eit kurstap i 2001 på 3,7 milliardar kroner, mot ein gevinst i 2000 på 2,1 milliardar kroner. I tillegg har det vore kurstap på valuta i 2001 med i alt 4,9 milliardar kroner, mot ein gevinst i 2000 på 6,0 milliardar kroner.

Samla renteinntekter for Noregs Bank i 2001 var 13,1 milliardar kroner, mot 12,9 milliardar kroner i 2000. Renteinntektene frå innanlandske sektorar var i 2001 på 1,7 milliardar kroner, mot 1,2 milliardar kroner i 2000. Renteinntektene frå utanlandske sektorar i 2001 var 11,4 milliardar kroner, mot 11,7 milliardar kroner året før.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 2001 på 907,4 millionar kroner, mot 850,8 millionar kroner i 2000. Personalkostnadene i 2001 utgjorde 604,9 millionar kroner, mot 685,6 millionar kroner ved utgangen av 2000. Nedgangen kjem i hovudsak av at handsaminga av mynt og setlar er skild ut som eige selskap frå 1. juli 2001.

6.2.2.1 Disponering av resultatet i 2001

Retningslinjene for avsetjing og disponering av Noregs Banks resultat blei fastsett i kgl.res. 7. februar 1986. Retningslinjene er endra fleire gonger, seinast ved kgl.res. 21. desember 2000, og har følgjande ordlyd:

- «1. Av Norges Banks overskudd avsettes til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 5 % av bankens fordringer i norske verdipapirer og 25 % av bankens netto valutareserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, andre fordringer på/forpliktelser

overfor utlandet og eventuelt andre engasjementer som av hovedstyret vurderes å ha ikke ubetydelig kursrisiko. Immuniseringsporteføljen svarer til den del av Norges Banks valutareserver som er skilt ut som egen portefølje der avkastning godskrives/belastes staten i samme års regnskap. Det samme gjelder for porteføljen til Statens petroleumsfond. Dersom kursreguleringsfondet er større enn det som følger av forholdstallene nevnt i pkt. 1, første avsnitt, skal det overskytende tilbakeføres til resultatregnskapet.

2. Eventuelt overskudd etter avsetning til, eller tilførsel fra kursreguleringsfondet, avsettes til overføringsfondet.
3. Fra overføringsfondet overføres hvert årsoppgjør til statskassen et beløp svarende til gjennomsnittet av brutto avsetninger til overføringsfondet ved de tre foregående årsoppgjør.
4. Eventuelle underskudd i Norges Banks regnskap dekkes ved overføringer fra kursreguleringsfondet.»

I samsvar med punkt 4 i retningslinjene blir underskotet frå i år dekt ved overføring frå kursreguleringsfondet. Kursreguleringsfondet utgjør etter dette 36 347,2 millionar kroner ved utgangen av året. Kursreguleringsfondet har ikkje nådd storleiken som følgjer av første punkt i retningslinjene.

I samsvar med andre punkt i retningslinjene blir det ikkje gjort avsetning til overføringsfondet.

I samsvar med tredje punkt i retningslinjene blei det overført 8 857,3 millionar kroner til statskassa.

I samsvar med utsegn frå Finansdepartementet blir det overført netto 8,3 millionar kroner frå annan eigenkapital.

7 Verksemda til Kredittilsynet i 2001

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, ifølgje kredittilsynslova § 8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærare omtale av arbeidet innanfor dei ulike tilsynsområda.

Etter § 1 i kredittilsynslova har Kredittilsynet tilsyn med finansinstitusjonar, under dette forretnings- og sparebankar, liv- og skadeforsikringsselskap, private, kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser og pensjonsfond, finansieringsforetak, forsikringsmeklarar, børsar og autoriserte marknadsplassar. Etter kredittilsynslova § 1 nr. 13, jf. verdipapirhandelova § 12–1, har Kredittilsynet ansvar for å føre tilsyn med verksemda til verdipapirforetak og oppgjerssentralar, og tilsyn med at reglane i verdipapirhandelova blir følgde. Det same gjeld kontrollen med eigedomsmeklarar etter eigedomsmeklarlova § 2–7, kontrollen med inkassoverksemd etter «lov om inkassoverksemd» § 24, kontrollen med forvaltning av verdipapirfond etter «lov om verdipapirfond» § 8 – 2, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 15, tilsynet med revisorar og revisjonsselskap etter kredittilsynslova § 1 nr. 9, tilsynet med sjøtrygdslag, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 11 og tilsynet med foretak som driv låneformidling, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 7. Kredittilsynet fører tilsyn med rekneskapsførarar etter rekneskapslova § 13. Kredittilsynet fører òg tilsyn med verksemdar til filialar av kreditt- og andre finansinstitusjonar frå andre statar, i dei høve slikt tilsyn ikkje blir ført av myndigheitene i heimlandet. Det blir dessutan ført tilsyn med filialar av norske finansinstitusjonar i utlandet.

Kredittilsynet skal etter lova sjå til at dei institusjonane det har tilsyn med, verkar på ein formålsstenleg og trygg måte i samsvar med lov og føresegnar og med det formålet og dei vedtektene som ligg til grunn for kvar einskild institusjon. For å utføre tilsynsoppgåvene skal Kredittilsynet grans-

ke rekneskapar og andre oppgåver frå institusjonane, og elles gjere dei undersøkingar om deira stilling og verksemd som Kredittilsynet finn naudsynt, jf. kredittilsynslova § 3.

Kredittilsynet blir leidd av eit styre på fem medlemmer, som er oppnemnde av Kongen for ein periode på fire år, jf. kredittilsynslova § 2 andre ledd. Perioden for det styret som sat i 2001, starta 30. januar 1998. Representantar for dei tilsette blir valde for ein periode på to år.

Styret i Kredittilsynet har i 2001 vore samansett som vist i boks 7.1.

Noregs Bank har ein observatør i styret. Det har vore fagdirektør Henning Strand. Fagdirektør Trond Eklund var avløyssar fram til 1. februar 2001. Frå same dato blei Thorvald Grung Moe ny avløyssar.

Eit nytt styre blei oppnemnt for perioden frå 1. mars 2002. Styret var samansett som vist i boks 7.2.

Fagdirektør Henning Strand og avløyssar Thorvald Grung Moe heldt fram som observatørar i styret.

Boks 7.1 Styret i Kredittilsynet i 2001

Professor dr.juris Erling Selvig, leiar
Professor Asbjørn Rødseth, nestleiar
Advokat Eli Aas, styremedlem
Divisjonsdirektør Kolbjørn Almlid, styremedlem
Advokat Hilde Myrberg, styremedlem
Direktør Lisbet Hjort, første varamedlem
Ekspedisjonssjef Morten Berg ¹⁾, andre varamedlem fram til 6. april 2001
Representantar for dei tilsette:
Spesialrådgivar Kjersti T. Trøbråten
Rådgivar Ellen Jakobsen

¹⁾ Morten Berg gjekk ut av styret frå og med november 2000 av di han gjekk over til ny stilling i Nærings- og handelsdepartementet. Avdelingsdirektør Lasse Ekeberg blei 25. juli 2001 oppnemnd som ny andre varamedlem.

**Boks 7.2 Nytt styre i Kredittilsynet frå
1. mars 2002**

Sjølvtendig næringsdrivande Finn Hvistendahl, leiar

Advokat Endre Skjørestad, nestleiar

Advokat Eli Aas, styremedlem

Professor Erling Steigum, styremedlem

Lagdommar Nina Mår Tapper, styremedlem

Tingrettsdommar Marianne Berg, første varamedlem

Avdelingsdirektør Lasse Ekeberg, andre varamedlem

Representantar for dei tilsette (frå 15. februar 2001)

Spesialrådgivar Kjersti T. Trøbråten ¹⁾

Rådgivar Ellen Jakobsen

¹⁾ Spesialrådgivar Kjersti T. Trøbråten slutta 18. august 2002. Spesialrådgivar Johan Arnt Mettevold tek over som representant for dei tilsette.

Om administrasjon og personale heiter det i årsmeldinga (s 12):

«Ved utgangen av 2001 var det 165 fast tilsatte i Kredittilsynet, mot 157 ved utgangen av 2000. Av de fast tilsatte var 49 prosent kvinner.

Kredittilsynet har generelt sett tilfredsstillende tilgang på gode søkere, spesielt nyutdannede fra universiteter og høyskoler. Tilsynet legger i tillegg stor vekt på å knytte til seg medarbeidere med god kompetanse og bred erfaring fra bransjene, og hadde i 2001 god tilgang også på slike fagfolk. Ved utgangen av 2001 hadde Kredittilsynet 35 medarbeidere med god erfaring fra bransjene. Tilgangen på aktuarer og revisorer er noe mindre tilfredsstillende. Andelen tilsatte med høyere utdanning var 80 prosent.»

Dei samla utgiftene til Kredittilsynet var på 111,4 millionar kroner, ein auke på 5,6 prosent frå 2000. Utgiftene blir dekte ved innkrevjing frå dei tilsynspliktige.

Ein viser til Kredittilsynet si årsmelding for nærare omtale av administrative tilhøve o.a. i Kredittilsynet. Årsmeldinga inneheld òg Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemdar under tilsyn. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

8 Verksemda i Statens Banksikringsfond i 2001

8.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond

Statens Banksikringsfond blei skipa ved «lov 15. mars 1991 nr. 2 om Statens Banksikringsfond». Fondet har til formål å støtte opp om soliditeten i norske bankar gjennom å yte lån på særskilde vilkår (støttelån) til Forretningsbankenes sikringsfond og Sparebankenes sikringsfond. I særlege høve kan fondet òg kjøpe aksjar, grunnfondsbevis eller andre eigenkapitalinstrument i norske bankar og stille eigenkapitalgarantiar overfor norske bankar.

8.2 Organisasjon og leiing

Statens Banksikringsfond er organisert som eit eige rettssubjekt. Det øvste organet i fondet er eit styre som står for verksemda, og som forvaltar fondsmidlane. Før styret gjer vedtak som er særleg viktige, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Kongen kan i særskilde høve instruere styret i enkeltsaker. Denne retten er delegert til Finansdepartementet. Styret skal ha fått høve til å uttale seg skriftleg før departementet gjer vedtak om å instruere fondet. Departementet skal informere Stortinget om slikt vedtak.

Samansetjinga av styret for 2001 er vist i boks 8.1.

Kredittilsynet og Noregs Bank peikar ut kvar sin representant som tek del i styremøta som rådgivarar. Rådgivarane i 2001 var avdelingsdirektør Sven-Henning Kjelsrud, Kredittilsynet, og direktør Jan F. Qvigstad, Noregs Bank. Noregs Bank tek hand om sekretariatsfunksjonane. Forretnings-

førar for fondet er assisterande direktør Ole J. Oldertrøen, som avløyste kontorsjef Harald Karl- sen i desember 2001.

8.3 Verksemda i 2001

Sidan 1995 har aksjane til Banksikringsfondet vore forvalta av Statens Bankinvesteringsfond med grunnlag i ein avtale av 12. januar 1995. Aksjane som Banksikringsfondet hadde i Den norske Bank, blei selde i 2001. Kursen per aksje blei 41,50 kroner, som gav brutto salsinntekter på 4 316 millionar kroner. Etter at bokført verdi på 1040 millionar kroner og utgiftene i samband med salet er drege ifrå, blei gevinsten på 3185,8 millionar kroner. Etter dette salet eig ikkje Banksikringsfondet lenger aksjar i norske bankar, og Bankinvesteringsfondet sa opp forvaltningsavtala 23. august 2001.

Verksemda i Statens Banksikringsfond har gradvis blitt lågare dei siste åra. Fondet har i 2001 følgt opp Den norske Bank, Kreditkassen (Nordea) og Fokus Bank ved å gå gjennom kvartalsrapportane frå bankane.

Etter at Stortinget våren 2002 vedtok å oppheve lova om Statens Banksikringsfond, jf. Innst. O. nr 35 (2001–2002), arbeider ein med å avvikle verksemda i Banksikringsfondet i løpet av hausten 2002.

Årsmeldinga om verksemda til Statens Banksikringsfond i 2001 blei gitt av styret 4. april 2002, og følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

8.4 Rekneskapen for 2001

Statens Banksikringsfond hadde i 2001 inntekter på 3407,8 millionar kroner. Hovuddelen av inntektene, 3 276 millionar kroner, skriv seg frå aksjesalet i Den norske Bank. Fondet hadde dessutan renteinntekter på 131,8 millionar kroner.

Fondet hadde i 2001 kostnader på til saman 90,9 millionar kroner. Av dette relaterer 90,2 millionar kroner seg til kostnader ved salet av aksjar i Den norske Bank.

Boks 8.1 Styret i Statens Banksikringsfond i 2001

Professor Einar Hope, leiar
Director of Independant Judicial Commission
Rakel Surlien, nestleiar
Advokat Kristine Schei, styremedlem

Samla sett fekk Banksikringsfondet eit overskot på 3316,9 millionar kroner i 2001.

Dei likvide midlane til fondet er, med unntak av inneståande på driftskonto og mindre beløp knytte til fordringar, plasserte som kontolån til staten.

Kontolån til staten utgjorde 80,0 millionar kroner ved utgangen av 2001. Fondet førte tilbake til staten 4 350 millionar kroner i 2001. Denne overføringa er ført direkte mot fondet sin eigenkapital.

9 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 2001

9.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond («Bankinvesteringsfondet») blei oppretta ved eiga lov av 29. november 1991 med ein grunnkapital på 4 500 millionar kroner. Statens Bankinvesteringsfond har som formål å stille ansvarleg kapital til rådvelde for norske bankar med utgangspunkt i forretningsmessige vurderingar.

Etter at Bankinvesteringsfondet på vegner av Banksikringsfondet selde sine 104 millionar aksjar i DnB våren 2001, eig ikkje Banksikringsfondet lenger aksjar. Det var derfor naturleg at avtalen om aksjeforvaltning mellom Banksikringsfondet og Bankinvesteringsfondet opphøyrde. Oppseiinga av forvaltningsavtalen blei endeleg godkjend av Finansdepartementet 18. oktober 2001. Finansdepartementet føreslo 21. desember 2001 å oppheve lov om Statens Banksikringsfond og å leggje ned Banksikringsfondet.

I statsråd 21.12.2001 blei det vedteke at Nærings- og handelsdepartementet skulle ta over eigaransvaret for Bankinvesteringsfondet frå Finansdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet overtok i samband med dette også forvaltaransvaret for «lov av 29. november 1991 nr 79 om Statens Bankinvesteringsfond». Overføringa skjedde frå 1. januar 2002. Vedtektene for Bankinvesteringsfondet blei endra i tråd med dette 12. mars 2002.

9.2 Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond er eit eige rettssubjekt. Fondet har eit eige styre og ein administrerende direktør. Før styret gjer vedtak om bruk av midlar eller avhending av aktiva, skal saka leggjast fram skriftleg for Nærings- og handelsdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet kan i særlege tilfelle instruere styret i enkeltsaker. Styret skal ha løyve til å uttale seg før Nærings- og handelsdepartementet gjer slike vedtak. Samansetjinga av styret er vist i boks 9.1.

Administrasjonen har i 2001 vore samansett av tre personar. Siviløkonom Jan W. Hopland er administrerende direktør for fondet. I tillegg bruker fondet faste eksterne rådgivarar og særskilde eksterne rådgivarar (både utanlandske og norske) for nærare definerte utgreiings- og rådgivingsoppgåver og ved eventuelle transaksjonar.

Årsmeldinga for arbeidet i Statens Bankinvesteringsfond i 2001 blei lagd fram av styret 7. mars 2001.

9.3 Rekneskap og balanse i 2001

Rekneskapen for 2001 viser eit årsresultat på 1 155,8 millionar kroner, mot 9 187,4 millionar kroner i 2000. Forskjellen mellom dei to årsresultata kjem hovudsakleg av gevinsten ved salet av 191 millionar aksjar i Kreditkassen til Merita-Nordbanken i desember 2000.

I samsvar med forvaltningsavtalen mellom Bankinvesteringsfondet og Banksikringsfondet datert 12. januar 1995 har Bankinvesteringsfondet inntektsført 0,3 millionar kroner i forretningsførarhonorar i 2001. Endeleg avrekning mellom fonda fann stad i oktober 2001 i samband med avviklinga av forvaltaroppdraget. Forvaltaroppdraget blei avvikla etter at Bankinvesteringsfondet selde heile porteføljen av aksjar som Banksikringsfondet hadde i DnB, våren 2001.

Sum renter av bankinnskot og kontolån er auka samanlikna med i 2000 som følgje av høgare gjennomsnittshaldning av likvide midlar.

Bankinvesteringsfondet har inntektsført totalt 828,4 millionar kroner i utbytte frå DnB Holding ASA, svarande til kr 2,25 per aksje.

Boks 9.1 Styret i Statens Bankinvesteringsfond 2001

Advokat Erik Keiserud, styreleiar
Professor Hermod Skånland, nestleiar
Siviløkonom Anita Roarsen, styremedlem
Ordførar Elisabeth Nilsen, styremedlem
Advokat Endre Skjørestad, styremedlem

Bankinvesteringsfondet har ikkje gitt tilsegn om deltaking i ny ansvarleg kapital i 2001. Bankinvesteringsfondet har heller ikkje avhenda egne aksjar i 2001.

Andre driftskostnader inkludert løn er reduserte samanlikna med 2000. Det kjem hovudsakleg av eit noko lågare aktivitetsnivå i 2001 enn i 2000, då fondet gjennomførte eit større sal av egne aksjar.

Marknadsverdien av Bankinvesteringsfondet sine aksjar i DnB utgjorde 14 799,9 millionar kroner per 31. desember 2001, noko som svarar til ein meirverdi på om lag 7 733,0 millionar kroner samanlikna med bokført verdi på same tidspunkt.

Årsoverskotet på 1 155 822 157 kroner er heilt og fullt sett av som utbytte til staten.

Resultatet for Banksikringsfondet sin portefølje utgjør 3 305,8 millionar kroner, mot 183 millionar kroner i 2000. Heile aksjeporteføljen til Banksikringsfondet, som består av 104 millionar aksjar i DnB Holding ASA, blei seld i 2001.

Verdipapirporteføljen som Bankinvesteringsfondet totalt forvalta, hadde i 2001 eit samla nettoresultat på 4 461,6 millionar kroner etter frådrag av kostnader, mot 9 370,4 millionar kroner året før.

9.4 Verdiutvikling for aksjeporteføljen som Statens Bankinvesteringsfond forvalta i 2001

Målt etter Oslo Børs' finansindeks fall norske finansaksjar med 12 prosent i 2001. Den negative kursutviklinga kan mellom anna tilskrивast ei svakare økonomisk utvikling og det generelle børsfallet.

Bankinvesteringsfondet har no berre eigardelar i DnB. Samla marknadsverdi av Bankinvesteringsfondet sine aksjar i DnB per 31. desember 2001 var 14 799,9 millionar kroner.

DnB-aksjen slutta i 2001 på kurs 40,20 kroner. Medrekna utbetalt utbytte på kr 2,25 gav DnB såleis ei avkastning for året på minus 10,8 prosent. Tilsvarende tal for året før var 49,7 prosent. Det blei i 2001 omsett aksjar i DnB på Oslo Børs til ein verdi av 22,1 milliardar kroner (kjelde: Oslo Børs), medrekna plasseringa av Banksikringsfondet sine 104 millionar aksjar i mars på 4,3 milliardar kroner.

Ved inngangen til 2001 forvalta Bankinveste-

ringsfondet på vegner av Statens Banksikringsfond 104 000 000 aksjar i DnB. Våren 2001 selde Bankinvesteringsfondet dei 104 000 000 aksjane i DnB som det forvalta for Banksikringsfondet. Eigardelen som Bankinvesteringsfondet forvaltar eller eig i DnB, blei såleis redusert frå 60,6 prosent ved inngangen av året til 47,3 prosent av aksjane i DnB ved utgangen av året 2001, jf. tabell 9.1

9.5 Sal av aksjar i DnB

Stortinget vedtok i 1997 at den statlege aksjeeiga i DnB og Kreditkassen skulle reduserast til ein tredel. Det blei sagt at aksjesala burde gjennomførast i 1998, med mindre særlege forretningsmessige tilhøve eller marknadstilhøva skulle tilseie seinare sal.

Mandatet til Bankinvesteringsfondet om å redusere den statlege eiga i DnB ned mot ein tredel blei stadfesta av Stortinget og regjeringa både i samband med fusjonen mellom DnB og Postbanken og i samband med vurderingane som blei gjorde i tilknytning til salet av aksjar i Kreditkassen til MeritaNordbanken.

Etter at Bankinvesteringsfondet avtala sal av sine aksjar i Kreditkassen til MeritaNordbanken i oktober 2000, starta ein derfor arbeidet med å etablere eit nytt syndikat for sal av DnB-aksjar. Bankinvesteringsfondet heldt i desember 2000 møte med ei rekkje norske og internasjonale meklarhus som grunnlag for å etablere syndikatet.

Den 18. januar 2001 offentliggjorde Bankinvesteringsfondet at ein hadde utpeika Merrill Lynch International til å leie det globale syndikatet for nedsal av aksjar i DnB, medan DnB Markets var valt til å leie det offentlege salet til publikum i Noreg. Med i det institusjonelle syndikatet var, i tillegg til Merrill Lynch, ABN Amro Alfred Berg, Carnegie, DnB Markets, ABG Securities og Fondsfinans, medan Christiania Markets, Karl Johan Fonds og Terra Fonds utfylte DnB Markets i den offentlege transjen.

Førebuvingane til transaksjonen starta straks etter at tilretteleggjarane var utpeika, mellom anna i form av «due diligence», utarbeiding av prospekt, presentasjonar for syndikatet, utarbeiding av analysar og utforming av marknadsføringskampanje.

Tabell 9.1 Eigardel og marknadsverdi i DnB ved utgangen av 2000 og 2001

(Beløp i mill. kroner)	31.12.01		31.12.00	
	Eigardel	Marknadsverdi	Eigardel	Marknadsverdi
DnB	47,3 %	14 799,9	60,6 %	22 474,7

Tabell 9.2 Tildeling av DnB-aksjar fordelt på private investorar og norske og utanlandske institusjonar

	Etterspurnad	Tildelt	Prosentdel
Private investorar	14	9	9 %
Norske institusjonar	39	11	10 %
Utanlandske institusjonar	205	84	81 %
Totalt	258	104	100 %

Før sjølve teikningsperioden heldt representantar for institusjonssyndikatet ei lang rekkje møte med investorar i Noreg, Europa og Nord-Amerika.

Den 12. mars 2001 kunngjorde Bankinvesteringsfondet at ein skulle selje inntil 104 millionar aksjar i DnB, tilsvarende 13 prosent av uteståande aksjar i banken, på vegner av Statens Banksikringsfond. Teikningsperioden var 19.–30. mars, og teikninga stansa samtidig i alle geografiske regionar. På desse to vekene gjennomførte to arbeidsgrupper, med representantar for bankleiinga, Bankinvesteringsfondet og syndikatet, møte med til saman 130 institusjonelle investorar i Noreg, Europa og USA. I tillegg heldt medlemmene av den offentlege transjen presentasjonsmøte ei rekkje stader i Noreg.

Aksjesalet blei gjennomført i ein relativt vanskeleg aksjemarknad. Dei fleste større børsane utvikla seg negativt i første kvartal 2001, mellom anna som følge av uvisse konjunkturar, svake selskapsresultat og nedjusterte resultatforventningar, spesielt i teknologisektoren. Etterspurnaden etter DnB-aksjar i spreingssalet til Bankinvesteringsfondet blei likevel solid. Transaksjonen blei teikna 2,5 gong, og etterspurnaden frå langsiktige investorar var god. Interessa var størst blant investorar i Storbritannia og USA, som kvar for seg teikna 40 prosent og 34 prosent av etterspurnaden, medan norske investorar teikna 16 prosent. Det offentlege aksjesalet til publikum bar preg av uvisse i kapitalmarknadene. Her etterspurde snaut 7000 interessantar 14 millionar aksjar.

Salskursen i transaksjonen blei sett til 41,50 kroner, som var ti øre høgare enn siste omsetningskurs siste teikningsdag 30. mars. Salsverdien blei dermed 4,3 milliardar kroner, som var det nest største spreingssalet av aksjar i Noreg nokon gong, etter delprivatiseringa av Telenor ASA i 2000.

I tråd med retningslinjer som gjekk fram av prospektet og praksis i tidlegare transaksjonar Bankinvesteringsfondet hadde gjennomført, blei private investorar tilgodesedde ved tildelinga av aksjar. Såleis fekk alle teiknarar i den offentlege transjen full tildeling for bestillingar inntil 10 000

aksjar. I alt blei 9 prosent av salet tildelte den offentlege transjen, medan institusjonelle investorar fekk tildelt 91 prosent av dei 104 millionar aksjane som blei selde. Fordelinga blant private investorar, norske institusjonar og utanlandske institusjonar er vist i tabell 9.2.

Fordelt på land fekk investorar i Storbritannia og USA tildelt høvesvis 41 prosent og 31 prosent av aksjane, i tråd med den høge etterspurnaden frå desse landa. Samansetjinga av investorar fordelt på land er vist i tabell 9.3.

I første månaden etter salet viste DnB-aksjen (justert for vedteke utbytte) ei stabil utvikling, med høg dagleg omsetning i aksjen. Både den gode etterspurnaden i samband med salet, prissetjinga i overkant av siste omsetningskurs i teikningsperioden og reaksjonane i etterhand av transaksjonen tilseier at transaksjonen blei godt motteken, og at gjennomføringa av salet kan kallast vellukka. Etter nedsalet har Banksikringsfondet ikkje lenger aksjar i DnB.

Utanlandsdelen på Oslo Børs gjekk ned i 2001, frå 43,1 prosent per 1. januar til 28,0 prosent ved utgangen av året (kjelde: Oslo Børs). Som vist i tabell 9.4 har utlandet ein prosentdel av dei «frie» aksjane i DnB (dvs. aksjar som ikkje er forvalta av Bankinvesteringsfondet) som er om lag dobbelt så høg som gjennomsnittet for børsen.

Bankinvesteringsfondet sat 31. desember 2001 med 47,3 prosent av aksjane i DnB. Stortingsvedtaket om å redusere den statlege eiga i DnB ned mot ein tredel står fast.

Tabell 9.3 DnB-aksjar fordelte på nasjonaliteten til utanlandsinvestorane

Tildeling per land	Prosentdel
Storbritannia	41 %
USA	31 %
Italia	19 %
Sveits	5 %
Andre	4 %
Sum	100 %

Tabell 9.4 DnB-aksjar fordelte på SFB/SBIF, norske og utanlandske institusjonar

	31.12.01	31.12.00
SBF/SBIF	47,3 %	60,6 %
Noreg elles	22,4 %	14,2 %
Utlandet	30,3 %	25,2 %
Sum	100,0 %	100,0 %
Utlandet sin del av «fri flyt»	57,5 %	63,8 %

Utviklinga i dei internasjonale aksjemarknadene gjennom året 2001, og spesielt etter hendingane i New York 11.09.01, gjorde det naturleg å vurdere utviklinga både marknadsmessig og strategisk før ein eventuelt gjennomfører eit ytterlegare nedsal. Styret uttala i årsmeldinga for 2001 at det truleg vil vere naturleg å vurdere eit nedsal i DnB i første halvår 2003. Styret tek si avgjerd på forretningsmessig grunnlag, og det vil mellom anna bli lagt vekt på marknadsmessige og strategiske forhold.

9.6 Strukturelle endringar i DnB

9.6.1 DnB overtek Unit Linked forsikringselskap

ACTA Bank ASA blei etablert som ein rein internetbank, retta mot privatmarknaden, og fekk konsesjon til drift den 26. januar 2001. Morselskapet til ACTA Bank ASA blei børsnotert i juli, men opplevde ei svak kursutvikling på linje med finansaksjar generelt. I desember selde selskapet sitt unit linked forsikringselskap til DnB, i tråd med ei refokusering på distribusjonssida av verksemda.

9.6.2 DnB overtek Skandia Asset Management

Den 7. januar 2002 gjorde Skandia og DnB avtale om overdraging av Skandia Asset Management til DnB for totalt 3,2 milliardar svenske kroner. Avtalen omfatta overtaking av forvaltning av totalt 239 milliardar kroner. Forvaltninga omfatta mellom anna forvaltninga til Skandia Liv på 166 milliardar kroner og forvaltninga til Skandia Fondene på 24 milliardar kroner. Inkludert i overtakinga var over 200 tilsette og Carlson Asset Management med totalt kr 49 milliardar under forvaltning.

Avtalen blei godkjend av representantskapet i DnB 15. januar 2002, og det er venta at endeleg gjennomføring av transaksjonen skal skje innan sommaren 2002. Dette gjer DnB til fjerde største forvaltar i Norden.

Bankinvesteringsfondet har gitt sin positive tilslutnad til prosjektet. Avtalen syntest strategisk, marknadsmessig og økonomisk svært interessant og i tråd med intensjonane til Stortinget og banken sjølv om å utvikle DnB som det leiande finanskonsernet i Noreg.

9.6.3 Fusjons- og oppkjøpstilbod på Storebrand

9.6.3.1 Oppkjøpstilbod frå Sampo i 2001

Den 20. mai 2001 sende styreformannen i DnB eit brev til styreformannen i Storebrand der det blei sett fram forslag om ei samanslåing av DnB og Storebrand. Den 21. mai 2001 offentliggjorde DnB sine fusjonsønske ved å føreslå fusjonsforhandlingar, og det var indikert at aksjonærane i Storebrand skulle få 1,5 aksje i DnB for kvar aksje i Storebrand.

Seinare same dagen sette det finske finanskonsernet Sampo fram eit oppkjøpstilbod på Storebrand med eit vederlag som tilsvara kr 75 per aksje, med oppgjer primært i kontantar og delvis i aksjar i Sampo.

Styret i DnB Holding ASA gjorde det klart at det ikkje ville akseptere oppkjøpstilbodet frå Sampo, og auka sin eigarposisjon i Storebrand til 9,92 prosent av aksjane. Tilbodet frå Sampo til Storebrand-aksjonærane varte i første omgang fram til 10. juli 2001, men blei sidan utvida først til 10. august og så til 28. september 2001. Per 10. juli hadde om lag 15 000 av dei rundt 37 000 aksjonærane i Storebrand akseptert tilbodet. Då akseptfristen gjekk ut 10. august 2001, hadde aksjonærar som representerte 54,6 prosent, akseptert tilbodet. Ei rekkje aksjonærar som representerte 31,7 prosent av aksjane, ønskte ikkje å binde seg gjennom ein aksept utan vilkår, men gav ulike erklæringar om at dei med diverse atterhald kunne tenkje seg å selje sine aksjar til Sampo.

Den 23. august 2001 tilrådde Kredittilsynet at Sampo ikkje skulle få konsesjon, idet ein viste til at

Sampo med dei akseptane som låg føre, ikkje kunne ventast å nå ein eigardel på over 90 prosent. Kredittilsynet vurderte ikkje i detalj andre sider ved konsesjonssøknaden, men gjorde det klart at det ønskte å behandle saka på ny dersom Sampo skulle oppnå aksept frå meir enn 90 prosent av aksjonærane i Storebrand ASA. Kredittilsynet ville i tilfelle mellom anna sjå nærare på soliditeten i det samanslegne konsernet.

Då bodfristen frå Sampo gjekk ut etter forlengingar, valde Sampo den 1. oktober 2001 å trekkje bodet tilbake med grunngiving i manglande aksept frå aksjonærane, negativ økonomisk utvikling i Storebrand etter at bodet blei framsett, og situasjonen i kapitalmarknadene generelt etter attentatet mot World Trade Center i New York 11. september.

I byrjinga av 2002 føretok så Sampo ein transaksjon der det fusjonerte skadeselskapet sitt inn i If. Konsekvensen av denne transaksjonen er at Storebrands eigardel i If blir redusert frå 44 prosent til 22,47 prosent. Sampo får ein eigardel i If på 38,05 prosent. Selskapet har hovudkontor i Stockholm. Alle nødvendige løyve i samband med den gjennomførte fusjonen mellom Sampos skadeselskap og If er gitt.

9.6.3.2 *Forslag til avtale om fusjon mellom DnB og Storebrand i 2002*

Etter ei tids kontakt mellom dei to selskapa blei det i pressemelding 29. mai 2002 kunngjort at styra i DnB og Storebrand hadde inngått ein avtale med forslag om å fusjonere dei to finanskonserna. Det nye konsernet ville blitt det største finanskonsernet i Noreg og eitt av de største i Norden dersom avtalen hadde blitt vedteken.

Avtalen føresette at DnB og Storebrand fusjonerte på grunnlag av eit bytteforhold svarande til 1,33 aksjar i DnB per aksje i Storebrand. 20 prosent av vederlaget skulle gjerast opp i kontantar. Storebrand-aksjonærane ville eige i underkant av 26 prosent av det nye selskapet, medan Bankinvesteringsfondet ville få ein eigardel på 35,5 prosent. Det nye selskapet ville hatt ca. 60 000 aksjonærar.

Eigarane av om lag halvparten av aksjane i Storebrand hadde gitt uttrykk for at dei støtta fusjonen på grunnlag av det offentleggjorde bytteforholdet. Bankinvesteringsfondet gav i utgangspunktet positiv støtte til forslaget om ein fusjon mellom dei to finanskonserna. Kravet var at det ikkje kom for dagen noko som endra dei økonomiske og juridiske føresetnadene som det avtala bytteforholdet var basert på.

Bytteforholdet føresette eit tilfredsstillande utfall av ein grundig, gjensidig gjennomgang av respektive porteføljar og verksemdar («due diligence») som skulle gjennomførast. Under «due diligence»-prosessen kom det etter DnB si vurdering fram økonomiske og juridiske forhold av eit omfang som gjorde at DnB fann det nødvendig å gjere vesentlege endringar i det bytteforholdet som førebels var avtala. Den 27. juni 2002 sa DnB derfor frå om at føresetnaden for ein fusjon basert på det opphavlege bytteforholdet ikkje lenger var oppfylt. Trass i nye og intense forhandlingar på styreplan i dei påfølgjande dagane lukkast det ikkje partane å bli samde om eit nytt bytteforhold. Ein måtte derfor konstatere at grunnlaget for fusjon mellom DnB og Storebrand ikkje lenger var til stades.

10 Verksemda til Folketrygdfondet i 2001

10.1 Innleiing

Stortinget fastsette 20. juni 1997 eit nytt regelverk for administrasjon av Folketrygdfondet og for forvaltning av midlane, revisjon o.a. i medhald av § 23–11 fjerde ledd i «lov av 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd». Det nye regelverket erstatta det regelverket som var fastsett av Stortinget 15. februar 1990 med seinare endringar, siste gongen 21. juni 1996. Ein erstatta det gamle regelverket av formelle grunnar, mellom anna på grunn av at lova om folketrygd var blitt endra. Etter reglane skal styret for fondet sende årsmelding og rekneskap til Finansdepartementet, som på si side legg fram melding for Stortinget. Årsmeldinga og rekneskapen for 2001 i original blei sende til departementet i brev av 4. april 2002, og følgjer som uttrykt vedlegg til denne meldinga.

Folketrygdfondet må utøve verksemda si i tråd med dei rettslege rammene som ligg til grunn. Fondet må for det første handle i samsvar med dei reglane som Stortinget har fastsett i «Reglement for Folketrygdfondet» av 20. juni 1997. For det andre er Folketrygdfondet også underlagt eventuelle nærare reglar og føresegner som er gitt av Kongen, med heimel i § 9 i reglementet. Denne kompetansen er i forskrift 17. januar 1992 og 21. juni 2002 delegert til Finansdepartementet. Av dette følgjer at Folketrygdfondet må handle innanfor dei rammene som både Stortinget og Finansdepartementet fastset.

10.2 Styre og administrasjon

I samsvar med regelverket for Folketrygdfondet forvaltar eit styre med ni medlemmer midlane til fondet. For kvar medlem skal det oppnemnast ein varamedlem. Samansetjinga av styret i 2001 er vist i boks 10.1.

Styremedlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Kongen for fire år. Medlemmene Bjørg Ven, Per Gunnar Olsen, Stein Blindheim, Oddvar Skaiaa og Harald Ellefsen med varamedlemmer var oppnemnde for perioden fram til 15. mai 2002. Dei andre medlemmene og varamedlem-

mene er oppnemnde for perioden fram til 30. juni 2004. Ved Resolusjon frå Kronprinsregenten 7. mai 2002 blei følgjande personar som vist i boks 10.2 oppnemnde for perioden 15. mai 2002 til 15. mai 2006.

Administrasjonen i Folketrygdfondet har blitt styrkt dei siste åra gjennom ein auke i talet på tilsette. Ved utgangen av 2001 hadde fondet 22 tilsette, som er det same som i 2000. Dei samla administrasjons- og forvaltningskostnadene til fondet, medrekna husleige, løn, styrehonorar o.a., utgjorde 30 millionar kroner i 2001. Dette var 4 millionar kroner, eller vel 15 prosent meir enn i 2000. Auken kom i hovudsak av auka avlønning, satsing og vidareutvikling av risikostyringssystema og utviding og oppgradering av kontorlokala.

Finansdepartementet ser positivt på at Folketrygdfondet har styrkt mellom anna risikoovervakinga og systema for risikostyring og ein har forståing for at dette har medført ein auke i kostnadene. Folketrygdfondet er kome langt i dette arbei-

Boks 10.1 Styret i Folketrygdfondet i 2001

Bjørg Ven, Oslo, leiar
Varamedlem: Inger-Johanne Lund, Oslo
Per Gunnar Olsen, Oslo, nestleiar
Varamedlem: Kjell Samuelson, Borgenhaugen
Stein Blindheim, Molde
Varamedlem: Linda Orvedal, Flåm
Anne Breiby, Ålesund
Varamedlem: Ernst Wroldsen, Tønsberg
Tove Lehre, Lillehammer
Varamedlem: Roger Schjerva, Oslo
Per Arne Olsen, Tønsberg
Varamedlem: Terje Søviknes, Lysekloster
Anna Kristine Jahr Røine, Fetsund
Varamedlem: Ola Prestegarden, Tretten
Oddvar Skaiaa, Grimstad
Varamedlem: Liv Skåheim, Førde
Harald Ellefsen, Trondheim
Varamedlem: Anne Berit Andersen, Søgne

**Boks 10.2 Nyoppnemnde styre- og
varamedlemmer for perioden 15. mai
2002 til 15. mai 2006.**

Rolf Sæther, Oslo (ny, leiar)
Varamedlem: Trine-Lise Wilhelmsen, Oslo (ny)
Harald Ellefsen, Trondheim
Varamedlem: Monica Mæland, Bergen
Vibecke Groth, Oslo (ny)
Varamedlem: Karine Nyborg, Bærum (ny)
Linda Orvedal, Aurland (ny som medlem)
Varamedlem: Petter Bjærksund, Bergen (ny)
Oddvar Skaiaa, Grimstad
Varamedlem Liv Skåheim, Førde.

det. Departementet legg til grunn at talet på tilsette ikkje skal stige vesentleg i tida framover.

10.3 Reglar for plasseringsverksemda

Styret for Folketrygdfondet har ansvaret for forvaltninga av midlane til fondet innanfor dei retningslinjene som Stortinget har fastsett og eventuelle nærare retningslinjer som er gitt av Kongen i medhald av § 9 i regelverket til fondet.

§ 5 i regelverket for Folketrygdfondet lyder som følgjer:

«Styret har ansvaret for at fondets midler anbringes med sikte på best mulig avkastning under hensyntaken til betryggende sikkerhet og den nødvendige likviditet. Styret skal påse at det er etablert et betryggende risikostyrings-system for fondets forvaltning.

Fondets midler kan plasseres i norske ihen-dehaverobligasjoner og sertifikater, som kon-tolån til statskassen og som innskudd i Post-banken og forretnings- og sparebanker. Innen-for en ramme på 20 pst. av forvaltningskapi-talen kan fondets midler plasseres i aksjer noterte på norsk børs eller på børs i Danmark, Finland eller Sverige, og, etter godkjenning fra Finansdepartementet, aksjer i norske selska-per ellers hvor aksjene er gjenstand for regel-messig og organisert omsetning, børsnoterte grunnfondsbevis i norske sparebanker, kreditt-foreninger og gjensidige forsikringsselskaper, og børsnoterte konvertible obligasjoner og børsnoterte obligasjoner med kjøpsrett til ak-sjer i norske selskaper. Plassering på aksjer notert på børs i Danmark, Finland eller Sverige må samlet ikke overstige 5 pst. av Folketrygd-fondets ramme for aksjeplasseringer. Fondet

kan delta i emisjoner i ikke-børsnoterte aksjer i norske selskaper umiddelbart før børsintro-duksjon, dersom det er klargjort på emisjons-tidspunktet at de aktuelle aksjene vil bli børs-notert kort tid etter emisjonen.

Annet ledd er ikke til hinder for at Folke-trygdfondet kan beholde aksjer i norsk selskap som i forbindelse med oppkjøp, fusjon el. end-rer status til å bli utenlandsk selskap.

Fondet kan videre, innenfor den samlede rammen på 20 pst. av fondskapitalen, gå inn med egenkapitalinnskudd i form av ikke-børs-noterte papirer, i tilfelle hvor fondet står i fare for å lide betydelige tap på plasseringer i obli-gasjoner. Dette må i så fall være ledd i en koor-dinert aksjon, hvor en dominerende gruppe av kreditorene deltar, og hvor siktemålet for fon-det alene er å trygge fondets egne interesser.

Folketrygdfondet kan eie andeler for inntil 15 pst. av total aksjekapital eller grunnfondsbe-viskapital i ett enkelt selskap i Norge. Folke-trygdfondet kan eie andeler for inntil 0,5 pst. av total aksjekapital i ett enkelt selskap i Dan-mark, Finland og Sverige. Styret kan ta opp kortsiktige lån dersom dette finnes hensikts-messig.

Folketrygdfondet kan, etter nærmere ret-ningslinjer fastsatt av Finansdepartementet, inngå salgs- og gjenkjøpsavtaler knyttet til egenkapitalinstrumenter og rentebærende in-strumenter der erververen av instrumentene etter avtalen har plikt til å tilbakeføre disse til selger.»

Storingsvedtak om at styret skal sjå til at det er etablert eit forsvarleg risikostyringssystem for for-valtninga av fondet, jf. første ledd i § 5, blei gjort i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2000. Sty-ret i fondet fastset årleg risikorammer for den norske aksjeporteføljen, for renteporteføljen for fondet og for totalporteføljen for fondet. I samband med Nasjonalbudsjettet 2001 vedtok Stortinget å endre reglementet slik at fondet også kan inves-terast i aksjar noterte på børsane i Danmark, Sveri-ge eller Finland svarande til 5 prosent av den samla aksjeramma. Styret i Folketrygdfondet har fastsett ein referanseindeks som utgangspunkt for referan-seporteføljen for aksjeinvesteringane i Danmark, Finland og Sverige. Risikoramma for investeringar i dei andre nordiske landa er i samsvar med omtale i Nasjonalbudsjettet 2001 sett til 1,5 prosentpoeng forventa relativ volatilitet.

Etter vedtak i Stortinget 4. juni 2002 lyder § 9 i reglementet som følgjer:

«Kongen kan gi nærmere regler om fondsfor-valtningen og treffe nærmere bestemmelser til utfylling og gjennomføring av reglene. Kongen kan i særlige tilfeller dispensere fra § 5.»

Heimelen i § 9 i reglementet til å gi nærare retningslinjer om forvaltninga blei delegert til Finansdepartementet ved kongeleg resolusjon 17. januar 1992 og 21. juni 2002. Nærare retningslinjer er av generell karakter, til dømes ved at ein fastset kvantitative rammer for verksemda. I 2002 blei heimelen til å gi dispensasjon nytta ved at Finansdepartementet gav Folketrygdfondet dispensasjon til å behalde eit ansvarleg lån pålydande ca. 390 milliardar kroner til Kværner ASA.

Finansdepartementet fastset, med heimel i § 9 i retningslinjene, kvart år ramma for kor mykje Folketrygdfondet kan auke investeringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat (utan statsgaranti), bankinnskot og aksjar. Folketrygdfondet kan foreslå ei ramme. I brev av 12. januar 2001 til departementet foreslår fondet ein auke av ramma for private og kommunale plasseringar på 2,5 milliardar kroner i 2001. Finansdepartementet fastsette i brev av 15. februar 2001 ei ramme for private og kommunale plasseringar på 2,0 milliardar kroner for 2001. Dette er 0,5 milliard kroner høgare enn for 2000. Annan plasseringsauke skal skje i statsgaranterte papir eller som kontolån til statskassa. Når Folketrygdfondet plasserer avkastninga si i statlege verdipapir, er fondet med på å dekkje dei låna som staten har bruk for. Folketrygdfondet kan jamvel utan nokon auke i behaldninga av private og kommunale papir auke nettoplasseringane sine i aksjemarknaden opp til grensa som Stortinget har vedteke på 20 prosent av forvaltningskapitalen. Dette kan gjerast ved å plassere om eksisterande bankinnskot og private og kommunale obligasjonar.

Folketrygdfondet kan plassere fritt i første- og andrehandsmarknaden for norske statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaranterte papir innanfor ein samla portefølje på inntil 5 milliardar kroner. Reglane for plasseringane i statspapir blei fastsette i brev frå Finansdepartementet 15. desember 1992. Dei andre plasseringane i denne gruppa skal som hovudregel vere kontolån til staten med vilkår knytte til underliggjande statslån. Etter kvart som den eksisterande porteføljen av statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaranterte papir forfell, må den delen som overstig 5 milliardar kroner, såleis replasserast som kontolån.

10.4 Balansen til Folketrygdfondet i 2001

Kapitalen til Folketrygdfondet utgjorde ved utgangen av 2001 133,7 milliardar kroner.

Statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaran-

terte obligasjonar og sertifikat (medrekna kontolån til statskassa knytte til underliggjande statslån) er hovudplasseringsforma til Folketrygdfondet. Ved utgangen av 2001 var 83,4 milliardar kroner plasserte i denne kategorien papir (rekna til kostpris). Dette svara til 65,8 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Tilsvarende tal ved utgangen av 2000 var 78,7 milliardar kroner, dvs. 65,5 prosent av dei samla plasseringane. Bankinnskota var på 54 millionar kroner ved det siste årsskiftet. Marknadsverdien av dei samla plasseringane i renteberande papir utgjorde 106 milliardar kroner pr. 31. desember 2001, og fondet hadde eit urealisert kurstap på desse papira på ca. 1 milliard kroner.

Fondet sine plasseringar i private og kommunale obligasjonar og sertifikat utgjorde om lag 23,5 milliardar kroner ved utgangen av 2001, mot 25,5 milliardar kroner ved utgangen av 2000 (kostpris). Dette svara til 18,6 og 21,3 prosent av dei samla plasseringane.

Folketrygdfondet har frå juni 1991 hatt høve til å plassere i eigenkapitalinstrument i form av børsnoterte aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar, jamfør St.prp. nr. 69 (1990–91) og Innst. S. nr. 228 (1990–91). Den øvre ramma for plasseringar i aksjar blei utvida frå 15 til 20 prosent av forvaltningskapitalen til fondet ved Stortinget sitt vedtak 28. oktober 1994. Øvre grense for eigenkapitalplasseringar var ved utgangen av 2001 på 26 milliardar kroner rekna på grunnlag av fondskapitalen rekna til kostpris medrekna opptente, ikkje utbetalte renter. Eigenkapitalplasseringane til fondet var på same tid på i alt 19,7 milliardar kroner (kostpris) fordelte på 50 selskap noterte på Oslo Børs og 27 selskap noterte på børs i Danmark, Finland og Sverige. Av dette utgjorde plasseringar i grunnfondsbevis 291 millionar kroner (kostpris). Eigenkapitalplasseringane svara til 15,6 prosent av dei samla plasseringane til fondet (rekna til kostpris). Plasseringane i eigenkapitalinstrument auka med 4,4 milliardar kroner (rekna til kostpris) frå utgangen av 2000 til utgangen av 2001.

Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet i form av aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar var ved utgangen av 2001 på 24 milliardar kroner. Fondet hadde såleis ein urealisert kursgevinst på slike verdipapir på 4,3 milliardar kroner. Folketrygdfondet sine samla netto urealiserte kursgevinstar og opptente, ikkje utbetalte renter utgjorde 6,6 milliardar kroner ved utgangen av 2001.

10.5 Resultatet til Folketrygdfondet i 2001

Resultatet til Folketrygdfondet (medrekna urealiserte gevinstar) var i 2001 på 5 323 millionar kroner. Dette svara til ein avkastningsrate på 4,1 prosent. Tilsvarende avkastning i 2000 var på 6,5 prosent. Avkastninga på plasseringane til fondet i renteinstrument (obligasjonar, sertifikat og bankinnskot) var i 2001 på 6,7 prosent, medan avkastninga på norske aksjar og grunnfondsbevis var på minus 9,6 prosent.

Aksjeavkastninga i Noreg var 6,0 prosentpoeng høgare enn avkastninga til referanseindeksen for aksjeinvesteringane. Meiravkastninga kom mellom anna av at fondet var overvekta i finanssektoren og konsumentvaresektoren, medan det var undervekta i IT-sektoren.

Samla renteinntekter i 2001 var 7 136 millionar kroner, medan motteke aksjeutbytte var på 419 millionar kroner. Fondet hadde gjennom året ein reduksjon i urealiserte verdipapirgevinstar på aksjar og obligasjonar på 1 170 millionar kroner. Endringa i urealiserte gevinstar var delt i minus 1 461 millionar kroner for aksjar medan dei resterande verdipapira hadde ein auke på 291 millionar kroner.

Folketrygdfondet hadde i perioden 1996–2001 (6 år) ei gjennomsnittleg årleg avkastning på eigenkapitalplasseringane på 8,8 prosent, som er 1,4 prosentpoeng høgare enn referanseporteføljen.

Aksjeporteføljen til Folketrygdfondet hadde ein relativ volatilitet i forhold til referanseporteføljen på 5,5 prosent i perioden 1996–2001 (6 år).

11 Om verksemda til Det internasjonale valutafondet (IMF)

11.1 Innleiing

Det internasjonale valutafondet (International Monetary Fund, forkorta IMF) har 184 medlemsland og er ein sentral aktør i det internasjonale økonomiske samarbeidet. Organisasjonen har eit hovudansvar for å fremme stabiliteten i det internasjonale monetære systemet og er eit forum for internasjonalt samarbeid om penge- og valutapolitiske spørsmål.

IMF si verksemd er konsentrert om tre hovudaktivitetar: overvaking av økonomien i medlemslanda, lån ved betalingsproblem og i krisesituasjonar og teknisk assistanse. Saman med Verdsbanken spelar IMF ei viktig rolle i initiativet for å lette gjeldsbetalingane for fattige land og setje dei i stand til betre å nedkjempe fattigdom. Styresmakterne i land som ber om hjelp frå IMF, skal utarbeide ein eigen strategi for kampen mot fattigdom i eit nært samarbeid med det sivile samfunnet. IMF yter assistanse, lån og eventuelt gåvemidlar.

For generell omtale av organiseringa av og oppgåvene til IMF, sjå kapittel 9 i St.meld. nr. 6 (2001–2002) Kredittmeldinga 2000. I Kredittmeldinga 2001 vil ein gi eit oversyn over dei viktigaste sakene IMF arbeider med, og utviklinga i desse sidan sist.

11.2 Oppgåvene til IMF

11.2.1 Økonomisk overvaking

Det bilaterale overvakingssystemet er fastsett i vedtektene og gir IMF fullmakt til å gjennomføre regelfaste konsultasjonar med alle medlemmene. Statuttane slår fast at medlemslanda har ei omfattande informasjonsplikt om økonomiske spørsmål.

IMF har over tid blitt meir open om sine aktivi-

tetar. Dette er nærare omtala i førre melding. IMF oppmodar mellom anna medlemslanda å offentliggjere konsultasjonsrapportar om sitt land. Dette har ført til at stadig fleire land publiserer desse. Alle landa i vår valkrins offentliggjør sine rapportar¹. Det er for tida ulike haldningar i styret om kor langt det er rimelig å gå her.

Overvakinga har tradisjonelt lagt mest vekt på valutakursar og penge- og finanspolitikk. Over lengre tid har overvakinga gradvis ekspandert som følge av veksande økonomisk integrasjon gjennom handel og finansstraumar. Det er blitt nødvendig med eit breiare perspektiv og innretning med sterkare vektlegging på arbeidet med å forhindre kriser. IMF legg stadig større vekt på å analysere utviklinga i finanssektoren, gjeldsforholda og kapitalbalansen til medlemslanda. IMF har i aukande grad også sett på strukturelt tiltak som verkar inn på tilbodssida i økonomiane. Handelspolitiske tiltak er eit eksempel på dette. I den seinare tida har IMF forsterka overvakinga av institusjonelle forhold med vekt på styresettet i landa og kampen mot kvitvasking av pengar og finansiering av terrorisme.

Den utvida ramma for overvakinga stiller IMF overfor nye utfordringar. Det er gjort framlegg om ei sterkare prioritering av overvakinga rundt dei problemfylte og potensielt vanskelege tilfella, og i tillegg rundt land som har stor verknad på det internasjonale finansielle systemet eller i regional samanheng. Det kan mellom anna skje ved at ein frigjer ressursar gjennom sjeldnare eller mindre omfattande overvaking av land med ein sunn økonomisk politikk. Den nordisk-baltiske valkrinsen har støtta utvidinga av ramma for overvakinga. Framlegga om å effektivisere overvakinga får òg støtte.

I mars 2002 lanserte IMF ein ny kvartalsvis publikasjon som analyserer utviklinga i dei internasjonale finansmarknadene (Global Financial Stability Report). Publikasjonen erstattar den årlege rapporten om dei same forholda og ein kvartalsvis publikasjon om dei framveksande økonomiane. Den nye publikasjonen er meir omfattande i det han også tek for seg utviklinga i finansmarknadene i dei industrialiserte landa. Endringa må sjåast i

¹ Dei nordiske og baltiske landa utgjer ein felles valkrins. På norsk side skjer samordninga av IMF-saker gjennom nær kontakt mellom Noregs Bank og Finansdepartementet. Ordninga er likeins i dei andre landa. Utanriksdepartementet, som har ansvaret for regjeringa si behandling av Verdsbank-saker, blir og trekt inn i arbeidet.

samanheng med den auka vektlegginga IMF har hatt på overvaking av internasjonal finansiell stabilitet.

11.2.2 Førebygging og handtering av kriser

11.2.2.1 Etterleving av standardar og kodar

Meir globale og integrerte kapitalmarknader har ført til eit omfattande arbeid i IMF for å forsterke innsatsen med å følgje opp den økonomiske utviklinga i medlemslanda.

Kvaliteten på dei økonomiske analysane frå IMF er fullt og heilt avhengig av rask tilgang av pålitelege data. IMF har derfor lagt auka vekt på datainnlevering frå medlemslanda. Å etterleve internasjonalt aksepterte standardar og kodar for såkalla beste praksis på ulike område er ein viktig faktor for å sikre det økonomiske og finansielle systemet i eit land og ein føresetnad for eit velordna internasjonalt finansielt system. I samarbeid med Verdsbanken sette IMF i 1998 i gang eit arbeid for systematisk å vurdere om medlemslanda følgde slike standardar (Report on Observance of Standard and Codes, ROSC). Systemet omfattar til saman 11 ulike standardar og kodar. Det er opp til kvart enkelt land om dei vil følgje desse standardane, men IMF oppfordrar sterkt landa til å ta dei i bruk. I november 2002 skal det gjennomførast ei vurdering av om Noreg oppfyller standardane på statistikkområdet. IMF har planar om å gå gjennom røynslene med ROSC i 2003.

Det er arbeidd aktivt med spørsmålet om korleis IMF kan nedkjempe kvitvasking av pengar og finansiering av terrorisme. Det er no brei semje om å etablere ein eigen standard knytt til dei områda som er tilrådd av «Financial Action Task Force» (FATF). For å få til eit sett med gode og effektive tiltak er det naudsynt med samarbeid mellom fleire internasjonale økonomiske organisasjonar. IMF vedtok i juli å setje i gang eit prøveprosjekt over tolv månader om korleis ein best kan vurdere innsatsen til enkelte medlemsland innanfor dette området.

IMF og Verdsbanken etablerte i 1999 eit system for vurdering av den finansielle sektoren i medlemslanda. «Financial Sector Assessment Program» (FSAP) tek sikte på å avdekkje sterke og svake sider ved det finansielle systemet i eit land, mellom anna korleis det ivaretek ulike risikoar og tiltak med sikte på å betre tilsynet med finansinstitusjonane. Innanfor den nordisk-baltiske valkrinsen har Estland, Finland, Island, Latvia, Litauen og Sverige gjennomført FSAP. Noreg har bede om å få gjennomført FSAP i 2003.

11.2.2.2 Restrukturering av statsgjeld

Med bakgrunn i finanskrisene dei siste åra arbeider IMF med tiltak for å sikre at privat sektor tar større del i arbeidet for å hindre og løyse finansielle kriser. Deltaking frå private er viktig for å oppnå ei rimeleg byrdefordeling mellom offentleg og privat sektor. Det er òg viktig at privat sektor sjølv ber risikoen for eigne plasseringar og ikkje forventar å bli redda ut av problema av styresmaktene og IMF.

Administrasjonen i IMF gjorde hausten 2001 framlegg om å etablere eit lovfesta internasjonalt rammeverk for gjeldsforhandlingar for land med gjeld som IMF vurderer som ikkje berekraftig. Siktemålet med framlegget er at ansvaret for gjeldsproblema i større grad skal overlatast til låntakarlandet og dei internasjonale investorane. Dermed blir behovet for store redningspakker frå IMF redusert, og disiplinen i dei internasjonale finansmarknadene blir styrkt. Framlegget må sjåast i samband med kravet om at dei private investorane i større grad må involverast i løysingane av dei finansielle krisene. Eit klart og bindande rammeverk vil bety at ein uakseptabel gjeldssituasjon kan taklast tidlegare, ryddigare og raskare enn tilfellet er i dag. Kostnadene ved ei nødvendig restrukturering av statsgjelda blir mindre både for debitorlandet og kreditorane.

Framlegget går ut på at IMF – gitt at ein vurderer gjelda i landet som for stor – kan sanksjonere ein betalingsstopp og gi eit vern mot søksmål frå kreditorane for å fremme ei fornuftig og nødvendig gjeldsrestrukturering. Både betalingsstoppen og forbodet mot søksmål er tenkt å vere mellombels med forlenging berre ved ein aksept frå eit fleirtal av kreditorane. Debitorlandet pliktar å etablere eit IMF-program for å rette opp ubalansane i økonomien og setje i gang konstruktive gjeldsforhandlingar. For å unngå at nokre få kreditorar skal kunne hindre ei løysing skal utfallet av gjeldsforhandlingane avgjerast ved fleirtal blant kreditorane.

Lån som inneheld såkalla «collective action clauses» (CACs), kan ivareta mange av dei same omsyna, fordi slike klausular sikrar den typen majoritetsavgjerder som framlegget frå IMF legg opp til. Det er likevel to problem med einsidig å stø seg til bruken av slike klausular. For det første inneheld lån som er lagde ut under New York-rett – som ved utgangen av 2001 var om lag 60 prosent av internasjonale statsobligasjonslån lagde ut av framveksande økonomiar – ikkje slike klausular. Det kan derfor ta lang tid før størstedelen av låna inneheld CACs. For det andre vil CACs berre gjelde kvart enkelt lån, og ikkje den samla gjelda i landet.

Dermed står ein vesentleg del av samordningsproblemet att.

Det er truleg monaleg politisk motstand mot å få vedteke det internasjonale heimelsgrunnlaget som eit formelt rammeverk vil krevje. Ei slik endring i vedtektene krev 85 prosents fleirtal i Guvernørrådet, det øvste organet i IMF. Det kan ta lang tid å få vedteke ei slik endring.

På bakgrunn av desse forholda uttala «International Monetary and Financial Committee» (IMFC), det rådgivande organet for Guvernørrådet, våren 2002 at IMF bør greie ut nærare både den lovfesta (framlegget frå administrasjonen i IMF) og den kontraktsfesta (bruk av CACs) tilnærminga. Auka bruk av CACs kan fremmast utan tidkrevjande vedtak av dei lovgivande styresmaktene i kvart land. Dersom CACs viser seg utilstrekkeleg for å ivareta målet om meir føreseielege og effektive forhandlingar om gjeldsrestrukturering, vil det understreke behovet for ei lovfesta tilnærming i tråd med framlegget frå IMF.

Dei viktige stega som no er tekne for å fremme den private sektorens involvering i løysinga av finansielle kriser og avgrense IMF's lån i slike situasjonar, er heilt i tråd med det synet den nordisk-baltiske valkrinsen har hatt dei seinare åra.

11.2.3 Utlån og kondisjonalitetskrav

11.2.3.1 Utlån

Finansieringsfunksjonen til IMF er nær knytt til overvåkingsfunksjonen. Dei ulike finansieringsordningane må sjåast i samanheng med dei oppgåvene institusjonen er pålagt for å fremme valutastabilitet og stabilitet i dei finansielle marknadene. Medlemsland skal ha tilgang til finansieringsordningar slik at dei kan korrigere mellombels vanskar i betalingsbalansen, utan at dei må gripe til tiltak som kan ha uheldige økonomiske konsekvensar for landet sjølv eller for andre land.

Det blir i dag fastsett spesifikke grenser for lån som blir gitt når det oppstår betalingsbalanseproblem. Ved krisesituasjonar som skuldast brå og omfattande kapitalutgang gjeld derimot i dag ingen formelle lånegrenser. Det har vore gitt kriselån som mange gonger overstig dei formelle lånegrensene ved regulære betalingsbalanselån. Årsaka er at det ofte er tale om store finansieringsproblem som må løysast raskt for å gjenreise tilliten i finansmarknadene. Det er også ein tendens til å setje saman krisepakker med éin del ordinære utlån og éin del kriselån der renta er høgare og tilbakebetalingstida kortare.

Det har etter kvart utvikla seg motførestellingar mot dette systemet og den praksisen som har etablert seg. Det eksisterande systemet er komplisert, og det inneheld ingen reglar som på ein god måte sikrar at lån utover den vanlege ramma blir avgrensa til dei verkeleg eksepsjonelle situasjonane. Det har vidare vore hevda at systemet heller ikkje verkar godt nok til å sikre ei god deltaking i finansieringa frå privat sektor og dermed heller ikkje til ei rimeleg fordeling av innsatsen mellom økonomisk tilpassing og i finansieringa mellom privat og offentleg sektor. På møtet sitt våren 2002 bad IMFC derfor styret om å definere klare kriteria for å gje lån utover den vanlege ramma. Valkrinsen har ved fleire høve gått inn for at det blir utarbeidd klarare retningslinjer og prosedyrar for IMF si utmåling av slike kriselån. Styret diskuterte saka i september. Det var semje om at for å få store lån må landet ha eit monaleg problem med kapitalbalansen, ha gode moglegheiter til å betale ned gjelda og gode utsikter til igjen å kunne låne i dei internasjonale finansmarknadene. Det vil òg bli lagt vekt på at landet må arbeide for å involvere privat sektor i løysinga av krisa.

11.2.3.2 Kondisjonalitetskrav

IMF knyter vilkår, kondisjonalitetskrav, til utlåna sine. Krava inneber at landet sett i verk økonomiske tiltak som tek sikte på å rette opp dei økonomiske ubalansane og som set landet i stand til å betale tilbake lånet. Det er viktig at utlånte midlar vender tilbake til IMF, slik at dei kan gi grunnlag for nye utlån til andre land som får betalingsproblem.

Kondisjonalitetskrava har utvikla seg over tid. Opp til 1980-talet avgrensa vilkåra seg til makroøkonomiske tiltak (etterspørselsregulering gjennom penge- og finanspolitiske tiltak). Frå slutten av 1980-talet blei vilkåra meir omfattande. Særleg har det vore ein auke på det strukturelle området. Denne forskyvinga reflekterte mellom anna at IMF la større vekt på tiltak som kunne fremme den økonomiske veksten, og at strukturelle problem ofte låg bak betalingsbalanseproblema.

Forskyvinga i retning av meir omfattande og detaljerte kondisjonalitetskrav har reist spørsmål ved innrettinga og omfanget på vilkåra. Fleire har meint at kondisjonalitetskrava er blitt for kompliserte, og har argumentert for ei forenkling. I september 2000 blei det derfor fastsett nokre mellombels retningslinjer for forenkling av kondisjonalitetskrava på det strukturelle området.

Erfaringane med desse mellombelse retningslinjene er gode. IMF har i lys av dette starta eit

arbeid med å utforme nye formelle retningslinjer for arbeidet. Framlegget til nye retningslinjer blei diskutert av styret i september 2002.

Ein legg opp til ei breiare tolking av kondisjonalitetsoppgåvene enn det som var gjeldande på 1970-talet, men noko snevrare enn det som galdt på 1990-talet. Dei er utforma ut ifrå ei forståing av at problema i medlemslanda no er meir langvarige, meir komplekse og meir samansette enn tidlegare. Det føreset eit breiare sett av tiltak. Samtidig er det behov for ei forenkling og effektivisering av kondisjonaliteten, om medlemslanda skal kjenne ein sterkare eigarskap til reformene. Dette er nødvendig for å sikre at tiltaka blir gjennomførte på ein best mogleg måte.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har stilt seg positiv til arbeidet med å forenkle og konsentrere innhaldet i kondisjonalitetskrava. IMF bør redusere sitt engasjement i strukturelle spørsmål og konsentrere seg meir om kjerneoppgåvene. Ein viktig føresetnad har heile tida vore at endringane ikkje skal svekkje dei overordna krava til økonomisk tilpassing i programma.

11.2.4 Utviklinga i kriselanda og IMF si rolle

11.2.4.1 Tyrkia

I 2000 innleidde Tyrkia eit ambisiøst stabiliseringsprogram for å redusere inflasjonen. IMF gjekk inn med finansiering. I mai 2001 blei låneavtalen reforhandla, og beløpet blei auka blant anna for å gi ny tillit til den økonomiske politikken og lette dei statlege finansieringsproblema. Samla kunne Tyrkia trekkje opp til 19 milliardar USD frå IMF. Delar av lånet blei gitt på krisevilkår, det vil seie med kort tilbakebetalingstid og høgare rente.

Nedgangen i verdsøkonomien og etterverkningar av terroråta mot USA den 11. september 2001 gjorde at situasjonen i Tyrkia forverra seg. Låneavtalen, som forfall i februar 2002, blei erstatta med ein ny treårsavtale med eit samla lånebeløp på inntil 16 milliardar USD. I motsetning til det tidlegare lånet blei heile det nye lånet gitt som eit regulært betalingsbalanselån, som har lengre nedbetalingstid og lågare rente enn kriselån. Restrukturering av finanssektoren og ei konsolidering av budsjettet er viktige element i det noverande låneprogrammet.

11.2.4.2 Argentina

Argentina har gjennom dei siste åra hatt store statsfinansielle problem. Lån frå IMF reduserte

styresmaktene sine finansieringsproblem, men utan at tilgangen til privat internasjonal kapital blei normalisert. Situasjonen forverra seg sommaren 2001, og i september auka IMF låneramma med 8 milliardar USD. Argentina fekk med det ei låneramme på om lag 22 milliardar USD i IMF. Den auka låneramma verka ikkje til å auke investorane sin tillit til den økonomiske politikken. Situasjonen forverra seg utover hausten. Styresmaktene sette i gang nye tiltak, mellom anna ei restrukturering av den offentlege gjelda.

Manglande evne til å setje vedtekne reformer i verk og dermed oppfylle vilkåra som var sette i IMF's låneprogram, gjorde at fondet tidleg i desember vedtok å stoppe vidare utbetalingar til Argentina. Omfattande kapitalutgang førte til press på den faste valutakursen mot amerikanske dollar og truga stabiliteten i banksystemet. Styresmaktene prøvde å dempe kapitalutgangen ved å setje restriksjonar på bankuttak. Etter omfattande uro gjekk regjeringa av. I slutten av desember 2001 blei statsgjelda misleghalden, og eit gjeldsmoratorium blei innført. I byrjinga av januar 2002 blei den faste valutakurstilknyttinga til dollar oppheva, og valutaen har seinare svekt seg markert.

Argentina opplever no ei valuta-, bank- og gjeldskrise. I tillegg kjem den institusjonelle og sosiale krisa. Den økonomiske aktiviteten er venta å falle med 15–20 prosent i år, valutakursen har falle med nær 75 prosent mot dollar, og inflasjonen er stigande. Landet er ikkje i stand til å betale tilbake gjelda si.

IMF har sett som vilkår for å innleie forhandlingar om nye lån at styresmaktene viser vilje til å rette opp finanspolitikken (særleg forholdet mellom den føderale regjeringa og provinsane), styrkje banksystemet og reformere konkurslovgivinga. I slutten av juni meinte IMF at forholda låg til rette for å ta opp att forhandlingane med Argentina, men det kan ta lang tid før eit nytt program er forhandla ferdig.

11.2.4.3 Brasil

Brasil blei ramma av ei krise hausten 1998. Problema var av statsfinansiell karakter. Under leiing av IMF blei det forhandla fram ei finansieringspakke. Etter eit spekulativt åtak på valutaen i januar 1999 valde styresmaktene å la den brasilianske realen flyte. Depresieringa betra konkurranseevna og gjorde sitt til at veksten tok seg opp allereie i 1999. Styresmaktene vann raskt tilbake tilliten i dei internasjonale finansmarknadene. På bakgrunn av problema i Argentina, den negative utviklinga i verdsøkonomien og den innanlandske energikrisa

oppstod det sommaren 2001 eit nytt press mot den brasilianske valutaen, og IMF gav Brasil eit førebyggjande lån på inntil 15 milliardar USD.

Brasil trekte vel 30 prosent av dette beløpet hausten 2001, men betalte det tilbake i april 2002. Ny uro i finansmarknadene i juni, hovudsakleg som følge av nervøsiteten før presidentvalet til hausten, gjorde at styresmaktene fekk problem med å refinansiere gjelda. Valutaen svekte seg, og rentene steig. Brasil valde då å trekkje så godt som resten av låneramma som var innvilga av IMF, om lag 10 milliardar USD. Gjennom sommaren forverra situasjonen seg. Kapitalutgangen var stor og valutaen svekte seg ytterlegare. Styresmaktane ba om meir lån frå IMF. IMF gav i september eit lån på vel 30 milliardar USD, det største i fondets historie. Berre 20 prosent av lånet blir utbetalt i år. Resten blir utbetalt i løpet av 2003 etter kvart som Brasil møter dei krava til den økonomiske politikken som IMF har stilt.

11.2.4.4 Uruguay

Uruguay er blitt smitta av krisa i Argentina, noko som førde til stor utgang av kapital. Landet fekk eit lån frå IMF på knappe 800 millionar USD ved utgangen av mars i år. Programperioden skulle vere 24 månader. Den økonomiske utviklinga blei svakare enn venta og det oppsto på nytt stor kapitalutgang. Lånet blei derfor først auka til 2,3 milliardar USD ved utgangen av juni og vidare til 2,8 milliardar USD tidleg i august. Auknen i lånebeløpet blei i begge tilfella kombinert med eit revidert og styrkt økonomisk program. Siktemålet er å gjenreise tilliten på dei internasjonale finansmarknadene og etablere ein situasjon med ein berekraftig ekstern gjeld.

11.2.5 Teknisk assistanse

Det tredje hovudområdet for IMF si verksemd, teknisk assistanse til medlemslanda, har auka i omfang dei siste åra. Mange land har utilstrekkelege institusjonar og manglar fagleg kompetanse til å kunne forme og gjennomføre ein berekraftig økonomisk politikk. Den tekniske assistansen blir i hovudsak gitt innanfor tre område: (a) utforming og gjennomføring av penge- og finanspolitikken, (b) hjelp til å byggje opp institusjonar, (c) lovgiving for økonomisk verksemd og finanssektoren. Assistansen tek såleis sikte på å betre det institusjonelle grunnlaget for gjennomføring av dei økonomiske tilrådingane.

PRSP-prosessen (sjå avsnitt 11.2.6.2) står sentralt i IMF og Verdsbankens arbeid for å redusere

fattigdom. Det har vist seg at manglande institusjonell kapasitet i fleire av PRSP-landa har vore eit hinder for ei effektiv iverksetjing av strategien for å redusere fattigdommen. IMF ønskjer derfor å styrkje den tekniske assistansen til Afrika. Saman med Verdsbanken og andre institusjonar er IMF i ferd med å etablere regionale senter for teknisk assistanse i Afrika sør for Sahara. I første omgang tek ein sikte på å etablere to slike senter, men det kan vere aktuelt å auke talet til fem. Noreg, ved Utanriksdepartementet, yter finansiell støtte.

11.2.6 Arbeid mot fattigdom

11.2.6.1 Gjeldsinitiativet

Det internasjonale samfunnet innsåg på midten av 1990-talet at gjeldsbyrda for mange fattige land ikkje var til å leve med. IMF og Verdsbanken lanserte derfor i 1996 eit felles initiativ for å redusere gjelda til eit nivå som kunne handterast (Initiative for Heavily Indebted Poor Countries, HIPC). Initiativet skal tryggje utviklinga i fattige, gjeldstungde land ved at gjelda skal bringast ned til eit nivå som gjer det mogleg for desse landa å betale ho gjennom eksportinntekter, utviklingshjelp og kapitalinngang frå utlandet og samstundes styrkje satsinga på helse, utdanning og andre tiltak for å redusere fattigdommen.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har sterkt støtta gjeldsinitiativet, men har lagt vekt på at auka tempo i framdrifta ikkje skal gå ut over eigeninnsatsen landa yter i form av tilpassing for å oppnå reduksjon av fattigdom.

Ved utgangen av juli 2002 hadde 26 land kvalifisert seg for gjeldsinitiativet (gjennomført første fase av tilpassinga). Innsatsen frå IMF, Verdsbanken og andre multilaterale kreditorar i kombinasjon med tradisjonell gjeldslette frå bilateralt hald, kjem til å redusere den nominelle gjelda med om lag 40 milliardar USD, rekna i noverditermar, eller om lag to tredelar. Gjeldsletta inneber innsparingar i budsjettet som kan nyttast til investeringar mellom anna innanfor helse og utdanning. 12 land har så langt ikkje kvalifisert seg. Seks av dei 26 landa har så langt nådd sluttstadiet under gjeldsinitiativet. Nedgangen i verdsøkonomien har svekt utsiktene til vekst og eksport for dei gjeldstungde landa. Reglane under HIPC-ordninga opnar for auka midlar til gjeldslette dersom det oppstår ei vesentleg forverring i den økonomiske situasjonen i eit land, utan at landet kan gjere noko med årsaka.

11.2.6.2 Strategiar for reduksjon av fattigdom (PRSP-prosessen) og anna arbeid mot fattigdom

IMF omdanna i 1999 strukturtilpassingsordninga (ESAF) til ei låneordning som i sterkare grad legg vekt på å redusere fattigdom og fremme økonomisk vekst. «Poverty Reduction and Growth Facility» (PRGF) med låg, subsidiert rente har blitt eit sentralt verkemiddel for IMF. Renta er 0,5 prosent.

Det har blitt nødvendig for IMF å følge nøye med på korleis endringar i den økonomiske utviklinga internasjonalt verkar inn på finansieringsbehova under ordninga (lån og subsidiar). Spørsmålet er mellom anna kva konsekvensar den internasjonale økonomiske nedgangen har hatt.

Utrekningar frå IMF-staben tyder på at det kan bli behov for auka midlar dersom den noverande høge etterspørselen etter PRGF-lån held fram. Det same gjeld om det skulle oppstå større uføresette endringar i gjeldssituasjonen for landa, slik at det blir nødvendig med høgare finansiering av gjeldsletta ved avslutningstidspunktet for HIPC-ordninga. Nye midlar vil også bli nødvendig dersom landa som har restansar til IMF, særleg Sudan, skulle kvalifisere seg til restanseavviklingsordninga og få eit PRGF-lån. Det same gjeld om fleire land skulle arbeide seg ut av konfliktsituasjonane sine og kvalifisere til lån under PRGF.

IMF vurderte PRGF-ordninga i mars. Styret konkluderte med at mykje er oppnådd ved om-danninga av ordninga. Det er for tidleg å seie noko om den direkte verknaden omdanninga av ordninga har hatt på fattigdomsarbeidet. Vektleggjinga av fattigdomsreduserande og vekstfremmande tiltak er auka. Ein tek i større grad omsyn til sosiale verknader av omlegginga av den økonomiske politikken i medlemslanda. Det er gjort framgang i retning av å forenkle og effektivisere strukturell kondisjonaltet og dermed styrkje utviklingslanda sin eigarskap til tilpassingsprosessen. Ein har også etablert ei betre avklaring av arbeidsdelinga mellom IMF og Verdsbanken. Likevel er det fleire forhold som står att. Mellom anna er det rom for ein breiare diskusjon mellom IMF og styresmakterne om alternative utformingar av den økonomiske politikken. Det er vidare behov for å vere meir open om innhaldet i programma.

For å få lån under PRGF-ordninga må landet sjølv utforme ein særskild strategi for å redusere fattigdom og fremme økonomisk vekst. Strategiane blir nedfelte i eigne dokument (Poverty Reduc-

tion Strategy Papers, PRSP). Strategien skal bli til i nært samarbeid med det sivile samfunnet (interesseorganisasjonar, partane i arbeidslivet osv.), donorar og internasjonale organisasjonar. Formålet er å styrkje eigarskapen landa har til tiltaka som skal nedkjempe fattigdom. Landa skal årleg leggje fram ein framstegsrapport og kvart tredje år ajourføre eller revidere strategien.

IMF sitt styre vurderte i september 2002 PRSP-prosessen. PRSP har ført til ein styrkt eigarskap hos styresmaktene, ein meir open dialog med det sivile samfunnet og generelt ei meir markert rolle for fattigdomsnedkjemping i den økonomiske politikken. Framgangen har likevel ikkje vore like stor i alle PRSP-landa. Dette kjem ikkje minst av at den institusjonelle kapasiteten til å setje i verk strategien varierer sterkt frå land til land. IMF vil derfor styrkje den tekniske assistansen på dette området. IMF treng òg å styrkje si eiga innsikt om verknadene ulike tiltak har på fattigdom og sosiale tilhøve.

Fram til utgangen av august 2002 var det i alt 48 land som hadde utarbeidd PRSP-dokument, anten i form av eit mellombels dokument eller eit fullstendig og godt spesifisert program.

11.3 Ressursar og samarbeidspartnarar

11.3.1 Tilgangen på finansielle ressursar

11.3.1.1 Generelt

Ressursane til IMF er for det meste midlar som medlemslanda har betalt inn i samband med tilde-ling av kvotar. Kapitalen, eller kvotane, som medlemslanda har skote inn, er hovudsakleg rekna ut frå den økonomiske storleiken deira.

Dei samla ressursane til IMF ved utgangen av juni 2002 utgjorde 218 milliardar SDR (Special Drawing Rights) (om lag 2175 milliardar kroner²). Av dette beløpet var vel halvparten rekna som ikkje tilgjengeleg. Det var hovudsakleg midlar frå land som anten er på IMF-program (og som derfor per definisjon har ein svak utanriksøkonomisk situasjon), eller land som blir vurderte å ha ein svak ekstern balanse. Fråtrekt ein nødvendig arbeidsbalanse og allereie lova beløp stod det att om lag 67 milliardar SDR som kan nyttast til nye utlån.

IMF har òg to spesielle ordningar der somme medlemsland har lova å gi organisasjonen kortsiktige lån for å styrkje likviditeten i fondet i krisesituasjonar. Ordningane sikrar at IMF i tillegg kan mobilisere 34 milliardar SDR. NAB-ordninga (New Arrangements to Borrow) blei etablert i 1998 med

² 1 SDR = 9,98 NOK den 12. september 2002.

ei løpetid på fem år. IMF's styre må i løpet av november i år fatte vedtak om ordninga skal fornyast.

11.3.1.2 Kvotar

Det er kvoten eit medlemsland har, som avgjer den finansielle tilknytninga til IMF³. Kvoten set ramma for kor mykje landet sjølv kan låne i IMF dersom det kjem i betalingsvanskar, og kor mykje valuta eit land må stille til rådvelde når andre land får slike vanskar. Røystevekta eit medlemsland har i dei styrande organa i IMF, er òg definert av kvoten. Både bruttonasjonalproduktet i eit land, utanrikshandelen, valutareservane og variasjonar i eksporten og importen er med på å avgjere kor stor kvote eit land får. Det har den seinare tida også blitt drøfta om ein skal innarbeide ein kapitalbalansekomponent som uttrykk for kor open økonomien er i finansiell samanheng.

Det er naturleg nok stor usemje i styret om vektinga av dei enkelte variablane. Det ser likevel ut til å vere fleirtal for å gi bruttonasjonalproduktet og dermed kreditorinteressene i IMF størst vekt. Sidan utviklingslanda ikkje kjem så godt ut ved nokon av dei aktuelle formlane, har det oppstått ein debatt om tiltak for å styrkje deira representasjon i styret. Blant dei løysingane som har fått mest merksemd, er å auke stemmevekta deira ved å tildele kvart av medlemslanda auka basisstemmer. Dette er stemmer som kvart medlemsland får til delt, uavhengig av kvoten deira i IMF.

Valkrinsen vår har gått inn for at bruttonasjonalprodukt skal ha størst vekt, men har som opne økonomiar understreka at det er viktig å leggja stor vekt på kor open ein økonomi er overfor omverda. Valutareservar bør framleis inngå i formelen. Valkrinsen har stilt seg open til spørsmålet om å gjere basisstemmene viktigare.

I samsvar med vedtektene i IMF går ein gjennom behovet for justeringar av den samla kvotesforleiken kvart femte år. Det blir kravd 85 prosent majoritet i styret og samtykke frå minst 60 prosent av medlemslanda for at kvotane skal kunne endrast. Den neste vurderinga – den tolvte i rekkja – skal gjennomførast hausten 2002.

Styrediskusjonen er i den innleiande fasen. Frå somme er det blitt hevda at den auka innsatsen IMF har i krisehandtering, tilseier at fondsressursane må aukast. Globaliseringa har gjort landa

meir utsette i høve til eksterne økonomiske sjokk og finansielle kriser. Smitterisikoen mellom land er auka. Risikoen for den internasjonale finansielle stabiliteten er blitt forsterka. Auka ressursar vil dermed styrkje IMF's truverde.

Andre har meint at ressursituasjonen i utgangspunktet er svært god. Talet på land med tilgjengelege ressursar har auka. Det gjer at IMF meir effektivt kan utnytte eksisterande ressursbase. IMF har styrkt den preventive rolla si gjennom overvakingspolitikken, noko som isolert sett kan tilseie redusert behov for assistanse frå organisasjonen.

Valkrinsen vår har vore noko usikker på behovet for ein ressursauke no. Krinsen har likevel stilt seg open til vidare vurderingar av saka. Majoriteten av dei industrialiserte landa, med unntak av Japan, ser i varierende grad ut til å vere skeptisk til ein kvoteauke. Blant desse har USA vore mest negativ. Utviklingslanda er derimot positive. Dette gjer det vidare arbeidet med desse spørsmåla noko usikkert.

11.3.1.3 Spesielle trekkrettar

Under årsmøtet i 1997 vedtok Guvernørrådet i IMF ei eingongstildeling av SDR som alle medlemslanda skulle få, men som i første rekkje var retta mot dei nye medlemslanda i IMF.⁴ Tildelinga krev ei endring av IMF's statuttar. Artikkelen dring tek ikkje til å gjelde før 60 prosent av medlemslanda (110 land) med ei stemmevekt på 85 prosent har godkjent ho. I midten av august 2002 hadde 121 medlemsland med 73,34 prosent av stemmevekta godteke endringa. USA med ei stemmevekt på 17,1 prosent har ikkje godteke endringa.

11.3.2 Bruken av ressursane

11.3.2.1 Samla utlån

Ved utgangen av finansåret 2001/02 (30. april) hadde IMF uteståande lån på 52,2 milliardar SDR (om lag 520 milliardar norske kroner). Av dette var 28,6 milliardar SDR lån under Stand-By Arrangement-ordninga, 5,9 milliardar SDR lån under Supplemental Reserve Facility, medan 15,5 milliardar var lån under Extended Fund Facility og 2,0 milliardar lån under dei andre ordningane. I tillegg kom 6,5 milliardar SDR i lån under PRGF-ordninga.

Utlåna er i aukande grad samla om nokre få land. Eksepsjonelt store lån er gjeve til land som har fått vanskar med kapitalbalansen. Dette gjeld særleg Argentina, Brasil og Tyrkia.

³ Kvart medlemsland yter eit innskott i IMF som er lik kvoten landet har.

⁴ Spesielle trekkrettar er eit instrumentet IMF kan nytta for å tilføre internasjonal likviditet.

11.3.2.2 Restanseproblematikken

Uteståande restansar utgjorde ved utgangen av august 2002 1,9 milliardar SDR. Tre land står for hovudparten av restansane, nemleg Liberia, Somalia og Sudan. Sudan er landet med dei største restansane. Etter å ha ført ein uansvarleg økonomisk politikk over mange år samarbeider landet no nært med IMF for å kvalifisere seg til fondets ordning for avvikling av restansar. Avvikling av restansar er ein føresetnad for gjeldslette under HIPC-ordninga.

Noreg og valkrinsen har sett det som svært viktig at problem i samband med restansar blir takla på ein effektiv måte, ettersom restansar er ei undergraving av det finansielle grunnlaget til organisasjonen.

11.3.3 Samarbeid med andre organisasjonar

Ein konferanse i regi av dei sameinte nasjonane (FN) om finansiering av utvikling (Financing for Development) blei arrangert i mars 2002. IMF, Verdsbanken og Verdas Handelsorganisasjon (WTO) deltok i førebuingane. Sluttdokumentet frå konferansen slo fast at nedkjemping av fattigdom føreset at låginntektsland hjelper seg sjølv med å føre ein sunn og god økonomisk politikk, styrkje institusjonane sine og styringssettet sitt. Det internasjonale samfunnet kan yte auka utviklingshjelp og opne marknadene sine for produkta deira. PRSP-prosessen og PRGF-ordninga er viktige instrument for å redusere fattigdommen. Det var brei semje om at konferansen har vore med på å styrkje det internasjonale søkjelyset på utviklingsutfordringane og oppnåing av målsetjinga om å halvere talet på fattige innan 2015.

11.4 Særskilde forhold som gjeld Noreg

11.4.1 Deltaking i PRGF

Noregs Bank har inngått låneavtalar med IMF om å finansiere ein del av kapitaldelen av PRGF-låneordninga, jf. omtale under avsnitt 11.2.6.2. Sentralbanken har ytt eit kapitalinnskot på til saman 150 millionar SDR (90 millionar SDR i 1988 og 60 millionar SDR i 1994). Det svarar til 0,95 prosent av innskota, medan Noreg sin del av dei samla kvotane i IMF er 0,79 prosent. Kapitalmidlane blir betalte tilbake til Noregs Bank i takt med at låntakarane

betaler ned lånet til IMF. Av det første kapitalinnskotet blei heile beløpet trekt før 31. desember 1997. Uteståande beløp per juli 2002 var redusert til 35,6 millionar SDR. Av den andre transjen på 60 millionar SDR var heile beløpet trekt per april 2001. I tillegg har Utanriksdepartementet over bistandsbudsjettet løyvd til saman 379 millionar kroner til subsidieringa av renta på lån under ordninga.

11.4.2 Artikkel IV-konsultasjon

IMF gjennomfører årleg ei vurdering av norsk økonomi. Den såkalla artikkel IV-konsultasjonen blir gjennomført ved at ein delegasjon frå IMF har møte med Finansdepartementet, Noregs Bank, andre offentlege styresmakter og representantar for partane i arbeidslivet, academia og den finansielle sektoren.

Noreg har samtykt i at rapportane som blir utarbeidde i samband med artikkel IV-konsultasjon, kan offentliggjeras. Det gjeld både den mellombels vurderinga som delegasjonen skriv ved avslutninga av konsultasjonen i Noreg, og den langt meir omfattande stabsrapporten som ligg til grunn for diskusjonen i styret.

Den siste artikkel IV-konsultasjonen blei gjennomført i månadsskiftet november-desember 2001. Dei mellombels vurderingane blei lagt fram 6. desember 2001. Stabsrapporten blei diskutert i IMF-styret 1. mars 2002. Rapporten og ei oppsummering av styret sine vurderingar (Public Information Notice, PIN) blei offentliggjorde 7. mars.

Det er planlagt at den neste artikkel IV-konsultasjonen skal gjennomførast i desember 2002. Etter ønske frå IMF blir han gjennomført etter ein forenkla prosedyre som i første rekkje inneber ein mindre omfattande rapport og diskusjon i styret. Sjølv konsultasjonen med norske styresmakter og institusjonar med den tilhøyrande mellombels vurderinga til delegasjonen vil vere om lag som tidlegare. Både Finland og Sverige har gjennomført artikkel IV-konsultasjon etter desse prosedyrane.

Finansdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Finansdepartementet av 18. oktober 2002 om Kredittmeldinga 2001 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Saker behandla av Finansdepartementet i 2001 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover**

Oversikta gir opplysning om søkjar, vedtak, heimel, dato saksnummer og om det er stilt vilkår. Oversikta er ikkje fullstendig. Det er mellom anna ikkje teke med vedtak om oppnemning til råd og verv, innsyn i dokument, fritak frå teieplikt o.a.

Forkortingar:

finl. – lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner

forsl. – lov 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet

spbl. – lov 24. mai 1961 nr. 1 om sparebanker

fbl. – lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker

ktl. – lov 7. desember 1956 om tilsynet for kredittinstitusjoner, forsikringsselskaper og verdipapirhandel m.v. (kreditttilsynslova)

vphl. – lov 19. juni 1997 nr. 79 om verdipapirhandel

fv. – lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

asl. – lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova)

asal. – lov 13. juni 1997 nr. 45 om allmennaksjeselskaper (allmennaksjelova)

rskl. – lov 17. juli 1988 nr. 56 om årsregnskap (rekneskapslova)

Løyve til å drive bank og endring av vilkår**Kor mange: 3**

26.01.2001 – 00/4346

ACTA Bank ASA – Løyve til at ACTA Bank ASA kan drive bankverksemd som forretningsbank. Løyve til at ACTA Holding ASA kan vere morselskap i finanskonsern. Løyve til at ACTA Holding ASA kan eige alle aksjar i ACTA Bank ASA, ACTA Sundal Collier ASA og ACTA Asset Management ASA. Godkjenning av organiseringa av ACTA-konsernet. Vilkår.

Heimel: fbl. § 8 (1), finvl. §§ 2a-3 (1), 2a-3 (2), 2a-6 (2).

09.02.2001 – 00/4346

ACTA Holding ASA – Vedtak om endring av vilkår om offentlig spreingssal for å ta i bruk løyve til å drive bankverksemd.

Heimel: fbl. § 8.

07.12.2001 – 01/2657

Landkreditt – Omgjering av vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane. Godkjenning av konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-2 (2) og § 2a-6 (2), fv. § 33 og § 35

Løyve til å drive forsikringsverksemd og endring av vilkår**Kor mange: 7**

13.03.2001 – 00/5696

ACTA-konsernet – Løyve til at ACTA Fondsforsikring ASA kan drive forsikringsverksemd. Løyve til at ACTA Holding ASA kan eige alle aksjar i ACTA Fondsforsikring ASA. Godkjenning av endring av organiseringa av ACTA-konsernet. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1, finvl. § 2a-3 (2), § 2a-7 (2)

16.03.2001 – 00/5666

Nordenfjelske Livsforsikring AS – Løyve til å drive forsikringsverksemd for Nordenfjelske Livsforsikring AS, med det nye namnet Nordenfjelske Personforsikring AS. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1.

30.03.2001 – 01/575

Dyno Nobel ASA – Løyve til å drive forsikringsverksemd, skadeforsikring og gjenforsikring innanfor all skadeforsikring bortsett frå klasse 14 kredittforsikring og klasse 15 kausjonsforsikring for Forsikringsselskapet Eksplosionsskade AS. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2-1.

30.08.2001 – 01/1294

Prosjekt Fondsforsikring AS – Løyve til å drive livsforsikringsverksemd med investeringsval (klasse III). Vilkår.

Heimel: forsl § 2–1.

30.08.2001 – 01/2055

Bluewater Insurance ASA – Løyve til å etablere nytt forsikringselskap innanfor sjø- og transport-forsikring. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2–1.

30.08.2001 – 01/555

NSB BA – Løyve til å etablere forsikrings-selskapet NSB Forsikring AS. Dispensasjon frå ei-garavgrensingsreglane. Vilkår.

Heimel: forsl. § 2–1 og finl. § 2 – 2

13.12.2001 – 01/3073

Norsk Landbrukssamvirke – Løyve til Land-bruksforsikring AS til å drive forsikringsverksemd i alle skadebransjar.

Heimel: forsl. § 2–1, § 1–2 (3), § 13–8 jf. § 5–1 (1)

Løyve til å drive finansieringsverksemd og endring av vilkår

Kor mange: 9

13.03.2001 – 00/4631

Rubik AS – Løyve til å drive finansieringsverksemd som består i finansiell leasing og avbetaling til kundar av selskapet i konsernet. Dispensasjon frå finansieringsverksemdslova sine reglar for den verksemda som er omtala i søknaden. Vilkår.

Heimel: finvl. § 3–3 (1), § 1–3 (2)

20.08.2001 – 99/5454

NetCom GSM AS – Utviding av løyve og dispensasjon til også å gjelde fakturering av digitale tenester/innhald ytt over Internett. Vilkår.

Heimel: finl. § 1–3(2) og § 3–3

21.08.2001 – 01/2408

Vivectra AS – Delvis godkjenning av søknad om løyve til å drive finansieringsverksemd. Vilkår.

Heimel: finl. § 3–3(1) og § 1–3(2)

30.08.2001 – 01/89

Telenor ASA – Løyve til å drive finansieringsverksemd med dispensasjon frå dei andre reglane i lova. Vilkår.

Heimel: finl. § 3–3, § 1–3 (2)

11.10.2001 – 01/2433

Telenor ASA – Vedtak om forlengd og utvida dispensasjon frå finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 1–3 (2) og § 3–3 (4)

11.10.2001 – 01/3647

E-Trade Technology as – Løyve til å drive finansieringsverksemd med dispensasjon frå dei fleste av reglane i finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 3–3 (1) og § 1–3 (2)

18.10.2001 – 00/2610

USBL – Avslag på søknad om unntak frå ei rekkje reglar i finansieringsverksemdslova.

Heimel: finl. § 1–3 (2)

08.11.2001 – 01/3906

Contopronto AS – Løyve til å drive finansieringsverksemd med dispensasjon frå dei fleste av reglane i finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 3–3 (1) og § 1–3 (2)

20.12.2001 – 01/4334

subClearing – Løyve til å drive finansieringsverksemd med dispensasjon frå dei fleste av reglane i finansieringsverksemdslova.

Heimel: finl. § 3–3 (1) og 1–3 (2)

Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane

Kor mange: 1

18.10.2001 – 01/2657

Landkreditt – Avslag på søknad om dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane ved etablering av forretningsbank.

Heimel: finvl. § 2–2 (2)

Fusjon mellom finansinstitusjonar

Kor mange: 1

22.08.2001 – 01/3268

Terra-Gruppen AS – Løyve til fusjon mellom Terra-Gruppen AS og Eika-Kort AS.

Heimel: finl. § 2a-14 og § 2a-7 (2).

Vedtak i samband med finanskonsernreglane

Kor mange: 1

15.08.2001 – 01/2097

Carnegie Asset Management Holding Norge AS – Vedtak om å gi Carnegie Asset Management Holding Norge AS konsesjon som morselskap i finanskonsern, løyve til å drive forsikringsverksemd til Carnegie Fondsforsikring ASA, løyve til Carnegie Asset Management Holding Norge AS om å etablere dotterselskapet Carnegie Fondsforsikring ASA m.v. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3 (1) og (2), § 2a-6 (2), § 2a-7 og forsl. § 2–1

Samarbeidsavtalar mellom finansinstitusjonar

Kor mange: 1

05.02.2001 – 00/4749

Ivar Sagbakken jr. ofl. – Godkjenning av søknad om samarbeidsavtale mellom Christiania Bank og Kredittkasse ASA og Adirekta AS. Vilkår.

Heimel: finvl. § 2–7 (1).

Oppretting av filial og dotterselskap i utlandet

Kor mange: 2

09.01.2001 – 99/2188

Storebrand ASA – Løyve til at Storebrand ASA kan eige inntil 44 pst. av aksjane og stemme for inntil 50 pst. av stemmene i If Skadeforsikring Holding AB. Godkjenning av endringar i organiseringa av Storebrand-konsernet. Vilkår.

Heimel: finl. §§ 2a-3 (4), 2a-7 (2).

31.08.2001 – 01/3555

Storebrand ASA – Løyve til at Storebrand Kapitalforvaltning Holding AS kan etablere Storebrand Private Equity AB som fullt ut ått dotterselskap i Sverige.

Heimel: finl. § 2a-3 og § 2a-7

Overdraging av verksemd

Kor mange: 1

06.07.2001 – 99/5063

Bergensbanken ASA – Løyve til avvikling av bankverksemda i Bergensbanken ASA og overfø-

ring til Svenska Handelsbanken AB ved filialen deira i Noreg. Vilkår.

Heimel: fbl. § 31

Unntak frå kapitaldekningskrav o.a.

Kor mange: 3

13.07.2001 – 01/2343

Gerling Nordic Kredittforsikring AS – Mellombels dispensasjon frå minstekravet til tryggingsavsetnader. Vilkår.

Heimel: forskrift 10.05 1991 nr. 310 § 10.

13.08.2001 – 98/974

InnovasjonsMarkedet ASA – Tidsavgrensa dispensasjon frå krav om kapitaldekning. Vilkår.

Heimel: vphl. § 8–10.

04.09.2001 – 99/4122

Fiskernes Gjensidige Trygdslag – Tidsavgrensa dispensasjon frå minstekravet til ansvarleg kapital og løyve til å ta opp ansvarleg lån og godkjenning av den konvertible delen av lånet som kjernekapital. Vilkår.

Heimel: forsl. § 7–3 (3) og § 3–7

Vedtak i samband med styre, kontrollkomitear o.a.

Kor mange: 2

01.02.2001 – 01/287

Tingvoll Sparebank – Godkjenning av vedtak om samanslutning mellom Øksendal Sparebank og Tingvoll Sparebank. Vilkår.

Heimel: spbl. § 47 (1), § 5.

29.06.2001 – 00/2830

Fondsforsikringsselskapet Vesta Link AS – Vedtak om å gi medhald for søknad om unntak frå forsikringsverksemdlova § 5–1 (1) slik at Trygve Bruvik kan vere styreformann i selskapet. Vilkår om tidsavgrensing.

Heimel: forsl. § 5–1 (1)

Vedtak i samband med verdipapirhandel

Kor mange: 3

28.02.2001 – 01/285

NordNet Norge – Løyve for NordNet Norge til å vere kontoførar i Verdipapirsentralen.

Heimel: vpsl. § 3–1 (2) h)

14.09.2001 – 01/3633

Danske Securities ASA – Løyve til å vere kontoførar i VPS.

Heimel: vpsl. § 3–1 (2)

23.11.2001 – 01/1490

Nordika Asset Management ASA/Ole Henrik Eide – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå verdipapirhandellova § 8–4.

Heimel: vphl. § 8–4 (2)

Andre vedtak

Kor mange: 66

14.02.2001 – 00/4738

Oslo Børs – Løyve for Oslo Børs til å eige aksjar for 2 millionar DKK i Nordic Exchange AS.

Heimel: børslova (1988) § 5–5 (1).

12.03.2001 – 00/1799

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om autorisasjon som rekneskapsførar.

Heimel: rekneskapsførarlova § 1 (1)

19.03.2001 – 00/261

Jarle Bergo – Dispensasjon frå forbodet mot at sentralbanksjef og visesentralbanksjef kan ha styreverv i private bedrifter. Vilkår.

Heimel: forskrift 25. oktober 1085 nr. 3929 § 1 siste ledd.

03.04.2001 – 99/6256

Norsk Luthersk Misjonssamband – Avslag på søknad om dispensasjon frå konsolideringskravet i rekneskapslova.

Heimel: rekneskapslova § 3–2 (3).

04.04.2001 – 00/3106

Kredittilsynet – Godkjenning av endring av utlikninga for 1999 for rekneskapsførarar.

Heimel: ktl. § 9 (2).

05.04.2001 – 98/5913

Sparebankenes sikringsfond – Godkjenning av søknad om vedtektsendringar.

Heimel: banksikringslova § 2–4 (3).

23.04.2001 – 00/5163

Oslo Børs – Dispensasjon til å eige aksjar i Oslo Børs ASA i tillegg til aksjar i Oslo Børs Holding ASA for den sjøelveigande institusjonen Oslo Børs. Vilkår.

Heimel: «lov 17. juni 1988 nr. 57 om verdipapirbørs» § 5–5 (1), børsl. § 4–1 (1).

28.06.2001 – 01/2299

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om autorisasjon som rekneskapsførar.

Heimel: rekneskapsførarlova § 1 (2).

29.06.2001 – 01/816

Capitol AS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Investeringselskapet Capitol AS.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/5639

IT Fornebu AS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet IT Fornebu Technology Stian Andreassen.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 01/1089

Bryggen Translatørbyrå AS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Bryggen Tolketjeneste – Translatørbyrå – Guide Service Maria Chica Lyngmyr.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/3472

Eagle Golf DA – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Cebe Eagle Golf Christer Bengtsson.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/5514

Bailine Scandinavia AS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Bailine DA.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/3260

Privatperson – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Gambler no Jo Bjørnstad.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 01/2485

Fram Ungdomslag – Avslag på klage over Brønnøysundregistra sitt vedtak om at Ungdomslaget Fram ikkje lenger skal vere registrert i Einingsregisteret.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/5515

Sportssiden ANS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Sportssiden.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/5182

Webhuset AS – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje å registrere firmaet Web-Huset Kjetil Kulstad.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

29.06.2001 – 00/889

Veinemda for Rochiveien / Rochigeainnu l vdegoddi – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje   registrere eininga med korrekte samiske spesialteikn.

Heimel: samelova § 1–5.

29.06.2001 – 01/2465

Aut. Regnskapsf rerselskap Sandnes & Se-numstad AS – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte registrering og ny innehavar i enkeltmannsforetaket Gullis Gartneri Gunnar Gulli.

Heimel: selskapslova §§ 2–8 til 2–18 og § 2–27

02.07.2001 – 01/2659

Soci t  Europ enne de T l transmissions Sportives SA – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om ikkje   registrere Euro Sport Liv Trevland.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

02.07.2001 – 00/4761

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte registrering av Ben-sinpriser Online Glimsj .

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

02.07.2001 – 00/3095

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte   registrere Yrkesbil Olav Hvalbye Berle.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

02.07.2001 – 00/3222

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte registrering av foretaket Knowit Oscar Scharning.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

02.07.2001 – 00/5489

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte registrering av Demonstration of Superiority.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

02.07.2001 – 00/3120

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte registrering av Ski-club of Norway Franz Della-Mea.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

02.07.2001 – 00/3343

Privatperson – Avslag p  klage over Einingsregisteret sitt vedtak om   nekte   registrere Young & Strong Beata Ch. Reppen.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret § 9.

09.07.2001 – 00/5373

Privatperson – Avslag p  klage over Kredittilsynet sitt avslag p  s knad om autorisasjon og dispensasjon fr  kravet om autorisasjon som rekneskapsf rar.

Heimel: rekneskapsf rarlova § 1.

09.07.2001 – 00/4316

Privatperson – Avslag p  klage over Kredittilsynet sitt avslag p  s knad om autorisasjon som rekneskapsf rar.

Heimel: rekneskapsf rarlova § 1 (1).

09.07.2001 – 00/5265

Privatperson – Avslag p  klage over Kredittilsynet sitt avslag p  s knad om autorisasjon som rekneskapsf rar.

Heimel: rekneskapsf rarlova § 1 (1).

09.07.2001 – 00/5302

Privatperson – Avslag p  klage over Kredittilsynet sitt avslag p  s knad om autorisasjon som rekneskapsf rar.

Heimel: rekneskapsf rarlova § 1 (1).

09.07.2001 – 01/1071

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1 (2).

09.07.2001 – 00/4032

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1 (2).

09.07.2001 – 01/976

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova. § 1 (2).

09.07.2001 – 00/4472

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå kravet om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1 (2).

23.07.2001 – 00/1545

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om avvising av klage over avslag på søknad om autorisasjon og søknad om dispensasjon frå krav om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1, fvl. § 31 og § 35.

15.08.2001 – 00/1710

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om forlengd overgangsperiode for krav om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførarforskrifta § 7–1

15.08.2001 – 00/5633

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1 (1).

27.08.2001 – 00/4826

Privatperson – Medhald i klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om autorisasjon som rekneskapsfører.

Heimel: rekneskapsførerlova § 1 (1).

28.08.2001 – 01/541

StepStone ASA – Avslag på klage over Skattedirektoratet sitt avslag på søknad om StepStone ASA kan avleggje årsrekneskap på engelsk.

Heimel: rskl. § 3–4.

28.08.2001 – 01/2407

Chic Keramikk AS – Avslag på klage over vedtak om oppgåveplikt til Statistisk Sentralbyrå.

Heimel: statistikklova § 2–2.

11.10.2001 – 01/3709

Privatperson – Avslag på søknad om fritak frå plikt til revisjon av registrert revisor.

Heimel: revisorlova § 2–2.

18.10.2001 – 01/3329

Krossbu Turiststasjon – Medhald i klage over Statistisk Sentralbyrå sitt vedtak om avvising på grunnlag av for sein framsetjing. Opppreisning.

Heimel: fvl. § 31, statistikklova § 2–2

23.11.2001 – 00/5577

NCH Norge AS – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om avvikande rekneskapsår.

Heimel: rskl. § 1–7.

07.12.2001 – 01/4333

Forex AB – Avslag på klage over Noregs Bank sitt avslag på søknad om unntak frå valutaforskrifta.

Heimel: forskrift 27.6.1990 nr. 595 om valuta-regulering § 18–2

07.12.2001 – 99/4460

Skiforeningen – Omgjering av vedtak om avslag på søknad om avvikande rekneskapsår.

Heimel: rskl. § 1–7, fvl. § 35.

12.12.2001 – 01/4139

Storebrand Livsforsikring AS – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om dispensasjon frå reglane i føretakspensjonslova om medlemskap eller eventuelt konvertering av tenestepensjonsforsikring til kollektiv livrenteforsikring.

Heimel: føretakspensjonslova og forskrift 27. november 1991 om rett til overføring av oppsamla midlar knytte til kollektiv eller individuell livs- eller pensjonsforsikring.

12.12.2001 – 01/3618

Privatperson – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å nekte å registrere foretaket Brandsfjell Motor.

Heimel: forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personar i Einingsregisteret.

12.12.2001 – 99/5589

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som registrert revisor.

Heimel: revisorlova (1964) § 14 (3)

12.12.2001 – 99/6121

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 3–5.

12.12.2001 – 99/5785

Østfold Kommunerevisjon – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 3–5.

12.12.2001 – 99/5784

Borre Revisjonsdistrikt – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 3–5.

12.12.2001 – 99/5783

Tønsberg Revisjonsdistrikt – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 3–5.

12.12.2001 – 99/5786

Nedre Telemark Kommunerevisjon – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt avslag på søknad om godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 3–5.

12.12.2001 – 98/4260

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som revisjonsselskap.

Heimel: revisorlova § 9–1 (2).

12.12.2001 – 99/5223

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som statsautorisert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

12.12.2001 – 00/5342

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som registrert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

12.12.2001 – 00/5348

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som registrert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

12.12.2001 – 00/5346

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som registrert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

12.12.2001 – 00/5349

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som statsautorisert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

12.12.2001 – 98/4260

Privatperson – Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å tilbakekalle godkjenning som registrert revisor.

Heimel: revisorlova § 9–1 (3).

14.12.2001 – 01/3805

Bedriftsforbundet – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å registrere foretaket Småbedriftsforbundet.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

17.12.2001 – 01/4850

Sosialdemokratene – Avslag på klage over Einingsregisteret sitt vedtak om å registrere Sosialdemokratene.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

17.12.2001 – 01/4425

Magnet Media Per Harald Strøm – Avslag på klage over Einingsregisteret si registrering av Magnet Media Synne Skjulstad.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

18.12.2001 – 01/4692

Norsk KontantSERVICE AS – Dispensasjon frå valutaforskrifta til å drive handelsomsetning av utanlandske betalingsmiddel.

Heimel: forskrift 27.6.1990 nr. 595 § 18–2 og § 9–1.

20.12.2001 – 01/4590

Pratt & Whitney Norway Engine Center AS – Avslag på klage over Skattedirektoratet sitt vedtak om ikkje å tillate summarisk omrekning av utanlandsk valuta til norske kroner.

Heimel: rskl. (1977) § 4.
